

Toresteinar

Ei undersøking av utbreiinga av eldre gjenstander
av stein, sekundært deponert i jernalderkontekstar i
Vest-Noreg

Kristine Søyland



Masteroppgåve i arkeologi, ved AHKR.

Universitetet i Bergen

Haut 2017

Abstract

In this thesis I have focused on the phenomenon of the deposition and use of the so called “thunderstones” or “thunderbolts” in Skandinavian Iron Age.

The term *thunderstone* or *thunderbolts* mostly represent artifacts of stone originally produced in the stone age or in the bronze age, and secondarily used and/or deposited in the Iron Age, Medieval period or in more modern folkloric context.

Some of the Scandinavian terms for thunderstone is *torestein*, *tordenkil*, *åskvigg* and *torevigg*.

The question I have tried to answer in this study is:

How big is the distribution of artifacts of stone originally made in the stone age or the bronze age, which are consciously secondarily deposited in the time between year zero and 1030 years AD in Iron Age context like house structures and graves in the western part of Norway?

This requires a quantitative survey of the artifacts stored in Universitetsmuseet i Bergen and in Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. Based on the result of the survey and the knowledge already produced around this thunderstones, I wouldt like to discuss the phenomenon theoretically.

The purpose of the thesis is to shed some light one this phenomenon of thunderstones in pre-Christian Scandinavia, and hopefully increase knowledge, and interest for this topic.

Forord

Fyrst ynkjer eg å takke for hjelpa eg fekk ved Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger spesielt av Håkon Reiersen, Ingvild Aarstad Grønbeck og Åsa Karin Elisabet Dahlin Hauken som tålmodig hjalp meg med å finne gjenstandene og sjeldne tilvekstkataloger. Dykk ved Arkeologisk museum fekk meg også til å føle meg velkommen på museet og spesielt rundt lunsjbordet. Også stor takk til fotoavdelingen på AM som framskynna fotografering av S7352, slik at eg fekk bilete av denne spesielle bergartøksa med urnordiske runer på.

Ved Universitetsmuseet i Bergen ynskjer eg å takke Sonja Marie Innselset, Asbjørn Engevik og Tor Arne Waraas som hjalp meg med å sjå nærare på gjenstandene i magasinet, tross travle arbeidsdager grunna soppangrepet i steinaldermagasinet.

Stor takk for høgst nødvendige tekniske råd og hjelp til Angie Johansen, Louise Bjerre Petterse, Ole Fredrik Unhammer og kjæresten min Tore Vik. Tusen takk til Rein Tveit som gav meg nyttig hjelp med rettskriving.

Til slutt stor takk til alle mine fantastiske vener som har holdt humøret mitt oppe.

Innholdsliste

Abstract	2
Forord	3
Tabelliste	5
Figurliste.....	6
1. Innleiing	7
1.1. Gjenstandsgruppa	7
1.2 Problemstilling.....	10
1.3 Tid	11
1.4 Rom	11
1.5 Framgang.....	12
2. Forskningshistorie	13
2.1 Opplysningstida og byrjinga av arkeologifaget	13
2.2 1800-talets arkeologi	14
2.3. 1900-talet.....	15
2.4 Tolkningar av toresteinar funne ved arkeologiske undersøkingar av jernaldergardar og gravar av norske arkeologer på 1900-talet	18
2.5 Amulettar i Anglo-Saxiske gravar.....	22
2.6 Tolkningar av toresteinar ved arkeologiske undersøkingar av mellomalderbyar	23
2.7 Tolkingar etter millenium.....	24
2.8 Populærvitskaplege artikkelar	25
2.9 Konklusjon av forskningshistoria.....	26
3. Historiske kjelder og folkloriske førestellinga	27
3.1 Klassiske kjelder.....	27
3.2 Lapidarier.....	28
3.3 Norrøne litteratur.....	28
3.4 Folklorisk førestellingar	30
3.5 Potensielle toresteinar i tilvekstkatalogane funne i etterreformatoriske kontekstar	37
3.6 Oppsummering av historiske kjelder og folkloriske førestellingar	40
4. Metode for gjennomgang av empiri	41
4.1 Metodisk innfallsvinkel.....	41
4.2. Praktisk fangangsmåte	43
5. Empirisk materiale	45
5.1 Innsamlinga av det empiriske materialet.....	45

5.2 Statistisk resultat.....	46
5.3 Geografisk fordeling.....	47
5.4 Fordeling i kontekst.....	47
5.4.1 Husstrukturer som kontekst.....	48
5.4.2 Graver som kontekst	50
5.4.3 Runeinnskrift	55
5.5 Runde steinar	56
5.6 Fordeling i tid	57
5.7 Kan ein kople konteksten til kjønn?	58
5.8 Fleire toresteinar til stade i same kontekst?.....	59
5.9 Teikn på medisinsk bruk?.....	61
5.10 Korleis kan me vite at ein gjenstand i flint har blitt brukt som eldflint?.....	61
5.11 Døme på funn i katalogen som ikkje er statistisk analysert	63
5.12 Nokre uvanlege gjenstander frå vestlandet.....	66
6. Andre funn av toresteinar	68
6.1 Andre funn i Noreg.....	68
6.2 Funn frå Sverige.....	71
6.3 Funn frå Danmark.....	72
6.4 Funn frå Estland.....	73
6.5 Funn frå Island.....	73
6.6 Europeiske dømer.....	75
7. Diskusjon.....	76
8. Konklusjon	83
9. Litteraturliste	85

Tabelliste

1 Tabel Gjenstander i folkloriske kontekster.....	38
Tabell 2 Statistisk analyserte gjenstandar	46
Tabell 3 Geografisk utbreiing	47
Tabell 4 Kontekst.....	47
Tabell 5 Kvite runde steinar.....	56
Tabell 6 Fordeling i eldre og yngre jernalder	57
Tabell 7 Fordeling i yngre romersk jernalder, folkevandringstid og vikingtid.....	58
Tabell 8 Kjønn.....	59

Tabell 9 Fleire tresteinar tilstade	60
---	----

Figurliste

Figur 1 S9643 (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger)	48
Figur 2 S7961	49
Figur 3 S7960	49
Figur 4 S4900 q).....	49
Figur 5 B11705.....	49
Figur 6 S4792 ø).....	50
Figur 7 S4792 æ).....	50
Figur 8 B13954 /59	51
Figur 9 B13954 /61	51
Figur 10 B13954 /62	51
Figur 11 B13954 /62	51
Figur 12 S12222 f) (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger)	52
Figur 13 B4284 d)	52
Figur 14 S4788 e).....	53
Figur 15 B8991 t)	53
Figur 16 B8991 u)	53
Figur 17 B11283.....	54
Figur 18 S6185 qq).....	54
Figur 19 S6185 qq).....	54
Figur 20 S7352 (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger)	55
Figur 21 B12828.....	56
Figur 22 Merkjer på eldf Flint.....	62
Figur 23 Merkje på eldf Flint	62
Figur 24 Merkje på eldf Flint	62
Figur 25 Merkje på eldf Flint	62
Figur 26 Merkje på eldf Flint	63
Figur 27 Merkje på eldf Flint	63
Figur 28 B14990 /9	64
Figur 29 B4977 e).....	64
Figur 30 B138995 124)	65
Figur 31 B7003 k).....	66
Figur 32 B10768 n)	67
Figur 33 B10768 n)	67
Figur 34 B4288.....	68
Figur 35 B5060 l).....	69
Figur 36 B5060 l.....	69

Appendix 1	Oversikt over analyserte variablar.....	90
-------------------	--	-----------

Appendix 2	Funnkatalog.....	94
-------------------	-------------------------	-----------

1. Innleiing

Toresteinar, tordenkiler, ceraunia, thunderstons, elfarrows, ukonvaja, donderstenen, donnerkeil, åsksten, torvigg. Funngruppa som eg skal ta for meg eit fenomen som har mange namn og store variasjonar. Desse gjenstandane som innimellom vert kalla *toresteinar* som ofte er gjenstandar av stein orginalt produsert i steinalder og bronsealder, deponert i så mykje yngre kontekstar at den kollektive hukommelsen om kva den primære fynksjonen deira var er forsvunne. Denne gjenstandsgruppa har ikkje fått så mykje merksemd, og blir mange gongar tolka som tilfeldige buplassfunn som med tilfeldigheit har dukka opp i den mykje yngre konteksten. Som me kan sjå i kapittelet om forskningshistoriet, så vert denne gjenstandsgruppa enten ignorert eller nokre få gongar gitt merksemd i vitenskaplege artikklar eller populærvitenskaplege små artikklar som tordenkilar. I følgje forskningshistoria er *toresteinane* i folkloren og hjå lærde i førvitenskaplig tid også kopla til naturforma gjenstander som kvite runde steinar, bergkrystall, forssiliserte kråke boller, belemnitter og større fossiliserte haitenner.

1.1. Gjenstandsgruppa

Eg nyttar strategisk omgrepet *torestein* som ein nynorsk motpart til det danske og bokmålske omgrepet *tordenkil* som mange arkeologar nyttar om denne gjenstandsgruppa. I litteratur nemnt i forskningshistoria er det vert nemnt gjenstander av stein frå steinalderen som i folkloren har blitt blant anna omtalt som *toresteinar* og assosiert med torevêr. På engelsk vert denne gjenstandsgruppa kalla for *thunderstones* eller *thunderbolts*.

Grunna i at oppgåva mi er skreve på nynorsk, og vêrtypen gjenstandsgruppa ofte har blitt assosiert med i ulike kjelder, heitar torevêr på nynorsk, er det mest naturleg for meg å nytte omgrepet *torestein*. Omgrepet *torestein* er å finne i 4. utgåve av Nynorskordboka, der

omgrepet tyder spesielle steinar som i folketrua har blitt assosiert med torevêr (Hovdenak et al., 2006: 1280).

Med å nytte omgrepet *torestein* om gjenstandar av stein frå steinalder og bronsealder funne i kontekstar frå jernalderen, kan det verka som om eg konkluderer at folk i Skandinavia i jernalderen assosierte denne gjenstandsgruppa med torevêr på same måte som nedteikna i kjelder om folketru i historisk tid. Eg kunne ha synt meir eksplisitt at eg ikkje konkluderer at folk i jernalderen hadde førestelningar knytta torevêr knytta når desse *toresteinane* er å finne i jernaldarkontekstar, med å konsekvent omtale denne gjenstandsgruppa som «*gjenstandar av stein frå steinalder og bronsealder funne i så mykje yngre kontekstar at den kollektive hukommelsen knytta til desse har med stor sannsynlighet forsvunne*». Problemet med å omtale desse gjenstandane så langdrygt, ville det ha vore lite praktisk, unødig mykje skrift og slitsomt å lese. Eg kunne og valt å konsekvent omtalt *toresteinane* som «denne gjenstandsgruppa», noko som hadde vore for lite konkret. Ei anna årsak er at omgrep som *tordenkil* og *torestein* har leng blitt nytta i faglitteraturen, og desse omgrepa er korte og praktiske å bruke. Derfor nyttar eg strategisk omgrepet *torestein* gjennom heile studien.

Omgrepet *torestein* vil då tyde:

Gjenstander av stein laga i steinalder eller bronsealde eller som liknar i utsjånad, som er funne i kontekstar så mykje yngre at den kollektive hukommelsen til menneskja i samtida med denne nyare konteksten tvilsom vil ha kunnskap om gjenstandene sin opprinnelege funksjon, og at menneskja i den yngre konteksten si samtid har forholdt seg medviten om desse gjenstandene symbolsk gjennom folketrua si.

Steingjenstandar som eg vil ta for meg for å sjå på utbreiinga av dette fenomenet er: økser, meislar, skraparar, pilspissar, spydspissar, koniske kjerner, og andre «klåre» gjenstander som ikkje ser ut som vanlege steinar. Store fine flekker og avslag, som hadde vore lett få auge på i jorda og som ikkje ser ut som naturforma stein, vil eg også sjå på. Eg kjem ikkje til å fokusere på avslag, og flintbitar, som kan sjå ut som naturdanna steinar eller ser ut som eldflint.

Gjenstandar som er mindre enn om lag 5-4 cm får ikkje merksemd med mindre dei er meget forseggjorte, som til dømes flateretusjerte pilspissar. Kvite runde steinar vil eg ikkje ta for meg, sjølv om dei ofte har vert sett på som *tordenkilar/toreteinar* i folketrua net som eldre tilverka gjenstandar av stein. Likevel vil eg leggje merke til desse kvite runde steinane, viss dei er til stades i same kategori som menneskjeforma *toresteinane*.

Den tilgjengelige litteraturen syner at *toresteinar* er funne i både gravar og hus-strukturar frå jernalderen. Derfor tar eg og føre meg *toresteinar* funne både i grav- og hus-kontekstar.

Det er stor variasjon på korleis *toresteinar* vert omtala, viss den vert omtalt i det heile. For arkeologar som overser dette fenomenet vert kommentert av Eva Thäte og Olle Hemdorff slik «*Dessverre blir slike funn av «ubetydeliger» gjenstander sjeldan rapportert på en tilfredsstillende måte fordi man ikkje har anerkjent verdien av dem som arkeologisk kjelde.*»(Thäte og Hemdorff, 2009: 45)

Peter Carelli forteller at arkeologer ofte vekkforklarer funn av eldre steinaldergjenstander som har havna i mellomalderkontekster (Carelli, 1996: 153).

Bjørn Myhre påstår:

«*Utgraverne har sjelden lagt stor vekt på funn av slike gjenstander i jernalderkontekst; de er vel ofte blitt sett på som tilfeldig oppsamlet av jernalderfolket på eller i nærheten av gården*» (1988: 320).

Det er kanskje lett å innbille seg at folk forholdt seg aktivt kunn til dåtidas produserte materielle kultur, sjølv om det er fleire døme funnforhold der monumentar og gjenstandar vert gjenbrukt? Denne innbillelsen eller forgløymelsen er viktig å utfordre.

I den tilgjengelige litteraturen det denne gjenstansgruppa vert omtalt så dukker det ei hypotese opp igjen mange gonger. Hypotesen går ut på at desse gjenstandane av stein produsert i steinalder eller bronsealder, vart bevist deponert sekundært med bakgrunn i førestellingar i folketrua.

Ei anna hypotese som vert presentert ofte er at *toresteinane* i jernalderen og mellomalderen har blitt assosiert med idear til *torevêr/torden* i folketru og religion, som liknar ideane om *toresteinane* i folkloriske kjelder frå historiske tid og idear til nokon av (førvitenskapelege) opplysningstida og reformasjonens lærde.

Hovedfokuset mitt kjem til å vera på *toresteinar* i form av gjenstander av stein forma i steinalder eller bronsealder, men viss det dukker opp kvite runde steinar, bergkrystall eller andre spesielle gjenstander som er i folkloren koplta til idear rundt *torden*, så vil dette få merksemd. Når dei har hatt like idear koplta til seg i seinare tid så kan nærværet av desse naturforma *tordenkilane* som dei menneskjeskapte *tordenkilane* i folkloren, så kan nærværet

av desse naturforma tordenkilane i dei same kontekstane som dei menneskeskaptede tordenkilane så bør dette belyst, for å letterregjere framtidig tolkning.

Sidan forskningslitteraturen tida etter studien til Christian Blinkenberg i 1909 berre har hatt hatt små korte kvalitative heilhetlige tilnærmingar med nokre få dømer som vert samanlikna, velger eg å ha ei beskrivene kvantitativ deduktiv tilnærming til dette temaet. For å teste desse hypotesane som forskningslitteraturen presenterer vil eg finne ut om dette er eit fenomen med å sjå på utbreiinga på Vestlandet i jernalderen i perioden for om lag år 0. ved Kristi fødsel til om lag 1030 e.Kr.

Hensiktene er å få auka kunnskap om fenomenet med tordenkiler i skandinavisk jernalder og synnleggjere fenomenet for framtidens forskning og arkeologiske undersøkingar.

1.2 Problemstilling

Derfor spør eg:

Kva er utbreiinga og omfanget av sekundært deponerte tordekiler på vestlandet i Vest-Noreg perioden 0 e.kr til om lag 1030 e.Kr. og ligg det naturforma tordenkiler i lag med desse i same kontekst?

Kanskje problemstillinga kan føre til svar på spørsmål som:

Kan ein eventuell gjenbruk på tvers av tidsperioder sei noko om oss som menneskjer?

Kanskje me moderne menneskjer er såpass fastlimt i den lineære tidsoppfatinga, til å sette oss inn i forhistoriske menneskjar sine oppfating av tid og eldre gjenstander?

Er desse funna verkeleg gjenstandar frå steinalder og tidlig bronsealder, eller er dei etterlikningar?

Ved gjennomgang av empirien vil eg undersøkje om klassifiseringa stemmer. Eg vil og vurdere om gjenstandane er klåre reiskapar og har ei utsjånad som for folk i jernalderen vil oppfattast på same måte som steingjenstandane arkeologar oppfatar som klåre reiskap frå steinalderen. Viss eg får undersøke kor god er kontekstane er, så kan det vera lettare å vurdere om desse eldre steingjenstandane er lagt ned intensjonelt.

Er det til dømes ei større utbreiing i nokre periodar enn andre, er det stort mengd toresteinar i husstrukturar frå jernalderen samanlikna kor mange som er funne i graver. Et er noko som tyder på om toresteinar var meir assosiert med menn eller med kvinner. Kan plasseringane av fortelje om korleis toresteinane sine oppgåver, og ser me anntydning til spesielle gjenstandar til stades i lag med toresteinane. Kan formen og mengda på den geografiske utbreiinga sei noko om kulturelle trekk, og eventuelt stadfeste eller avkrefte om toresteinar er eit fenomen.

For å kunne svare på dette her må eg også sette meg inn i tolkningane i forskningshistoria og nokre av kjeldene brukt til å kome fram til denne tolkninga. Kjeldene er blant anna folklorisk materiale og litterære kjelder frå mellomalderen.

1.3 Tid

Det finnes dømer på toresteinar funne i kontekstar både i jernalder, mellomalder, etterreformatorisk tid og frå opplysningstida.

I løpet av oppgåva eg nemner dei ulike tidspeiodane i jernalderen som er aktuelle for tidspenget i problemstillinga. Då nytter eg inndelingane av desse periodane slik det er framstilt i *Jernalderen i Norge* av Bergliot Solberg. Romersk jernalder er frå Kr.f. til 400 og skilje mellom eldre og yngre romersk jernalder er om lag rundt 200 e.Kr. Når eg nemner folkevandringstida, så meiner eg tida om lag 400-550 e.Kr. Når eg skriv om Merovingertida så er det perioden 550 til 800 e.Kr og til slutt vikingtida som tyder perioden 800 til 1030 e.KR. Å ha eksakte dateringer av kontekstane er ikkje eit mål i oppgåva (Solberg, 2010: 66, 72, 124, 128, 178, 183, 212).

I denne studien kjem eg ikkje til å ha noko fokus på ei eksakt dateing av tida *toresteinane* frå steinalder og bronsealder vart produsert. Den spesielle utsjånaden, variasjonen i formen og ikkje minst at toresteinane har eit uvanleg utsjånad samanlikna med andre naturlige steinar gjer at den eksakte dateringa ikkje får fokus.

1.4 Rom

Toresteinar er å finne blant anna i geografiske områdar som Noreg, Skandinavia og Europa.

I denne oppgåva avgrensar eg studien geografisk til å gjelde Vest-Noreg. Det vil seia fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Gjenstander og kontekster funne av andre landsdelmusea enn Universitetet i Bergen og Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger, vert ikkje tatt med i undersøkinga av empirien.

Kontekstane dei empiriske gjenstandane er funne i er gravar og hustufter frå jernalderen.

1.5 Framgang

Fyrst vil eg ta for meg forskingshistoria og deretter kjelder som ofte brukt brukt i tolkinga av gjenstandane. Desse kjeldene kan vera klassisk kjelder, norrøne soger og anna litteratur frå mellomalderen for så å gå gjennom folkloriske førestellingar. Deretter forklarar den metodiske innfalsvinkelen min og den praktiske gjennomføringa av undersøkinga. Så kjem endelig resultatata frå empirien som vil bli presentert og deretter nokre dømer på toresteinar andre stader i Norden. Eg vil til slutt diskutera den arkeologiske materialet frå analysen i samband med forskningshistoria, gamle litterære kjelder, folklore og andre liknande funn frå andre stadar i Norden. I diskusjonen vil eg ta føre meg teoriar kopla til gjenbruk og kollektiv hukommelse, folkloriske førestellinar, gamle skriftlege kjelder og andre funn frå andre stader i Noreg og Nord-Eurpa så kjem eg til å drøfte det empiriske resultatet mitt.

Forhåpentlig vil denne gjennomgangen av empirien syne mønster i tid og rom, type kontekstar og type gjenstandar tilstades. Desse eventuelle mønstra kan syne kulturelle trekk i jernaldersamfunnet, som vil vera intressant ved tolkning av funksjonen toresteinane hadde i jernalderen og korleis folk forholdt seg til dei.

2. Forskningshistorie

2.1 Opplysningstida og byrjinga av arkeologifaget

Etter reformasjonen i Europa, vart det ei samlarinteresse hjå overklassen, som resulterte i samlingar av all slags merkelige kurositetar i blant anna kalla *Wunderkammer* eller *cabinet de curiosités*. Desse samlingane oppstod fyrst i Italia på 1500-talet på same tid som renessansen og kunstkammer. Ole Worm hadde ein av dei store samlingane og hadde sitt eige museum som inneheldt alt frå fossilar til steinalderreiskap (Svestad, 1995: 96-99; Johanson, 2009: 134-139).

I boka *Museum Wormianum* utgitt i 1655 fortel Worm om toresteinar kalla *ceraunias* og *brontias*. *Brontias* som i verkelegheita er forsteina kråkeballar eller sjøpiggsvin, meinte Worm vart danna av torevêr. Han kalla dess *ceraunia* som er det latinske omgrepet for torestein. Worm var open for at dei økseforma *ceraunia* kunne vera tidlegare metallreiskap som var forvittra til stein etter long tid i jorda, og kanskje ikkje danna av torevêr som (Svestad, 1995: 101-103; Johanson, 2009: 136-137).

Oppdaginga av at *torestein*ar eigentleg var mykje eldre reiskap laga av menneskje i eldre tide, og ikkje produsert av lynet, var ein del av byrjinga av arkeologifaget. Matthew R. Goodrum (2008) har i artikkelen *Questioning Thunderstones and Arrowheads: The Problem of Recognizing and Interpreting Stone Artifacts in the Seventeenth Century* synt kor radikalt venderpunkt oppdagelens av at *Ceraunia* eigentleg var fossilar og gjenstander frå steinalderen var for vitskapen. *Ceraunia* er det latinske namnet på torestein, som har vore brukt av lærde i klassisk tid, mellomalderen og reformasjonen.

Lærde på 1600-hundretalet hadde kunn 4 typar kjelder når dei vart konfrontert med forhistorisk materiell kultur. Desse var folkeminner, myter og legendar, gjenstandane i seg sjølve, klassiske skriftlege kjelder. Dermed vart reiskap frå steinalderen oppfatta som *tordenkiler*, *fe-pilar* og *alveskot* (Daniel, 1981: 34-35).

I følgje Goodrum var det 4 viktige førsettinga for et at røynda om primærfunksjonen til *Ceraunia*. Det fyrste forholdet var opprettinga av kuriositetskabinett eller museum som bestod av hetrogene samlingar av både spesielle kulturelle gjenstander frå forskjellige tider og

geografisk område, i lag med naturskapte gjenstander med spesiell utsjånad. Det andre var amerikansk reiskapen laga av stein som vart tatt med til Europa, i samband med oppdaginga av Amerika. Det tredje var boktrykkerkunsten som blant anna resulterte i naturhistoriske leksikon som innholdt informasjon om blant anna *Ceraunia*. Det siste forholdet var kunnskap frå klassiske romerske historiske kjelder i lag med bibelen, og ikkje berre kunnskap om dei ulike steinbøkene lapiderum frå mellomalder og klassisk tid (2008: 497, 507-508). Dette tilrettela for å samanlikne reiskap frå steinaleren som klassifisert som *Ceraunia*, med steinreiskap frå Amerika, og klassiske romerske kjeldar som nemner bruk av pilar og øksar laga av stein.

Men røynda om primærfunksjonen til gjenstander klassifisert som *Ceraunia*, vart ikkje avsløyr i ein håndvenning. I midten av 1600-talet framstilte *Ulysses Aldrovandi* framstilte steinalderreiskap som eit resultat av ein miks av forskjellige stoffar i mørke skyar, som igjen koagulerte og så ved hjelp av varme blitt harde for så å bli spytta ut ved lyn og torden (Daniel, 1981: 34-35).

Medan i Vatikanet som hadde både ei samling av reiskap av stein produsert av urbefolkninga i Amerika og samlingar av såkalla *ceraunia*, greide ein ansatt i Vatikantest botaniske hagar kalla Michele Mercati (1541-93) til ei meir vellyka tolkning. Han var ein av dei fyrste som avslørte røynda om primærfunksjonen til *cerania*/toresteinar. Han var inspirert av samlinga av amerikanske reiskap oppbevart i Vatikanet, klassiske forfattarar og bibelen. Dette var årsaken at han i boka si *Meallotheca* som var upublisert fram til 1717, framstilte reiskap frå steinalderen som krigsvåpen frå mykje eldre tider der metall ikkje var i bruk (Daniel, 1981: 34-35; Johanson, 2009: 135-136).

Sjølv om fleire oppdaga primærfunksjonen til toresteinane, tok det tid før denne røynda vart godt kjent. I eit nordisk døme på dette ser me i det naturhistoriske leksikonet *Norges Naturlige Historie* til Pontopidan der han skriv «*De saa kaldte ceraunei lapides, som man fordum holdt for Torden-Steene, skiønnes nu noksom at være med Konst slebne i Form af Øxser, Hamre, Kiler eller Knive,...*» (Pontoppidan, 1752: 287).

2.2 1800-talets arkeologi

På 1800-talet når arkeologifaget begynte for alvor å slå rot i Skandinavia, vart fenomenet med eldre steingjenstandar i yngre jernalderkontekstar gitt lite men noko merksemd.

I boka *Om Den Yngre jernalder i Norge* skreiv Rygh (1877):

«Oldsager frå Stenalderen, eller Brudstykker af saadanne, ere fleire Gange trufne i Hauger frå den yngre Jernalder²). Lignende Fund ere omtrent ligesaa hyppigt gjorte i ældre Jernalders Hauger³), og de maa ganske vist forklares paa same Maade for begge Perioders Vedkommende. Der kan neppe være nogen Tvivl om, at de ere komne i Haugerne i Kraft af den Overtro, som man jo paa mange Steder lige ned til vor Tid har knyttet til Jordbundene Sager fra Stenalderen, at de altsaa ere medgivne den Døde som Talismaner eller i lignende mening 1).» (Rygh, 1877: 180/80-181/81)

Rygh opnar for moglegheita for at nokon av steinalderreiskapen i gravkontekstane frå yngre og eldre jernalder har tilkommt her ved tilfeldigheit, men meiner mange av steinalderreiskapen må ha blitt medviten deponert ut frå religiøse førestellingar. I samband med dette refererar Rygh til Montelius` s Sveriges forntid, Text. I, 158 og steinalderreiskap funne i gravkontekstar frå jernalderen.

Ein annan arkeolog kalla Helvig Conrad Engelhardt gav også noko merksemd til steinalderreiskap funne i jernalderkontekstar med denne korte tolkninga:

«at træffe enkelte Oldsager af Sten, Som man udentvivel har tillagt en overtroisk Betydning og betragtet som Amuleter, Ligesom paa den anden Side Odds Saga vise, at man i langt senere Tider brugte Stenpile ved visse Leiligheder, fordi man troede, at de var er kraftigere Vaaben mod Troldom end Metalpile.» (Engelhardt, 1875: 64)

Denne tolkninga kom C. Engelhart med etter å ha nemnt gjenstander frå steinalderen som var tilstades i tyske og danske gravfelt frå jernalderen. Teksten handlar om påverkad frå den klassiske verda som ein kunne sjå i det arkeologiske materialet i Norden. Han nemner døme på liknade funn i romarsk og etruskisk materiale. Det er og intessant at han antyder at fenomenet *toresteinar* orginalt var ei kulturpåverknad frå den klassiske verda, og at han gjer denne gjenstansgruppa ein magisk tyding ved hjelp av fornaldersagaen *Örrvar Odds Saga* (Engelhardt, 1875: 1-2, 63-65).

Det som her er interessant er å observere at både Rygh og Engelhardt hadde eit fraværet av tolkingar som koplur *toresteinar* til førstellingar rundt torevêr.

2.3. 1900-talet

I 1909 publiserte arkeologen Christian Blinkenberg «*Tordenvåbenet i kultus og folketro – en komparativ-archæologisk undersøgelse*», som vart oppfølgt av ein engelskspråklig versjon i

1911. Publikasjonen var ei brei studie som tok føre seg «tordenvåpen» frå fleire gamle kulturar som til dømes den minoiske, mesopotanske, romerske og norrøne. Han tek og føre seg «tordenvåpen» i ulike religionar frå samtida i heile verda og i samtidas europeiske folkloriske førestellingar om steinalderreiskap i form toresteinar som datt ned frå himmelen i torvêr. Han har bakgrunn i klassisk arkeologi og hans originale formål med studien var å sjå på det historiske forhold mellom førestellingar om «tordenvåpenet» i gresk område til ulike tider, som det mykenske, greske i antikken og i nåtida med då fokus på steinøkser. Gjennom arbeidet med materialet, bestemte han seg for å skifte fokuset på «tordenvåpenet» i nordisk kultur i staden. Han nytta *Dansk Folkemindesamling* som kjelde når han tok føre seg det danske folkloriske materialet. (Blinkenberg, 1909: 5).

Blinkenberg nemner eit par dømer frå Middelhavet der det har blitt dokumentert steinarlerreiskap i yngre kontekstar som heim meiner kan bakgrunn i ein «tordenkult». Til dømes eit Mykensk gravfunn frå Faistos ein øks typisk frå gresk steinalder eit sekundært gjennombora hol til anheng som amulett. Denne kan ha vore ein torestein, på bakgrunn av økser i «tordenkult» og som attributt til guddommar assosiert med torevêr. I Hellas skal det i nærheten av Gytheion i Lakoni ha vore i antikken ein tilhugga stein kalla *Zeus Kappotas*. I gamle Roma skulle eit alter til Juppiter lapis, vera ein type stein. Dette kan i følgje Blinkenberg samanliknast med ei klebersteinsøks funnet på Knossos og med steinøksane eller øksliknande steina på altere i Sør-India. Altså så meiner Blinkenberg å sjå ei kopling i førestelingar rundt *toresteinar* og guddommar assosiert med torevêr i fleire ikkje-kristne religionar, og meiner at desse mogleg kan ha same opphav eller resultat av stor kulturutveksling over store geografiske områdar (Blinkenberg, 1909: 30-33, 89).

Blinkenberg tar føre seg for det meste andre typer «tordenvåpen» som var laga i andre materialer og samelikna desse kryss av tid og geografiske grenser. Til dømes dobbeltøksten av bronse som attributt og «tordenvåpen» for gudar i det mykenske området, «Lilleasia», Assyria og nordlige Syria. Kjelda han brukte for dette var blant anna avbildningar av gudar assosiert med torevêr frå det hettitiske og assyriske området Adad med ein einegga øks. Blinkenberg drar analogiar av dette med blant anna Tors Mjøltnir i norrøn religion og Indras Vajra i hinduistisk religion (Blinkenberg, 1909: 18-30). I det Skandinaviske folkloriske materialet nemner han runde steinar og fosilar som til dømes fosiliserte kråkeboller vart også rekna som toresteinar? (Blinkenberg, 1909: 40-41)

Han tar opp bruken av det latinske omgrepet for torestein *Ceraunia* opprinnelig kjem av det greske namnet på Zevs sin attributt tordenkilen *Keraunos*, og at dette omgrepet har gått i arv til Plinius den eldre i Romerriket, og vidare til lærde på 16- 17.- hundretalet. «*At Grækerne i den klassisk oldid virkelig har oppfattet stenøxerne som tordenstene, fremgår med al sikkerhed af troditionen om ceraunia, som Plinius har meddelt efter en græsk forfatter Sotacus*» (85a). *Fra Plinius er denne notits gået over de sen-antike og middelalderlige stenbøger; endnu hos det 16.-17. århundredes polyhistoriske forfattere lever den op til en pseudovidenskabelige teori om lynfænomenernes oprindelse, tordenstenens dannelse o. s. v.*»(Blinkenberg, 1909: 22). Andre har og i seinare tid kopla Zevs sin *Keraunos* (tordenkilen) i lag med toresteinstrua, norrøne guden Tor og den finske toreguden Ukko. Mykje tyder på at latinske namnet for torestein *Ceraunia* er ei etterfølgjar av det greske *Keraunos* (Salo, 1990: 111-114; Johanson, 2009: 155).

I følgje Blinkenberg er det som er felles førestelling om lynet som skyter ut ein torestein med ein øydeleggjande kraft ner i jorda, og var nedkommen frå ein mektig gud eller anna overnaturlig kraft i himmelen. Det lynet har truffe reknast som heilag eller tabu og *toresteinen* som i følgjer førestellingane skulle liggje igjen i jorda, skulle ha ei magisk kraft. Kraften frå *toresteinen* kan nyttast som vern mot blant anna uvêr. Vern mot plagar skapt av vonde overnaturlige vesnar som vert skremt vekk av torensteinar som mot sjuktdom på folk og fe i folkemedisinen. Blinkenberg konkluderer med at desse førestelningane strekk seg så langt tilbake i tid som til steinalderen, og vert bevart heilt fram til moderne tid. Han undrar seg om førestellinga kan ha vert så utbreiia på grunn av kontakt mellom kulturar eller grunna menneskjelege annlegg (Blinkenberg, 1909: 33-37).

I følgje Blinkenberg er det ei universelt førestelling om *toresteiner*, som vernar mot vonde overnaturlige vesnar (Blinkenberg, 1909: 11-12). Dette konkluderer han med i fire påstander. 1. Tordensteinens-trua store geografiske utbreiing som tyder på at den tidlig vandre frå folk til folk. 2. Slike førestelningar har utvikla seg vidare i dei austlege middelshavslanda i bronsealderen. 3. Den «primitive karakteren» til tordensteinstrua tyder på at den har eit opphav som henger saman med naturoppfatninga og religiøse iderer til folk på eit tidlig utviklingsstadim. 4. Reiskapsbruken i steinalderen hadde ein slik utforming at den kunne vere ein naturlig forklaring på torensteintrua si opprinning (Blinkenberg, 1909: 41-44).

Sjølv om fleire av påstandene til Blinkenberg ikkje held mål i dag, så har han blitt referert til av mange av arkeologane som har tatt føre seg toresteinar i jernalderen og mellomalder

(Hagen, 1953; Meaney, 1981; Myhre, 1988; Ringstad, 1988; Carelli, 1996; Carelli, 1997; Thäte og Hemdorff, 2009; Johanson, 2009). Derfor vil eg påstå at studien «*Tordenvåbenet i kultus og folketro – en komparativ-archæologisk undersøgelse*», har hatt ei kanonisk rolle i forklaringa på kvifor ein finner gjenstander av stein produsert i steinalderen eller bronsealderen i yngre kontekstar som jernalder og mellomalder, og kvifor dei kan bli omtalt som *toresteinar*.

Den engelspråklege utgåva *The Thunderweapon in Religion and Folklore: A Study in Comparative Archaeology* (Blinkenberg, 1911) også vert flittig referert til av engelskspråklege (Meaney, 1981; Johanson, 2009).

Eit døme på denne flittige refereringa ser me i boka som berre handla om flintknakking. Eit kapitlet starter med sitatet «*Implements of flint such as axes, knives, weapon points, etc., are called by the peasantry by the singular name of thunderstones....; they believe that these parts, have fallen down in thunderstorms.*» (Dean S. Rost ref. Blinkenberg 1911: 73 ref. Whittaker, 2012: 23). Seinare i kapitlet vert det referert til Blinkenberg igjen når vitskapsfolk før 1700-talet rekna steinreiskap for tordensteinar produsert av lyn og torden (Whittaker, 2012: 54).

2.4 Tolkningar av toresteinar funne ved arkeologiske undersøkingar av jernaldergardar og gravar av norske arkeologer på 1900-talet

Arkeologen Jan Petersen som jobba mykje i Rogalandsområdet i fyrste halvdel av 1900-talet, kom over fleire funn ved sine arkeologiske undersøkingar som kan vore toresteinar som han veia lite merksemd, sjølv om han har funne fleire av desse gjenstandane som seinare har blitt referert til av andre som til dømes Bjørn Myhre og Anders Hagen. Vanligvis har han omtalt potensielle toresteinar som «*de minner fra steinalderen som har ligget igjen i hustuftene*» (Petersen, 1933: 98). Han skriv kort til slutt av boka *Gamle gårdsanlegg i Rogaland: Fra Forhistorisk Tid og Middelalder*, at han har funne åtte knusesteinar, der to var av kvarts som syner spor etter slag der den eine var funne på Birkeland 2, og den andre frå Ullaland 1, som han seier sjølv «*minnende om steinalderens slagstener*» (Petersen, 1933: 91).

Den einaste gongen han gjer ei tolking rundt førestellingane om toresteinar i jernalderen finn me i boka «*Bosetningen i Rogaland i folkevandringstiden*». Der nemner han med ein setning om Møllerop sitt funn på Vaule, stjerneforma kølle frå steinalder i ein eldstad i ei hustuft frå

folkevandringstida. «*Den har vel rimeligvis hatt en eller annen magisk betydning*» (Petersen, 1954: 18).

Ein hjerteforma pilspiss og ein spydspiss av flint funne i hustuft av Jan Petersen på Ullaland på Nærbø. Dei vart funne i same rom. Spydspissen låg vist over ei grop 38, og nær ein tverrmur låg pilspissen nede ved grusbotnen. Han berre nemnar at desse funna er eigentleg frå steinalderen, utan å gå nærare innpå dette. Hustufta meiner han har vert brukt i folkevandringstid og vikingtid. Ein kan og bite seg merke i at han òg fann 19 stykkje flint, 9 stykkje bergkrystall, to fragment av runde steinar og ein rullestein av kvartsitt som han meiner er ein slagstein i same hustufta (Petersen, 1933: 61-63, Pl. XVII).

I gardsannlegget på Birkeland, fant han ein del av ei vestlandsøks i ei grav, fann han òg nakkestykkje av ei tjukknakka steinøks og tre mindre flekker av flint utan spor av retusj i hustuft 2 frå folkevandringstid. Petersen omtalar desse funna kort som «*muligens et par ting fra steinalderen*» utan å vurdere om dei har hamna der tilfeldig eller nedlagt intensjonelt (Petersen, 1933: 7-9). Det er og intressant å leggje merkje til fraværet av tolkningar kopla til førestellingar kopla til torevêr, fravær av omgrep som torestein eller tordenkil, i tillegg til fravær av noko som helst type symbolsk tolkning til desse,

Arkeolog Wencke Sloman som skreiv avhandling sin om det rike gravmaterialet i folkevandringstidsgrava på Sætrang der det vart funne ein øks av bergart. I dette gjenstandsmaterialet nemner ho ein eldre steingjenstander i jernaldergraver meget kort utan å vie dei noko særleg stor merksemd, men synte ein mogleg kopling til folkemedisin som blant anna fødselshjelp (Slomann, 1959: 24, 50).

«Som en merkverdighet må man se den halve skafthulløksen av stein frå funnet. Det vites ikkje om den har ligget i røysen, eller i gravkammeret. Det siste er ikkje umulig. Vi har steinøkser i graver fra jernalderen andre steder. Eg vil her bare nevne en steinøks frå den rike kvinnegraven frå Vinjum, Aurland, Sogn (B.7731) frå vikingtiden. Hvilken overtro det kan ha knyttet seg til disse vet vi ikkje, men i begynnelsen av førre århundre mente man de hadde medisinsk verdi, særlig ved hjelp ved fødsler.»(Slomann, 1959: 24)

Ikkje ho heller nemner nokon førestellingar kopla til torevêr neste slik som Jan Petersen. Likevel skil ho seg frå Petersen med å komme med tolkingan om funksjon i folkemedisin og kopling til kvinnehelse. B7731 er også umogleg å finne i tilvekstkatalogen og i magasinet på Universitetsmuseet i Bergen.

Anders Hagen vart konfrontert med 2 økser av bergart i løpet av utgravinga av gardsanlegget frå jernalder på Sostelid. Desse to øksene av bergart vart funne i sikker kontekst under utgravinga i 1946-49 (Hagen, 1953: 8, 64-71, 83-85). I samsvar med tradisjonane innan samtidas arkeologi brukte han historiske analogiar frå jordbrukssamfunnet for å forklare det han fant (Myhre, 1988: 310).

Dette var vanleg metode fyrste halvdel av 1900-talet i Noreg og vart kalla retrogressive metode. For å få meir kunnskap og forståing om eldre tider brukar ein yngre materiale/kjelder som analogi. Ved ein retrogressiv analyse vert mellomalderen brukt for å forstå jernalderen. Denne metoden vart utvikla ved Institutt for sammenlignende kulturforskning, (oppretta i 1922) av kulturgeografer (Gjerpe, 2014: 57-61). Dette er sannsynligvis årsakta til mykje av bruken av folkloriske og litterære kjelder frå mellomalder ved tolkinga av eldre gjenstandane av stein inni jernalderkontekstar som toresteinar.

Sidan dei to bergartøksane vart funne i ein gravrøys og i ein steinpakning som han tolkar som eit mogleg horg, så utelukker Hagen bergartsøksene som eit tilfeldig innslag frå steinalderen. Hagen bruker folkloriske kjelder til å tolke desse to bergartsøksene. Han refererer til Blinkenberg som allereie er nemnt og andre kjelder som Norsk Ordbok (Ross og Aasen, 1971) og *Rummet i Den Norske Folketro (Storaker og Lid, 1923)* som vert presentert under overskrifta *Folkloriske materiale*. Med bakgrunn i desse og nokre andre kjelder så vart bergartøksene tolka som *toresteinar* med ein funksjon som verneamulettar (Hagen, 1953: 92-95). Toresteinar var berre eit av fleire temaer Hagen tok føre seg i den breie analyse av jernaldergarden på Sostelid, som skulle svare på sentrale spørsmål rundt jernaldergarden si historie (Hagen, 1953: 14).

Bjørn Myhre har og funne ein torestein ved utgravinga på Ullandhaug. Denne torestein var ein flintdolk frå bronsealderen og låg ved ein eldstad i den eine hustrukturen. På andre sida av eldstaden så låg det ein kvit rundt stein i ei tilsvarende groplåg i ei grop. Heile gardsanlegget vart utgravd for å fokusere på dei økonomiske og sosiale sidane av jernaldergarden. I samband med dette funnet refererer Myhre kort til Anders Hagen si tolkning i *Studier i Jernalderens Gårdsamfunn* her, der sekundær bruk av eldre steingjenstander som verneamulettar i historisk tid ved at dei vart gjøymt i til dømes golv eller vegg. «*Det er nærliggende å forklare flintdolkens plassering i tuft 3 på Ullandhaug på same måte*». Myhre opnar og for moglegheit for at desse gjenstandane har med eld å gjere, elles er del lite meir

tolkning av denne gjenstandsgruppa i *Gårdsanlegget på Ullandhaug I* (Myhre, 1980: 251-253, 256-257).

Ved ein seinare artikkel tolker han denne flintdoken ut ved blant anna hjelp av Hagen sin hypotese at desse to bergartsøksene var nedlagt for å verne garden og dei som levde der mot ulykker og for å sikre framgang og fruktbarhet (Myhre, 1988: 314).

«I dag, 25 år etter Sostelid-publikasjonen, kan vi vel bare innrømme at norsk arkeologi fortsatt har lite å stille opp med i en diskusjon om religiøse og kultiske forhold på jernaldergåren» (Myhre, 1988: 315)

Han går i djupare tolking før han skriv artikkel *Materielt som åndelig pakt med tida i Festskrift til Anders Hagen* i 1988. Kontekstane han har hovudfokuset på er langhus frå jernalderen. Myhre gjennomgår kort funnsituasjonen til dei to bergartsøksene Hagen fant på Sostelid og koplar funna i lag med torestein-trua som Hagen. Kommenterer Hagen sin direkte historiske metode ved å gå til det førindustrielle bondesamfunnet for å tolke gardskomplekset på Sostelid. Myhre diskuterer og Hagen sin undring om steinpakninga der den eine bergartsøkse vart funne i, eigentleg er eit horg. Myhre koplar Hagen si tolkning til perioden rett før forskingsparadigme med den prosessuelle arkeologien som kom etter publikasjonen om gradsanlegget på Sostelid. I det prosessuelle arkeologiske miljøet vart ikkje dei symbolske tolknigane til Hagen serlig verdsatt like mykje som dei økonomiske tolkingane hans. Myhre opnar for at denne symbolske tolkinga og merksamda til dei religiøse sidane av jernaldersamfunnet vil bli meir vektlagt i 80-åras post-prosessuelle miljøet med større vektlegging av det symbolske (Myhre, 1988: 310-316)..

Myhre meinte at funnforholda på Ullandhaug og Vaule var så spesielle at ein må gje funnkategorien eldre gjenstander av stein i jernalderkontekstar ein ny vurdering og gjer Anders Hagen sin hypotese frå 1954 aktuell igjen (Myhre, 1988: 320). Myhre opnar for ein kopling mellom eldre gjenstander av stein i yngre jernalderkontekstar og *toresteins-trua* frå folketrua. Det ser me blant anna med overskrifter som «Horg og tordenkile», «Tordenkiler på Ullandhaug» og «Tordenkiler som handelsvare?». Myhre refererer til mange av dei tidlegare nemnte kjeldane (Myhre, 1988: 316-323).

Bjørn Ringstad gav og ut ein artikkel i *Festskrift til Anders Hagen*, der han og skildrer fenomenet med eldre steingjenstander i yngre kontekstar. I artikkelen hans *Steiner brukt som amuletter i forhistorisk tid – et eksempel fra Kvåle i Sogndal* har han hovudfokuset på

funnkonteksten jernaldergravar, og tar utgangspunkt i ei rikt utstyrt dobbeltgrav frå folkevandingstid på Kvåle, Sogndal i Sogn og Fjordane. Dei gravlagde var ei kvinne og eit barn, som hadde fått med eit rikt gavmateriale med fleire spesielle funn som Ringstad tolkar som amulettar. Amulettane er; seinøks av diabas, skår av romersk glass, to stykkjer bergkrystall, 7 små kvite, eggformete/runde steinar av kvarts/kartsitt, eit stykke lys grå flint/kalcedon, Glimmer, en grøn stein med små knopper, to «knapper av glass, og tre små ansiktsmaske av sølv. Desse hadde låge saman på eit lite område, og kan kanskje ha loge oppi ein liten beholder. Gjenstandsgruppa Ringstad ser på er steinøkser, bergkrystaller og runde eggforma steinar som dukker opp i jernaldergraver og i andre kontekster i historisk tid. Ringstad trur den gravlagde kvinna på Kvåle kan ha vert bygdas trollkvinne og/eller klok kone, som fekk med seg amulettane sine med i grava (Ringstad, 1988).

I følgje Ringstad og kjeldene han har brukt, har gjenstander som bergkrystall, steinøkser og små runde eggforma steinar hatt forestellingar knytta til seg både kristen og førkristen tid. (Ringstad, 1988: 338-339).

Bjørn Ringstad skriver ut frå dømer på desse gjenstandsgruppene sidan *«Det foreligger ikke noen oversikt over denne typen funn verken fra Norge eller de øvrige nordiske landene.»* (Ringstad, 1988: 328).

Fleire øksar i jernaldergraver vert nemnt som døme, og vert omtalt som eit ikkje vanlig fenomen. Mange øksar har dårlig kontekst, men mange må ha vore intensjonelt deponert også (Ringstad, 1988: 329). Ringstad meiner eldre steingjenstander dukkar hypigst opp i kvinnegravar (Ringstad, 1988: 337).

2.5 Amulettar i Anglo-Saxiske gravar

Audrey Meaney har skreve *Anglo-Saxon Amulets and Curing Stones* som handlar om amulettar i angelsaksiske kontekster i England. Ho tek med eldre steinaldergjenstander, bergkrystall og kvite runde steinar som amulettaramulettar. Ho har ein teori om at flint berre hadde ein praktisk funksjon til eldslagning i følgje Hemdorff og Thäte som refererer til henne, og som meiner at når det er så mange funn av flint i gravar så kan flintbitane ikkje berre bli tillagt praktisk funksjon. (Audrey Meaney 1981 Thäte og Hemdorff, 2009: 50-51). Meaney skriv om angelsaskisk materiale som kanskje ikkje kan direkte førast over på det Skandinaviske materialet. Når eg leser studien hennas lesar eg at i det Anglo-Saxiske materiale er flintavslag med stor sannsynlighet brukt som eldfint og ikkje som amulett men at

Meaneu likevel er det noko moglegheit for symbolske attributter tilegna desse flintavslaga (Meaney, 1981: 210-213, 226, 228).

2.6 Tolkningar av toresteinar ved arkeologiske undersøkingar av mellomalderbyar

Peter Carelli (1996; 1997) i sin artikkel *Blixtar og Dunder, magiska under: - om åskstenstraditionen och förekomsten av steinaldersfynd i medeltida kulturlager* og i sitt kapittel *Thunder and Lightning; Magical Miracles* i boka *Visions of the Past: Trends and Traditions in Swedish Medieval Archaeology* referert flittig til Blinkenberg, og derfor koplar han denne gjenstandsgruppa til *toresteinstrua*. Han bruker og fleire folkloristiske kjelder for å underbygger denne koplinga.

Han meiner det er vanlig å finne steinaldergjenstander i mellomalderkontekstar som ofte berre vert tolka som tilfeldige innslag frå steinalderen, og tar utgangspunkt i arkeologiske undersøkingar av kulturlaga frå mellomalder i den svenske byen Lund i mellomalder. I huskontekstar her vart det funne til saman så mange steinreiskapar frå steinalder at forklaringa om tilfeldig innslag frå steinalderen ikkje holdt mål. Ved utgravningar i perioden 1990 til 1993 vart ein flintdolk, ein flintøks ein flintsigd og ein skafffura øks funne i sikre mellomalderkontekstar. Liknande arkeologiske funn i Lund er funne frå 1890-talet og seinare. I starten mest av lekfolk, men frå 1920-åre vart det fleire arkeologiske utgravningar. Til saman er det funne 83 steingjenstander frå sein meseolitikum til bronsealder i meir eller mindre gode mellomalderkontekstar i Lund (Carelli, 1997: 393-398; Carelli, 1996: 153-155).

Han meiner at det i mellomalderen var ei forestilling av steingjenstander fyker ned frå himmelen i torevêr, der lynet er eit resultat av steinen som fyker. (Blinkenberg 1909, pp. 7 ff. ref. Carelli, 1997: 399). Argumenter for dette finn han blanta anna til såkalla *Lapidaria*. *Lapidaria* er bøker om steinar frå mellomalderen, som inneheld mellomalderens kunnskap om alt frå magiske til mineralogiske eigenskapar til ulike steinar. Han brukar og norrøn og klassiske litteraturen for å underbyggja at denne gjenstandsgruppa kan koplast til toresteinstrua (Carelli, 1996: 157-158; Carelli, 1997: 398-399, 401-403). Han refererar også til den klassiske kjelda *Historia Naturalis* og ut frå den påstår at det var vanleg å tillegge steinar magiske og helande eigenskapar (Foote 972, col. 116 ref. Carelli, 1997: 398). Han bruker også omgrepet *Ceraunia* innimellom i artikkelane sine, og spesielt spesielt i samband

med mellomalderen sine *Lapidaria*, der både mineralologiske, medisinske og overnaturlige eigenskapar vert omtalt (Carelli, 1997:399).

2.7 Tolkingar etter millenium

Mange av desse førre tolkingene som koplpar *toresteinar* til førestellingar rundt torevêr, vert gjenbrukt igjen av andre. Det skal me sjå nokre dømer på her med ei hovudfagsoppgåve i arkeologi, eit anna ein masteroppgåve i norrøn filologi og til slutt ei akademisk artikkel som kjem med nokre nye tolkingar.

Magne Samdal (2000) har i hovudfagsoppgåva si *Amuletter – Gjenstander med amulettkarakter i vestnorske graver i tidsrommet 350-1000 e.kr.*», teke føre seg amulettar i jernaldergraver, deriblant *toresteinar*.

Ved hjelp av fleire av dei tidlegare nemnte kjeldane (Blinkenberg, 1909; Visted og Stigum, 1971; Pontoppidan, 1752; Meaney, 1981; Myhre, 1988; Ringstad, 1988; Lørdøen, 1993), tolkar Samdal desse eldre gjenstandane av stein til å ha ein sekundær bruk i jernalderen som verneamulettar, som han koplpar til *toresteinstrua* (Samdal, 2000: 513-53, 79-84, 104). Han meiner å sjå ein viss kontinuitet i amulettbruken i gravar i perioden 350-1000 e.kr.

«På den andre siden er det påfallende å merke seg den kontinuiteten rundt bruken av amuletter som belyses gjennom skriftlige kilder og folklore. Dette illustreres tydelig av forestillingene rundt og bruken av de såkalte tordensteinene som beskrives i både klassisk og norrøn litteratur samt er godt dokumentert gjennom europeisk folklore. Her synes forestillingene og materiell kultur å vise kontinuitet over lang tid. Samtidig er det naturlig at gjenstander kan endre karakter/utvikle seg over tid sjølv om innholdet bak er ligt (ibid: 171).» (Samdal, 2000: 104)

I masteroppgåva *Þrunginn móði – Studier i den norrøne tordengudens ambivalens* av den norrøne filologen Eirik Storhaug (2012), vert norrøne skriftlege kjelder om guden Tor drøfta for å få betre forståing av kva slags bilete menneskja i det førkristne Skandinavia hadde av denne guddomen. Det er tydelig at han prøver å få ei heilskapelig forståing av denne gudommen, og derfor nyttar han også andre kjelder som arkeologiske. Storsund påpeikar at Tor sin hammer originalt kunne ha tyda slagreiskap av stein, som vart brukt som kastevåpen som laga torevêret. Det at Tor sin hammar laga lyn og gnister kunne kanskje vert resultatet av ein assosiasjon til smeden sin hammar som laga greister ved slag. Det kunne og kome av

steinar av kvartsitt og flint brukt i eldslagning, og ved at dei hadde ein «hammeraktig» utsjånad, kunne desse steinane resultert i ein assosiasjon som passar godt med guden Tor sin hammar som lagar lyn og fyker gjennomlufta og slår ned i jorda. Storsund peiker og på kontinuitet av deponering av toresteinar frå jernalderen, gjennom mellomalderen og dokumentert i folkløriske kjelder opp til nesten vore dagar (Storesund, 2012: 6-8, 86-89). Han nyttar fleire av kjeldene nemnt i dette kapitelet om forskningshistoria for å syne ei mogleg kopling mellom toresteinar og guden Tor (Myhre, 1988; Samdal, 2000; Thäte og Hemdorff, 2009).

Eva S. Thäte og Olle H. Hemdorff (2009: 46-51) tolkar funnsituasjonen til ein mesolittisk øks av grønstein funne i ein jernaldergrav i artikkelen *Økser, amuletter og overtro: En steinalderøks i jernaldergrav på Avaldsnes, Karmøy*. Dei drøftar kva baktanken av denne deponeringa av denne øksa av grønstein er ut frå liknande funn av *toresteinar* deponert i yngre kontekstar. Etter å nemne fleire dømer på *toresteinar*, så syner dei ei mogleg kopling til forfedrekult ved hjelp av teoriar kopla til gjenbruk og kollektiv hukommelse. Denne tolkinga er ikkje brukt i anna litteratur om *toresteinar*. Dei kjem og med den «tradisjonelle» tolkingar kopla til førestelingar om *toresteinar* som blir skotne ner i jorda ved torevêr. Dei luftar også moglegheita for at toresteinene har blitt deponert som ein del av gravplyndring for å hindre at den gravlagde går igjen som resultat av plyndringa.

2.8 Populærvitskaplege artikklar

Toresteinar er populære å nemne i populærvitskaplege artikklar der dei vert kopla til førestellingar rundt lyn og torden og nokre gongar den norrøne guden Tor. Trond Løvdøen bruker omgrepet «Tor-stein» i sin populærvitskapleg ei side korte artikkel i *Arkeo* (Løvdøen, 1993). Jenny Kalseth (2010) nyttar omgrepet *tordenkil* om fenomenet og spekulerar om nokre av øksene i begart funne i røyser i Trøndelag, kunne hatt ei sekundær rolle som *tordenkil*. I Arkeologisk museum sitt populærvitskapleg magasin *Frå haug ok heiðni* er det blitt trukka opp eit par lengre artikklar om toresteinar. Den eine er av Oddmund Møllerop (1990) som tar føre ei korsforma kølle funne i ein eldstad i ei hustuft frå folkevandringstid. Den andre skrevet av Ingvild Grønbeck (2016) og handlar om ei bergartøks med runer.

Nylegg trykka NRK ei nettartikkel om toresteinar, som er skrevet av eit par journalister. Dei har prata med arkeologer i NIKU som ved ei mellomalderutgraving i Tønsberg. I ei husstruktur frå mellomalderen vart det funne ei flintøks som arkeologen Lars Haugesten mener kan ha vore nytta som torestein. (Lilleås og Stensholt, 2017)

2.9 Konklusjon av forskningshistoria

Det er eit stort tidsprang av litteratur som omtaler toresteinar. Me kan sjå heilt frå opplysningstida der det gradvis vart oppdaga at toresteinar/ceraunia eigenleg var reiskap frå eldre tider, til starten av arkeologifaget, til tida etter 1909 der det var ei blanding av ignorering av toresteinar i jernalderkontester, kort tolking av toresteinar og gjenbruk av tolkingar som koplar toresteinar til religiøse førestellingar rundt torevêr.

Med denne gjennomgangen av litteratur som tar føre seg toresteinar, så kan me sjå at etter Christian Blinkenberg sin studie frå 1909 vart tolkninga av toresteinar i jernalderkontekstar ofte kopla til førestellingar om torevêr med bruk av literære kjelder frå klassisk tid, mellomalder og reformasjonen og analogiar dratt ut frå folkløriske kjelder som syner førestellingar rundt torevêr og toresteinar i folketrua. Det har ikkje blitt gjort forskning med hovudfokus på toresteinar deponert i jernalderkontekstar. Eg har gått gjennom litteratur i så stor detalj her, fordi det er viktig å sjå kor dei populære tolkingane kjem frå, gje bakgrunnskunnskap om denne gjenstandsgruppa og å synnleggjer gjenbruke av tolkingar som koplar toresteinar til religiøse førestellingar til torevêr.

Mykje av litteraturen omtalt her i dette kapitelet om forskingshistoria, har nytta historiske og folkløriske kjelder for å tolke toresteinar. Desse kjeldene vert presantert i neste kapittel.

3. Historiske kjelder og folkløriske førestellinga

Desse kjeldene har blitt nytta i lang tid for å tolke toresteinar og vert her presantert for å auke forståinga for «tradisjonelle» tolkingar og for å kunne nytte desse i diskusjonen seinare i oppgåva. Fyrst presenterer eg litterære kjelder kronologisk i alder for så å avslutte med folkløriske kjelder.

3.1 Klassiske kjelder

Pliny den Eldre sin *Historia Naturalis* vert ofte referert til av seinare kjelder some it historisk døme på toresteinstura. Han nyttar omgrepet Ceraunia som blir brukt om toresteinar på latin. I boka vert alt frå plantar, steinar og dyr framstilt i lag med både dei «naturlege» og «magiske» eigenskapane deira. Om steinar han kallar Ceraunia skriver han dette:

«*Socatus distinguishes also two other varieties of the stone, a black and a red, resembling axe-heads. According to him, those among them that are black and round are supernatural objets, and he states that thanks to them cities and fleets are attacked and overcome; their name being beatuli, while the elongeted stones are cerauniae. These writers distinguish yet another kind of ceraunia wich is quite rare. According to them, the Magi hunt for it zealously because it is found only in a plaace that has been struck by a thunderbolt*» (N.H. , XXXVII. xlviii.135; referert i Meaney, 1981: iii, 211).

«...*Socatus skiller også mellom to andre steinvarianter, en svart og en rød, som ligner på øksehoder. I følge han så er de som er svarte og runde overnaturlige gjenstander (...) som heter baetuli, mens de lange steinene heter cerauniae. Disse skribentene skiller også ut en annen variant av ceraunia som er ganske uvanlig. I følge dem så jakter Magi etter steinene med stor iver ettersom de bare er å finne på steder som har vært truffet av lynet*» (Plinius, Natural Histories, XXXVII.LI.I135:275 ref. Thäte og Hemdorff, 2009:50)

Dette kan bety at trua på tresteinar eller *ceraunia fantes* i Romerriket. Dermed er det ei moglegheit for at bruken av tresteinar vart inntrudusert til Skandinavia i romersk jernalder gjennom Romerriket.

I *De Rerum Natura* av *Titus Lucretius Carus* 95-53 BC ser me også noko hukommelse I den klassiske verda frå ei tid før metalurgien der ein laga «våpen» av steinar og tre.

The earliest weapons were the hands, nails and teeth, as well as stones, pieces of wood, flames and fire as soon as they were known. Later the properties of iron and bronze were discovered, but bronze came first, the use of iron not being known until later... gradually the iron blade replaced the bronze sickle.

(*De Rerum Natura*, vers 1283-1296; referert i Clarke 1968: 5ff; referert i Johanson, 2009:

133)

3.2 Lapidarier

Mellomalderens *lapidarier* på norsk steinbøker var ein eigen sjanger i mellomalder. Dette var bøker som omhandla ulike steinar og mineralar, og deira attributtar i form av utsjånad, medisinske eigenskapar, magiske eigenskapar og så vidare. Tresteinane vart i desse bøkane kalla *Ceraunius* (Almqvist, 1974: 534; Carelli, 1996; Carelli, 1997), same ordet som Plinius den Eldre brukar om steinar med liknande eigenskapar som tresteinar i sin *Natural Histories*.

I ein slik steinbok frå 1244 av Henrik Harpestræng vert ein *ceraunia* omtalt som «*en ærlyk steen thæn thær faldær mæth liughnæth nithær oc ær goth for trolldom oc for storm .a. haf. oc ær goth innæn orlogh.*» Han skal ha skrevet dette etter eit dikt om *ceraunia* på latin av biskop Marbodus frå Rennes i Bretagne (Almqvist, 1974: 534).

3.3 Norrøne litteratur

I norrøn sagalitteratur er det ulike dømer på bruk av steinamulettar av forskjellige typar. Dei kan gå under namnet «sigursteiner» eller «lifsteiner» (Ringstad, 1988: 328).

Kanskje den norrøne *Mjølfnir* orginarl har vert av steinn. Det norrøne ordet *Hammar* på norrønt kan tyde stein i tillegg til reiskapet *hammar*. Namnet til guden Tor finner ein etymologisk igjen i fleire skandinaviske ord som ha med torden å gjera. Tors bruk av *Mjølfnir* som han slår med når det lynar og tordnar, minnar om trua på tordensteinar i folkloren. *Mjølfnir* er ein guddommelig attributt til tordenguden Tor som minnar mykje om attributten til

keraunos til den greske tordenguden Zevs. Blinkenberg konkluderar med at det er lite sannsynlig at tordensteinstrua kunne ha utvikla seg sjølvstendig i Norden, uavhengig av middelhavskulturen lengre sør. (Blinkenberg, 1909: 60-63)

I Saxo`s Gesta Danorum skrevet rundt 1200 e.kr. vert den danske prinsen Magnus Nilsson «among other tokens of victory he also brought back from one of the islands some unusually heavy Thor`s hammers, which had been revered for centuries by the people there as sacred. For when people in the old days sought to ascertain the cause of thunder, they thought in terms of the things they were used to and imagined that it was huge copper hammers that caused the noise in the sky; such powerful, ringing sounds could best be compared to a smith`s tools.» (Saksnes Danesaga 1908, p. 118. ref. Carelli, 1997:401-402).

I Þorsteins þáttur Bæjarmagns saga vert det omtalt ein trekanta stein med spesielle eigenskapar. Den hadde ei raud sida og ved hjelp av ein spesiell stav så kunne ein framkalle lyn (Almqvist, 1974: 534-535).

I *Örvar Odd* saga i fornaldersagaene nytter hovudpersonen Odd seg av magiske steinpilar. (Snædal et al., 1988; Almqvist, 1974). Odd får 3 steinpilar av bonden Jolv (Jólfr på norrønt) hjå eit gjesteopphold hjå han og kona. Odd hadde då i sorg vandra ute i skog og mark aleina i Hunaland, altså nåtidas Russland og Aust-Europa (Eggen, 1962). Interessant å leggje merkje til at Jólfr er eit av namna på Odin (Heggstad et al., 2012: 333), og eit anna namn Odin har er Grim (Snorri, 2002: 294) som far til Odd heiter.

Etter besøket hjå bonden Jólfr og kona, så bur han ei stund hjå kong Herrauð under forkledning som Næframaðr/Næverman/Vidfaral. Etter å ha fått godt rykte på seg hjå kongen, blir han avslørt som Orvar Odd. Odd tar så å seg oppdraget å kjempe mot fienden til Herrauð som bestod av kong Alv Bjalka, konahans Gyðja, sonen deira Viðgripir og deira menn. Fienden hadde tatt over eit landområda Herrauð tidlegare rådde over og fått skatt frå. Bjalka, Gyðja og Viðgripir dreiv med med mykje magi, og var så beskytta av overnaturlige krefter at våpen av jern ikkje beit på dei. Når Odd kjem i kamp mot Kong Álfí Bjalka er den ingen av jernpilane til Odd som bit på. Når alle jernpilene er brukt opp finner Odd fram dei tre steinpilane han hadde fått av Jólfr. Alle tre blir skutt mot Álfí Bjalka som endelig fell om, utan at magien hans greide å stoppe dei. Alle tre steinpilane forsvinn i graset og aldre funne igjen (Eggen, 1962: 72- 74, 90-92). I *Örvar Odd* saga ser ein at det er kopla vonde overnaturlige kreftar og magi til Herrauðs fiende, men steinpilane drepte fienden tross dei vonde overnaturlige kreftane som gjorde han immun mot vanlege jernvåpen.

I Leksikon for mellomalder vert *toreseinar* kopla til tordengudar. Det vert påpeika at toresteinar er våpenet til tordenguden, og påpeika at våpenet til den norrøne guden Tor er ein hammar (Almqvist, 1974:535). Andre har også antyda ein kopling mellom *toresteinar* og ein tordengud som Tor. I norrøn litteratur ser me at Tor kjempar mot kaoskreftene jotnar med hammaren sin (Steinsland, 2005: 195-207). Det kan samanliknast med toresteineane i folkloren som skulle verne mot vonde krefter.

I Lexikon for mellomlder vert det og påpeika at Mjøllnir (Tors hammer) kunne gjøymast 8 «rästmil» under jorda, som igjen vert kopla til det folkloriske materialet der toresteinar kunne havne 7-9 alen i jorda med lynet og deretter kunne stige ein alen opp i året før dei nådde overflata (Almqvist, 1974: 535; Blinkenberg, 1909).

Det finnes ein bestemt advarsel mot å tro på steiner for helbedelse for folk og fe i den Islandske kristenretten frå 1123. Dette syner ein motarbeid mot tru på steinar i løpet av kristninga (Reichborn-Kjennerud 1921; referert i Ringstad, 1988: 328).

Til slutt vil eg nemne eit gamalengelske prosaet/diktet «Salomon and Saturn» står det «se ðunor hit (ðæt deofol) ðryseð mid thære fyrenan æcxe» som på engelsk vert «Thunder will smite him (the devil) with a fiery axe» ((19. See the edn. by J. M. Kemble (London, 1848), p 148) ref i. Meaney, 1981: 211-212). Dette syner ei mogleg likskap med norrøne førestellingar.

3.4 Folklorisk førestellingar

Mykje av litteraturen som omtaler fenomenet med eldre steingjenstander i yngre kontekstar, drar analogiar frå folkloriske førestellingar funne i folketrua. Hovudtrekka ved desse førestellingane har eg tatt med her, og til slutt er ei liste over toresteinar og potensielle toresteinar funne på gardar i kontekstar frå om lag etterreformatorisk tid og fram til modrene tid.

I ein dialog om troll i Ludvig Holdberg sin komedien *Uden hoved og hale*, vart det sagt at «*Naar man har en Torden-Steen i Huset, tør aldrig Trold komme derind*» (Holberg og Boye, 1852: 324). Holberg levde i overgangen melle 16- og 17- hundretalet og derfor syner denne dialogen godt ei førestelling i han si samtid om *toresteinar*. Dette sitatet har Ågotnes referert til når ho tok føre seg toresteinstrua i samband med ei prikkhogd øks av bergart funne i ei nedbrunnet hustuft frå mellomalderen ved bryggen i Bergen (Ågotnes, 1995: 1).

Pontoppidan sitt leksikon har blitt ofte referert til som kjelde på folketrua knytta til torestinar i folkloren blant anna. Han blir referert til i boka *Rummet i Den Norske Folketro*, når bruke av toresteinar blir omtalt «*Pontopp. N. N. H. I, 287 beretter tillige, at allehaande jordfundne Stene fra hedensk Tid: Øxser, Hamre, Kiler eller Knive, bar fordum Namn af «Tordenstene».*» (Storaker og Lid, 1923: 109). *Den Norske Folketro* er ofte referert til av arkeologar som tar føre seg toresteinar (Blinkenberg, 1909: 7; Blinkenberg, 1911; Ringstad, 1988: 329, 337; Ågotnes, 1995: 1; Carelli, 1997: 403; Samdal, 2000: 82).

I *Vår Gamle Bondekultur* av Storaker og Lid (1923: 103-112) vart folkloristiske førestellingar kopla til torevêr i folketrua via kapitel *Torden, Tordenstene og Lynild, Kornmod og Veirlys*. Her syner Storaker og Lida at i både Noreg, Sverige og Danmark fantes slike førestellingar som lett gjer assosiasjonar til guden Tor. I Sverige vart det sankt torevêr var laga av ein kalla *Thor, Thore-Gud* eller *Gofar*. Når det tordna under sommerregnet vart det sagt at *Gofar, Gobonden* eller *Aaskan* som kjører. Denne personifiseringa av torevêret skulle vera ein gubbe med rødt skjegg, og framstår som ein etterlevning av den norrøne guden Tor. Når på året toreslåttan kom, spådde om det komande året vart fruktbart, om vart ein mild eller kald vinter og liknande. Til dømes kunne lyn på sommaren i Hedmark heite *Kornmo* og ha positiv påverknad på modninga av kornet. Same type verknad er og kjent frå folketrua i Mandal. I svensk folketru er *Kornmoden* eit namn brukt om guden Tor. Ein annan utbreidt førestelling var at lynet slo i hel troll og andre vonde vesnar. Til dømes fortalte to gjetere frå Lista å ha sett vesnar som likna to nakne barn, som så forsvant etter at lynet slo ned i dei. Ei anne førestelling frå Selbu er at det er Gud og Djevelen som slåst når det er torevêr. I Svensk folketru kan overnaturlige vesnar som troll synast før torevêret for så å få det travelt med å gjøyme seg når det byrjar å lyne (Storaker og Lid, 1923: 103-106). Denne førestellinga kan samanliknast med Tor som slår i hel jotner med hammaren sin, og står bak regn og torever i norrøn mytologi (Steinsland, 2005: 195-198).

Førestellinga om at torevêr eigentleg var Gud og Djevelen som kjempa mot kvarandre finn me i folkloren andre stader i Europa også. Toresteinane som etterpå skal ha låge igjen i jorda, ha vert brukt som våpen i denne himmelske krigen. I følgje Kristiina Johanson (2009: 149-150, 159-160) kan denne førestellinga ha opprinnelig kome frå førkristne religionar der ein toregud kjempa mot vonde overnaturlige vesnar under torevêret. Slike førestellinga kallar Johanson synkretiske, som er eit religionsvitskapleg omgrep som vert forklart i diskusjonen. På grunn av nokre funn av potensielle *toresteinar* i kontekstar frå jernalderen og

mellomalderen i Estland, så meiner Johanson (2009: 150-151, 153, 157, 161, 164) at toresteinstrua i Estland sannsynlegvis dukka opp i jernalderen.

Førestellinga om at lynnerslaget som ein «kile» som kaltes Tordenbløig, Tordenkile eller av ein stein kalla Tordensten, Dynesten eller Thorelo. I Mandalsområdet er det forteljingar om Tordenbløiger kløyver trær, berg, steinar og jord. Slike steiner kunne enten vera *oldsager* av stein, eller kvite runde steinar. Desse kunne nyttast som bustein (Storaker og Lid, 1923:107-108).

Bustein er ein type stein som vart brukt i folkemedisinen for folk og fe (Bø, 2009) i følge Store Norske Leksikon på nett som nemner fem typere bustein: Forsteina hårballen drøvtyggere, forsteina foster, ormestein, vettenyre som egentlig er frø av et tropisk tre av mimose-familien som har drivet til Noreg med Golfstraumen og mineralsk bustein som oftast er små steiner, ofte bergkrystaller eller kvartsstein.

Mange av *toresteinane* var steinreiskap originalt tilverka i steinalder og bronsealder. Andre var naturforma og kunne ha storleik og form som hønseegg. Nokre vart brukt som *Laasne-sten* av jordmødre som hjalp fødene kvinner. Då tappa ein øl over torestein, som igjen vart drukke av den fødne kvinnen. I Hedmark trudde folk at ved å eige ein torestein, så var ein verna mot skade frå lynet, som til dømes brann. I Mandalsområdet brukte folk å skape av noko av *toresteinen* som dei deretter blanda i mjøl, og nytta som medisin til dyr som var sjuke (Storaker og Lid, 1923: 109).

I Sverige kalla dei *Tordnebløyg* for *Thor-vigge*. I staden for *Tordenstene* vart dei på svensk kalla *Gofar-stene* eller *Gobonda-stenar*. Desse var å finne i jorda der *Gofar* hadde slått ned med lyn. Desse kunne bli lagt i mjølka som vern mot trolldom frå *Troldfolk*. I Tyskland har dei *Donnerstein* eller *Donnerkeil*. Reiskap av stein funne i gravhauger fekk same namn. I Finland hadde folk Ukonkivi oppkalla etter Tordenguden Ukko. Likskapstrekk med Tors sin Torshammer Mjølner kan samanliknast med toresteinane sidan torshammeren dreper jotnar (Storaker og Lid, 1923: 110-111).

I Norsk Ordbog- Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen, så står ordet *torebløyg*, og *tooleblei* oppført og forklart til å blant anna vera *Steenøkse* (Ross og Aasen, 1971: 995).

Grunnleggaren av Universitetsmuseet i Bergen Wilhelm Frimann Koren Christi, opplevde å treffe på lokale folk i distrikta som ikkje ville levere oldsaker på grunn av dei magiske

eigenskapane deira. Dette uttrykte han seg om skriftleg i 1834 (Christie 1837a: 19; referert i Omland, 2010: 106).

Notat av Christi med overskrifta «Overtroe hos Almuen er en Hindring for Oldsagers Ervervelse», fortel om vanskelegheita med å samle inn oldsakar i bygdene. I Voss prestegjeld ville folk ha oldsakane sjølv for å nytte dei til kurering av sjuke menneksjer og dyr, hjelp til fødene kvinner (Ågotnes, 1995: 17)

Mange stader er også krystallar rekna som *tordensteiner*. «*I Setesdal mente en at den som fant en bergkrystall (torebløyg) aldri ble fattig*» (Reichborn-Kjennerud 1921 ref. i Ringstad, 1988:331). Bergkrystaller vart ofte brukt til å leggje i drikkebøttene til kyrne for å verne mot sjukdom og kunne bli kalt *dverg(a)stein* eller *vergastein*. Dette er godt dokumentert i Sogn takka vere samlinga av *dverstein* hjå *De Heibergske Samlingar* ved Kaupanger i Sogndal (Ringstad, 1988:331). Dette var vanlig praxis for å verne mot sjuktdom og skademaktar fram til starten av 1900-talet.

Ågotnes (1995: 14-16) har i sin upubliserte artikkel lista opp over 50 reiskap frå steinalder/eldre bronsealder som er funne i yngre kontekstar. Ho syner ein mogleg samanheng mellom toresteinar til hus/byggingar kopla bruk av eld og brannfare, og naust og fiske .

I *Kulturhistoriskt lexikon för nordisk medeltid : från vikingatid till reformationstid : Vol. 18* kan me lesa at *torestein* i svensk folketru har blant anna namna *torvigg*, *torbleg*, *torkul*, *govigg*, *gofarskil*, *åskkil*, *åskpil* og *åskvigg*. (Almqvist, 1974: 533-536; Carelli, 1997: 400). Desse steinane er som oftast steinaldergjenstander. Dei kan og vera av fossilar, meteorar eller steinar forma av naturen med øks- eller kil-liknane utsjånad. Desse skulle ha magiske eigenskapar som verna mot brann, lyn, mot roter, mjølk som blir dårlig, at øllet vert dårlig. Ein kunne og skrape av noko av frå torviggen og bruke det i folkemedisin hjå folk og fe. Den kunne bli brukt som lykkeamulett på jakt, i fiske og på garden ved at den kunne blant anna verne jorda. Den skulle og verne mot troll. Det som går igjen vernemagi og fruktbarhetsmagi, som ein kan sjå i store delar av Europa i følgje (Almqvist, 1974: 533-536).

I følgje boka *Svensk fornro och folksed toresteinen* eller som er kalla åskviggen ha hatt eit vidt spring i funksjon. Som å bli lagt i mjøllageret for at mjølet ikkje skulle ta slutt (Hammarstedt, 1920: 14-17, referert i Snædal et al., 1988: 248).

Det finnes døme frå Sverige på toresteinar brukt i folkemedisin noko som kjem fram i dette sitatet:

Viggen ansågs som det säkraste skyddet mot trolldom och användes äfven som botemedel mot sjukdomar, hvarvid några flisor avknackades och gnuggades till pulver, som den sjuka fick intaga i gröt. Stentrissan användes som botemedel, när någon varit utsatt för trollskott, gastkramning o.d., den värmdes då öfver elden och lades på den sjukes nakna kropp så het som han kunde uthärda, på det ställe där han kände smärta. (Fornvännen 1906: 270, referert i Snædal et al., 1988: 248-249)

I folkloriske kjeldar så ser me at *toresteinane* vert gjøymd vekk inne i husa som til dømes i grunnmuren, oppunder taket, nedunder golvet og så vidare. Det er dømer på *toresteinar* delt opp slik at fleire kunne dela på den mellom seg (Carelli, 1996:159-160).

Oskar Montelius hadde spesefike anbefalingar til dei som var ute i distrikta for å samla inn oldsakar. «*Den som i våra dagars Sverige går omkring i torpstugorna och samlar stensaker, gör klokare i att fråga efter, om man hittat några «askviggas» eller «torviggas», än att fråga efter stenyxor»* (Montelius, 1900: 277).

Dette sitatet frå Montelius syner så tydelig samtida si folketru. Derfor siterer Peter Carelli Montelius, når han drar analogiar frå folketrua på *toresteinar* funne i mellomalderkontekstar (Carelli, 1996: 157; Carelli, 1997: 400).

Blinkenberg meiner at bruken av *toresteinar* var om lag like vanlig i svensk folketru som i dansk folketru. Reiskap frå steinalderen fyrst og fremst i form av økser av bergart eller flint, bruk som *torestein*, i tillegg til belemiter, bergkrystaller og vassrulla runde steinar. Trua her er det same om at *toresteinen* slår ned i jordet ved toever. Den vert brukt til vern på omlag same måte som i Danmark. Den skulle verne folk og fe sjukdom, lagt i kornmagasin og i brygg for å hindre troll frå å øydeleggje bryggjet, brukt som lykkeamulet rundt barnets hals, mot mare hjå hestar, bert rund i avsvidd land for å hindre eldspreiing (Blinkenberg, 1909: 10, 74-77).

I finsk folketradisjon finns det ein type steinar *Ukon nuoli*, *Ukon vaaja*, *Ukon nalkki* som tyder tordenguden *Ukko* sine piler eller kiler. (Almqvist, 1974: 534). Våpena til *Ukko* var av stein der nokre var forma som økser. Ved torevêr for desse ned i jorda. *Ukonkivi* som tyder *torestein* på finsk, skal vera eit vanleg omgrep for kvarts. Desse kunne i finsk folketru nyttast til å hindre brann, gje ei god innhøsting og i folkemedisin. *Ukko* kan både koplust til torevêr, regn og fruktbarhet (Salo, 1990: 108; Johanson, 2009: 151).

I Estland har det også vert ei folketru rundt *toresteinar*. Der vart gjenstander av stein som økser og pilspissar orginalt tilverka i steinalderen eller bronsealderen, runde steinar og

ovalesteinar tilverka i jernalder originalt for å slå eld med. Desse vart brukt i estisk folkemedisin for folk og fe mot alt frå tannverk til utslett, med å bli slipt til pulver som skulle inntas, eller så kunne ein røre det sjuke området med *toresteinen*. Desse kunne og brukast som verneamulett mot lyn og mot plagar skapt av vonde vesnar som sjukdom og forderving av mat (Johanson, 2009: 141-154).

Tradisjonen med å dele gjenstanden i fleire bitar på deling og å skrape av noko av gjenstanden for å bruke det i folkemedisin. (Blinkenberg, 1909; Carelli, 1997; Johanson, 2009).

I følgje dansk folketru var *toresteinar* skapt av torden og kunne bli brukt til å verne huset. Dette var vanleg folketru på blant anna Jylland 30-35 år før publiseringa av studien til Blinkenberg. Desse *toresteinane* vart gjøymde ved eldstaden, oppunder taket, under golvet, under senga og så vidare, for å bringe lykke til huset, brukast i folkemedisin, verne spedbarn mot å bli bytting, verne hesten mot mareritt, og forebyggje uheld med mjølka. Det som vart brukt som *toresteinar* i Danmark var økser av bergart eller flint, runde steinar, forsteina kråkeboller eller echiniter, eller fosilar som belemittar. Førestillingane knytta til desse kunne skilje seg frå forskjellige stader i Danmark, blant anna kunne *toresteinar* av forskjellig type ha litt forskjellig vernefunksjon (Blinkenberg, 1909: 7-9, 64-74).

«Tordenstenen holder trolde og andre skadelige væsner bort fra huset, og da det mest onde, som rømte mennesket og dets ejendom, efter den gamle folketro skyldtes forgørelse og onde væsner, bliver tordenbstenen i al almindelighed et værn for hus og fæ:» (Blinkenberg, 1909: 8) Kjerna i førestelningar rundt trua på tordensteiner, er at dei fordriver vonde vesnar. Desse vesnane trudde ein kunne gje sjukdom og andre plager (Blinkenberg, 1909: 11-12).

I Tyskland var førestellingane ganske like som dei i Norden. Her vart Flintøkser, belemniter, echiniter og skaftholøkser brukt som tordenstein som vern mot lyn, mot heksar, brukt som kur mot sjukdom blant anna i for av avskrapa pulver brukt som medisin, lagt i vogga til små born (Blinkenberg, 1909: 11, 79-82).

Det har nokre stader vore andre førestellinga kopla til pilspissar av stein kunnne bli kalla *ellepile* eller *elle-skud* som er dansk for alvepiler. I Britisk folketru har pilspissar av stein blitt kalla Dette kan bety at i følgje noko folketru så kunne ulike *toresteinar* vera skapt av ulike overnaturlige vesnar og ha noko ulik funksjon.(Blinkenberg, 1909: 39; Meaney, 1981: 210, 213). Blinkenberg meinte han fant geografiske variasjonar i dansk folketru i kva som almuen rekna som *toresteinar*. Nokre områdar vart hovudsakelig bellemittar rekna som tordensteinar,

andre fosiliserte kråkeboller og eldre gjenstander av flint. Hjø andre utanfor Danmark som i Norge, Sverige er også runde steiner rekna som *toresteinar* (Blinkenberg, 1909: 40-41).

Til dømes skal ein mann i 1868 prøvd å kjøpe ein polert flintøks av ei eldre kone i Kulsbjærgene, og fortalte at den var eit reiskap frå steinalderen. Kona ville ikkje selje øksa og sa «*Nej, det var en tordensten, og når de havde en sådan i huset, så slog tordenen ikke ned i huset*». Flintøksa hadde ho funne i jorda i lag med ei pilspiss av flint som ho også meinte var ein *torestein*. Ho meine også at ein måtte ha funne *toresteinane* sjølv for at dei skulle ha ei virkning (Blinkenberg, 1909: 65).

Toresteinar kan puttast i kategorien *husoffer* i dansk folketru. Det er fleire dømer på såkalla *husoffer* i danske hus både i etnografiske kjelder og i arkeologiske kjelder. Desse kjeldene syner gjenstander som steinaldergjenstander, fosiliserte kråkeboller/sjøpigsvin, vættelys, daude kalvar, krukke med slange, jydepotter og andre gjenstander var gjøymt vegg i tak, veggar, golv ofte i nærleiken av eldkjeldar innlagt i eldkjeldar i våningshus og fjøs, for å verne mot torden, overnaturlege krefter, sjukdom og forråtnelse av mat (Søvsø et al., 2016: 57-89). Artikkelen referert tilher nyttar ikkje termen amulett.

Bestemoren til ein venn av Thäte i Danmark, nemnte det var tradisjon for å leggja ein *torestein* i vogga til barnet som vern. (Thäte og Hemdorff, 2009: 50)

To ting var viktige ved val av *toresteinar* 1. Formen på steinen måtte likne ei øks eller hammer. 2. steinen måtte ha flammande eigenskapar. (Davidson 1965: 11 ref. Thäte og Hemdorff, 2009: 50). Formen kunne representere ein fallos som befrukter jorda og at den kunne derfor ha apotropeisk eigenskap med evnen til å avverge ondskaap og ulykker. Sidan førestellinga gjekk ut på at *toresteinen* kom ned frå himmelen med lynet, så kan dei flammande eigenskapane gjenstandane av flint vera assosiert med lynets eld, og derfor lett å assosierast med lyn og torden (Thäte og Hemdorff, 2009: 50).

Christian Blinkenberg meiner at *toresteinstrua* er å finne både i Danmark, resten av Norden og Europa, og noko i Asia og Afrika. I heile Europa har pilspissar av flint vert assosiert med alvar eller fear i folkloren i heile (Black., pp. 459-62; Blinkenberg, pp. 7-41, 68-76; Folklore, XLIX (1938), pp. 48-50 ref. i Meaney, 1981: 210).

Audrey Meaney drar analogiar frå folketrua i tolkninga av *toresteinar* i angelsaksiske gravar, der ein finner eldre steingjenstander. Også bergkrystall, belemniter og fosiliserte kråkebollar vart rekna som *toresteinar* i britisk folketru. Folketru i England koplur pilspissar av stein til

underjordiske og kunne skade menneskjer og dyr, men og brukast som verneamulettar (Myhre, 1988: 320; Meaney, 1981: 85, 111, 118-120, 210-213, 228).

Religionsvitaren Mircea Eliade syner utbreiinga av toresteinar i europeisk folketru I boka *Patterns in vomparative Religion* med å skrive:

The honour paid by contrypeople as late as the Middle Age to everything conected with prehistoriv times (with what is called the «Stone Age», to their burial monument, whether magiv og religious, and to their stone weapons («thunder-stones»), was not merely the result of a direct survival of the religious ideas held by their forefathers, but also of the fear, piety or superstitious admiration they felt for the men themselves; they were judged by the remains of their stone civilization. Contry people – as we shall see – thought their primitive weapons were «thunders-stones» fallen from the sky; and menhir; meteorites, and cromlechs were taken for traces of giants, fairies and heroes.(Eliade, 1958: 225)

Grant Allen skal ha i 1896 gjort narr av britiske bønder som i følgje han ikkje forstod at dei neolittiske øksene inne i gravhauger er forhistoriske gjenstander og ikkje toresteinar. I følgje han så ser desse bøndene berre at lynet slår ned i høge stader i landskapet, deriblant gravhaugar frå neolittikum som kunne inneholde økser i flint eller bergart (Johanson, 2009: 138-139).

3.5 Potensielle toresteinar i tilvekstkatalogane funne i etterreformatoriske kontekstar

Her er det 24 museumsnummer med potensielle toresteinar i moderne kontekst. Nokre av desse har låge i grunnmuren eller under golvet i våningshus eller fjøs, andre i hustufter som sannsynligvis er frå historisk tid og eit par vert kalla torestein eller tordnebløyg av finneren. Eit par av desse *toresteinane* er blitt referert til i litteraturen som skiveøkse S3599 som vart kalla tordnebløygen «ble brukt til at lægge i drikkebøtten for kreaturene» (S3599 SMÅ 1913:13 ref. i Myhre, 1988: 320), medan mesteparten av dei i tabellen oppdaga eg ved den empiriske gjennomgangen av tilvekstkatalogene til Universitetsmuseet i Bergen og Arkeologisk mmuseum, Universitetet i Stavanger. Desse *toresteinane* tykjer eg er viktig å nemne for å syne kontinuiteten av deponering av reiskap av stein orginalt tilvekra i steinalder og bronsealder i yngre kontekstar.

1 Tabel Gjenstander i folkloriske kontekster

Museumsnummer	Gjenstand	Funnstad
S3599	skiveøks av flint	Vart kalla for "tordnebløien" (tordenkilen) og vart lagt i drikkebøtta til husdyra på gardnen. Store Salte, Klepp,
S4891	Øks av bergart	Funnet av Teofilus Bowitz som kalla øksa "forestein". Overlevert til museet av ordfører Mehus i Egersund
S6510	Korsforma kølle av kleberstein	tilfeldig fremkommet under hus. på Horve (gn. 18), Høle s., Høgsfjord p. i grunnen under skorstenen. Avb. Stav. Mus. Årsh. 1936-37 s. 30-31, fig. 1 a-b).
S7323	Øks av bergart. Vestlandsøks?	Funnet ved våronna 1944 der det tidlegare hadde stått eit eldre hus. Hauske (gn. 14, 28), Torvastad.
S10972	Dolk av flint. Lomborg type VI, A,	Funne i grunnmuren etter ei gamal løe. Solli, Hinna gnr. 17/7, Stavanger k
B7468	Emne av Nøstvetøks i grønnstein.	Funne i den gamle muren ved skulehuset. Vespestad, Bømlo.
B9266	Ei tjukknakka rettøks av grønnstein og ei «Sunnmørsøks».	Funnet i lag med kljåsteinar då ei hustuft vart revet i Frøystadvår, Herøy i Sunnmøre .
B9354	Mogleg emne til flintsigd.	Har loge på stabburet på Nedre Mork, Ørsta Sunnmøre
B9773	Liten vestlandsk trinnøks av finkornet bergart	Funnet ved to brønnhus. Vikøy i Kvam kommune, Hordaland
B10245	Dolk av gråsvart flint. Knekt i to og 13 cm lang.	Funnet i våningshusets mur. Nedre Opal, Gulen s. og p. Sogn og Fjordane, gnr. 37, bnr. 1,
B10381	Skaftoløks med innskifta «1617»	Funne i ei tuft på Frettheim i Flåm, Sogn og Fjordane
B10408	Skaftoløks av grønnstein.	Funne i tuften under Kvigna Fjellstove på Kvigna, Hauge, Lærdal.
B10492	Tverrøks av grønnstein	Funnet i grunnen til eit våningshus. Bale, Tjugum s, Balestrand p, Sogn og Fjordane, gnr. 10, bnr. 114
B10764	Nakkebøygd rombisk øks av bergart	Funnet i grunnen der det tidlegare hadde stått eit eldre hus. Sæ, Eidfjord s, Ulvik p, Hordaland, gnr. 28, bnr. 1, i
B10787	Oddstykke til en spiss av	Funne i oppkasta jord frå ei hustomt.

	lysegrå flint frå dolk eller spydspiss	Hareid, gnr. 41, bnr. 13 Møre og Romsdal
B10788 a) b),	a. Slipt holegga trinnøks av grønstein med ovalt tverrsnitt. b. Liten vestlandsøks av grønstein	Begge har loge i et av dei gamle husa på garden. Stette, Skodje s og p, Sunnmøre, gnr. 52, bnr. 1.
B10801	Breieggja øks av grå flint.	Funne i jord gravd ut av ei løetuft. Funnet på Tveit, Kinsarvik s, Ullensvang p, Hordaland, gnr. 150, bnr. 2-3
B11154	Emne av grønstein til øks eller hakke.	Funnet i en husgrunn. Hovland, Fitjar s, og p., Hordaland, gnr. 84 bnr. 2.
B11166 b),	b. Pilespiss av svart kvarts	Har låge i gamlestua på garden. Borgund, Selje s, og p., Sogn og Fjordane, gnr 29, bnr. 2 b)
B11254	Tverrøks av grønstein	Funnet enten i en gammel hustuft eller en grøft. Valo, Valestrand s, Sveio p, Hordaland, gnr. 8-9, på Trettene, inn for Tveitavikjo.
B11455	Vestlandsøks av grønstein	Funnet jord som var utspadd under golvet i våningshuset. Ones, Lygra s., Lindås p., Hordaland, gnr. 86, bnr. 1.
B11460	Spissnakket trinnøks av grønstein	Funnet ved utgraving av husgrunn 50 cm djupt ner i sandjord. Storedale, Ølve s., Kvinnherad p., Hordaland, gnr. 11, bnr. 4.
B11996	Firsidig kile eller økseemne av olivin.	Funnet i øvste jordlaget i stabburstuft. Framsund av Habostad, gnr. 28, bnr. 1, Stranda, Møre og Romsdal
B13638	Dolk av brungrå flint	Funnet i overste jordlag under rydding av tufta etter en gamal marstove. Kirkhorn, gnr. 205, bnr. 1, Hornindal, Sogn og Fjordane, på bruket Abelbakken.

Når ein sikker igjennom tabellen med desse potensielle toresteinane så er det minimalt med dokumentert folketro i tilvekstkatalogane. Årsaka til dette kann vera at lokalbefolkninga kanskje fortalte lite og at arkeologane ofte ikkje såg på folketro knytt til arkeologiske gjenstander som noko som var verdt å dokumentera.

Ved innsamlinga av gjenstander og utgravningar ute på bygdene på 1800-talet og starten av 1900-talet skreiv arkeologane skjeldan ned kva førestellingar lokalbefolkningga hande til dei arkeologiske gjenstandane og monumenter i landskapet. Atle Omland (2010: 104) har nemnt

nokre årsaker til dette. Lokalbefolkninga kunne til dømes vera for sjenerte til å fortelja akademiske framandfolk om si eiga folketru. Arkeologar og andre akademikere på 1800- og starten av 1900- talet, såg mogleg ikkje nytta av å dokumentere folketrua kopla til arkeologiske gjenstander, sidan denne folketrua ikkje kunne fortelje sanninga om gjenstandane. Folketrua ute på bygdene gradvis frå siste halvdel av 1800-talet, altså på same tid som arkeologane for alvor byrja arkeologiske utgravingar. Dermed vart det mindre skjangs for arkeologane å bli konforntert med folketru kopla til arkeologiske gjenstander og monumentar. Og til slutt så har folketrua skjeldan hindra arkeologer i arbeidet sitt, og dermed vart arkeologane ikkje alltid konfrontert med folketrua.

3.6 Oppsummering av historiske kjelder og folkløriske førestellingar

I litteraturen finn me døme på toresteinestura frå Plinius og forfatterar frå mellomalderen. Me finner også andre andre førestellingar som steinpilane til Odd som hadde ei overnaturlig kraft, som ikkje vart kopla til verken førestellingar rundt torevêr eller guden Tor. Odd fekk dei av ein person kalla seg Jólfr som er eit av namna til norrøne guden Odin. Me finner også dømer på andre namn på steinar med overnaturlig kraft som *sigurstein* og *lifistein*. Kan dette bety at det fantes forskjellige typer toresteinar med forskjellige funksjonar, eller at førestellingane kopla til toresteinane har forandra seg over tid?

Gjennom folkloren så ser me fleire dømer på førestellingar i folketrua som kopljar gjenstander av stein orginalt tilverka i steinalder eller bronsealder til torevêr. Desse vart kalla blant anna torestein eller tordenkil, og kunne også vera kvite runde steinar i kvarsitt, bergkrystall eller fossilar. Desse toresteinane hadde ei overnaturlig kraft og derfor kunne dei nyttast som verneamulettar. Desse verneamulettane vart gjøymde i husa og skulle forebyggja plagar forårsaka av vonde overnaturlige vesnar. Desse plagane kunne vera sjukdom på folk og fel, mat som vart dårleg eller lyn og brann inne. Ofte vart toresteinane kopla til torevêr, medan andre gongar vart pilspissar av stein kopla til førestellingar om alvar og ikkje torevêr.

4. Metode for gjennomgang av empiri

4.1 Metodisk innfallsvinkel

Viss me ser vekk i frå studien til Christian Blinkenberg som vart publisert i (1909; 1911), så har publisert ein kvantitativ tilnærming med oversikt over empirien. I tillegg var gjenstandene i Blinkenberg sin oversikt stort sett folklorisk materiale. Anne Ågotnes (1995) har i sin upubliserte artikkel ei liste over potensielle «tordenkiler» både som lausfunn og i gode kontekstar frå jernalderen og fram til nesten moderne tid. Det er og mange som har skrevet akademiske artikkler der dei tar for seg få gjenstander kvalitativ og kopla omgrepet *torestein* eller *tordenkil* til gjenstandsgruppa.

Dermed har behova for ei induktiv kvalitativ tilnærming allereie blitt dekkja, med at omgrepet *tordenkil/torestein* har slått rot, og påpeiking av ein del moglege kulturelle trekk og koplingar til torever og gamal tru. Det har allereie blitt drevet ei teorigenerering (Grønmo, 2004: 36-38, 128-132).

Behovet for å teste hypotesen om at *toresteinar* er eit utbreia fenomen bør dekkast, og derfor har eg har valt å ta ein deduktiv deskriptiv kvantitativ metodisk tilnærming til empirien.

Behovet for å ha ei kvalitativ heilskapleg studie for å finne å få å finne omgrep og finne generelle trekk ved fenomenet vil eg sei allereie er dekkja av fleire tekster nemnt i forskningshistoria. Den metodiske framgangsmåten min har fått inspirasjon av boka *Samfunnsvitenskapelige Metoder* av Sigmund Grønmo (2004: 36-38, 187-201).

Kjeldene mine eg gjenstandsfunna (dei ulike enhetene) som fungerer som ei kjelde i dokumentform. Andre vitenskaper omm menneskjer og kulturer kan ha andre typer kjelder for empirien sin og kan ha kjelde i form av aktører og observasjonar sidan dei ser på eit tema som er i notida. Den materielle kulturen som er kjelda brukt i arkeoloien i form av dokument sidan dei fungere som dokumenter eller tekst om fortida (Grønmo, 2004: 119-123, 193-201).

Det at eg har satt meg inn i forskningshistoria har fungert noko som ein kvalitativ forundersøkelse av fenomenett før eg gjennomførte den kvantitative undersøkelsen av empirien (Grønmo, 2004: 210-211).

Kor tilgjengelig informasjonen rundt toresteinane eller enhetene er i til dømes tilvekstkatalogen kan vareiere.

Enhetene er blitt ført inn i kvart sitt skjema i Funnkatalogen. Denne Funnkatalogen kan brukast som eit oppslagsverk og ligger i vedlegget. For å få dei inn i Funnkatalogen og få inn relevant informasjon har eg fyrst gjennomgått alle ugitte Tilvekstkatalogene til Universitetsmuseet i Bergen og Arkeologisk Museum til Universitetet i Stavanger frå 1800-talet til ca. 1980. Eg har nytta mykje Unimus.no, men sidan ikkje alle museumsnummera er tilgjengelige på Unimus, har det vert høgst nødvendig å nytte å dei skriftlegge utgåvene. Det er og fleire museumsnummer som er restansar, og derfor ikkje tatt med i empirien, utanom restansen S9643 frå Bjørn Myhre si utgraving på Ullandhaug som er flintdolken funne i hustoft folkevandringstid, og ofte referert til i litteraturen om toresteinar i jernalderen.

I innholdsanalysen kjem eg til å fokusere på nokre få variablar hjå dei ulike enheten som går an å samanlikne med kvarandre, og moglege å presentere i tabellar. Eg kjem ikkje til å ta ei heilhetlig vurdering av alle gjenstandene men kjem til å kommentere i analysen viss det er noko spesielt (Grønmo, 2004: 193-199).

Problemer med innholdsanalysen av empirien er at den kan vera påverka av mitt eige verdsynn og mogleg sviktane stabilitet hjå tolkningane mine av dei ulike enhetane/gjenstandane mine. Det er og garantert sviktande stabilitet hjå Tilvekstkatalogen (Grønmo, 2004: 199-201). Det som er ein klar realitet er alle dei ulike måtane arkeologar har formulert seg i Tilvekstkatalogene frå 1800-talet til omtalane av dei nyaste funna lagt ut i databasen unimus. Det har også sjølvstakt historiske og individuelle forkjeller på korleis arkeologiske utgravingar av gjenstandene har blitt gjennomført. Nokre er blitt faglig utgravd og andre funne av privtperssonar. Funna er også funne forkjellige typar kontekstar. Alle desse ustabilitetane kan påverka vurderinga av dei ulike enhetene og kan ha påverka innholdsanalysen av empirien.

Meininga bak denne sekundære deponeringa av tordenkiler i jernalderstrukturer, vert ikkje vurdert i innholdsanalysen av empirien, men blir tatt med i drøftinga knytt til teori. Den uavhengige variabelen i form av religiøse forestellinger kopla til toresteinar, som påverker dei avhengige variablane i for av den sekundære deponeringa av toresteinar og konteksta rundt, er ikkje mogleg å studere i ei kvantitativ analyse. Me kan ikkje reise tilbake i tid for å observere og dokumentere kvantitativt kva dei ulike menneskje tenkte når dei forholdt seg aktivt til gjenstandene. Derfor vert innholdsanalysen deskriptiv fokuserer på å synnlegjere empirien si

utbreiing og mogleg korrelasjon med andre variablar som til dømes nærveret av naturforma toresteinar (Grønmo, 2004: 291-295). Drøfting om meininga bak, kjem i den teoretiske drøftinga, som kan kople saman teori og dei statistiske svara frå innholdsanalysen av empirien.

Ved innholdsanalysen der enheitane (museumsnummer med potensielle toresteinar) har blitt deskriptiv statistisk analysert i programmet SPSS (Statistical Package for the Social Sciences) for å visualisere empirien enkle tabellar (Grønmo, 2004: 267-279).

4.2. Praktisk fangangsmåte

Eg prøvde fyrst å søke på gjenstander gjennom unimus, noko som viste seg å fungere dårleg i arbeidet med toresteinar. For det fyrste er det mange ulike typar eldre gjenstander frå steinalder og bronsealder. For det andre så finnes det fleire namn for kvar gjenstanstype i stein, som har vert populære å bruke i kvar si tid. For det tredje vart det vanskeleg å få fram bra resultat ved å søke både på jernalder og på ulike typar gjenstander av stein. Dermed måtte leite gjennom tilvekstkatalogane på gamlemåten etter empiri.

Etter eit langt arbeid med å samle inn empiri, hadde eg endelig klar nokre funnlistar og søkte om å få observere desse gjenstandene visuelt i magasina hjå Universitetsmuseet i Bergen og ved Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger.

Ved observasjonen av funna i magasina tok eg bilete, målte nokon og skreiv ned observasjonar som kunne bli nyttige. Eg såg og etter merkjer som kunne antyde nokon som helst type bruk. Som til dømes merksjer etter folkemedisinsk bruk, som kunne likne avskrapninga av «medisinsk» pulver av gjenstanden som ein ser døme på i folkloren.

Denne Funnkatalogen fungerer både som registreringskjema for den kvantitative statistiske analysa mi (Grønmo, 2004: 267-272), men forhåpentlig også brukanes som eit oppslagsverk over informasjon om toresteinar og potensielle toresteinar funne i jernalderkontekstar på vestlandet i Noreg.

Skjemaane er strukturert slik at den har to delar for dei ulike museumsnummera. Dein fyrste delen er skriftleg informasjon i tabell, medan den andre delen inneheld bileter av gjenstanden. I ruta oppe til venstre er det informasjon om geografisk plassering og om funnet er gjort av arkeolog eller provatperson, viss dette er mogleg å oppdrive i tilveksten. I midten til venstre inneheld sitat av teksten i tilvekstkatalogen som er mest interessant for gjenstanden. I ruta

oppe til høgre står det noko forenkla og sjølvformulert kva slags type gjenstand som blir observert, kva kontekst den er funne i, datering av denne konteksten ut i frå det som tilvektskatalogen gjer informasjon om, og om museumsnummeret var prioritert ved søknad til magasinane ved Universitetsmuseet i Bergen og Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. Den viktige informasjonen i denne ruta er den siste som svarer ja eller nei om museumsnummeret er statistisk analysert. Vurderinga om kva gjenstandar som var verdt å analysere statistisk er basert på informasjonen i tilvektskatalogane og undersøkinga av dei i magasinet. Det er ikkje vits å statistisk analysere usikre gjenstandar. I midten til høgre står mine eigne observasjonar av gjenstandne, og informasjon om eventuelt andre funn frå same kontekst. Den nederste ruta inneheld andre kjelder enn tilvektskatalogen som omtalar funnet i skjemaet.

Ved eit par tilfeller er ikkje museumsnummeret å finne i verken tilvektskatalogen eller på unimus.no. Dette er restansar . Ved restansar vert dette tydeliggjort i ruta som egentlig skulle inneholde sitat frå tilvektskatalogen.

Når to aktuelle funn frå same struktur kjem under same museumsnummer, vert desse presentert saman i funnkatalogen. Viss dei er funne i same område eller gardskompleks med kvart sitt museumsnummer, så vert dei presentert kvar for seg i funnkatalogen.

Målet med skjemaet er ikkje at alle punktene skal vera utfylt, men at dei punktene det er mogleg å finne informasjon om vert utfylt. Målet med skjemaene og funnkatalogen er at den skal gje ei god oversikt.

Ved arbeidet med funnkatalogen min, kom eg fram til nokre variablar det ville ha vore mest fruktbart å undersøke frekvensen av. Eg valte ut nokre som var mest fruktbar å undersøkje deskriptiv statistisk. Resultatet er i neste kapittel

5. Empirisk materiale

5.1 Innsamlinga av det empiriske materialet

Her analyserer eg utbreiinga og omfanget av *toresteiner* i form gjenstander av stein originalt tilverka i steinalder og tidlig bronsealder, som er funne i jernalderkontekster som hus og graver i Vest-Noreg. Eg har samla inn empirien inn frå tilvektskatalogar frå Universitetsmuseet i Bergen, og Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. Gjenstander i desse tilvektskatalogene funne utanfor vestlandfylka vert ikkje tatt med i analysen.

Ved innsamlinga av empirien har eg sett stor variasjon på dokumentering av *toresteinar*. Til dømes har nokre fått eit anna funnummer enn dei andre gjenstandane funne i same konteksten som tydelig er frå jernalder. Ved Universitetsmuseet i Bergen kunne eg observera at nokre gongar var *toresteinane* lagra i steinaldermagasinet og andre gongar i jernaldermagasina.

Det er mogleg det er nokre mørketal av udokumenterte *toresteinar* i tilvektskatalogane. Tidlig i arkeologien vart fleire gjenstander ufaglig utgravd og levert inn til musea, som resulterte i lite informasjon om funnkonteksten i tilvektskatalogen. Ved faglige utgravningar kan arkeologen ha oversett moglege *toresteinar*, spesielt dei naturforma runde steinane sidan dei finnes naturleg i jorda. Funnkontekstane som eg skal sjå nærmare på er bygningsstrukturar og gravar frå jernalderen, frå 0. til 1030 e.kr. Kor sikre alle kontekstane er, er det varierende mengde informasjon om.

Gjenstandane eg leita etter i tilvektskatalogane var økser, pilspissar, spydspissar, stjerneforma køller, flintdolk, sigd, skraparar, og fine avslag og flekker som hadde ein storleik på 5 cm eller større eller større, som er funne i jernalderkontekstar. Ved arbeidet med empirien har eg fokusert meir på at *toresteinane* har ein utsjånad som ser spesiell ut for folk i jernalderen, framfor å gje nøye klassifiseringar av gjenstandsmaterialet. Det viktigste er at *toresteinane* i empirien er tilverka før jernalderen og enn å datere *toresteinane* til den primære bruksfasen.

Relevante andre gjenstandar frå same kontekst som *toresteinane*, vert og deskriptivt statistisk analysert. Er det til dømes kvite runde steinar i lag med desse eldre steingjenstandane. Kan andre jernalderfunna frå same konteksten sei om kjønn, alder på gravane/bygningstrukturane, og type kontekst og så vidare?

Gjenstander frå vestlandet med museumsnummer som høyrer til andre landsdelmuseum enn Universitetsmuseet i Bergen eller Arkeologisk museum under Universitetet i Stavanger, har

eg ikkje tatt med i den statistiske analysen. Nokre av gjenstandane eg fekk undersøkt i magasine, kunne utelukkast med så stor sikkerhet at dei ikkje er å finne i Funnkatalogen.

5.2 Statistisk resultat

Etter å ha gjennomgått alle tilvekstkatalogane frå 1866 og fram til i dag endte eg opp med til saman 93 potensielle toresteinane som er å finne i funnkatalogen min. Eg har eg deskriptivt statistisk analysert 46 funn (tabell 2). ved å velje ut dei mest sannsynlege *toresteinane*. Nokre få av desse fekk eg ikkje observert i magasinane av ulike årsakar, som at dei ikkje var moglege å finne i magasinet, eller det ikkje var moglegheit å få observert dei.

Til slutt endte eg opp med 93 museumsnummer med potensieller toresteinar. Det var stor variasjon i formen på dei potensielle toresteinane, og stor variasjon i kor god kontekstane var. Derfor valte eg å analysere statistisk kunn dei gjenstandane som var tydelig laga i steinalderen eller bronsealder (ved unntak av S7698 o) grunna den spesielle formen), og som låg i veldig god kontekst eller berre låg inni strukturen frå jernalder slik måte at den tvilsomt kunne vera frå underliggjande buplasspor. Dermed var det igjen 46 museumsnummer med gjenstander fruktbart å analysere statistisk.

Tabell 2 Statistisk analyserte gjenstandar

Statistisk analyserte gjenstandar av mengda potensielle toresteinar frå perioden 0-1000 e.Kr i jernalderen på Vestlandet i Noreg			
		Mengd museumsnummer med potensielle toresteinar	Prosent
	Statistisk analysert	46	49,5
	For usikre for statistisk analyse	47	50,5
	Total	93	100,0

Sjølve om 47 av museumsnummera innheldt for usikre gjenstander, så har eg tatt dei med i funnkatalogen sidan det er vanskelig å avkrefte desse som *toresteinar*, syne omfanget av

potensielle *toresteinar*, og for å syne kor utfordrane det er å arbeide med denne gjenstandsgruppa med store variasjonar.

5.3 Geografisk fordeling

Eg har undersøkt fordelinga av *toresteinar* i vestlandsfylka (Tabell 3).

Tabell 3 Geografisk utbreiing

Fordelinga i dei vestlandske fylka			
		Mengd	Prosent
	Møre og Romsdal	5	10,9
	Sogn og Fjordane	5	10,9
	Hordaland	7	15,2
	Rogaland	29	63,0
	Totalt	46	100,0

Det seg at over halvparten av *toresteinane* kom frå Rogaland. 29 museumsnummer, det vil sei 63% frå Rogaland. Fordelinga elles mellom dei 3 andre fylka var ganske jamn og varierte om lag mellom 10% 15%. Årsaka kan vera at fenomenet med *toresteinar* er meir utbredt i Rogaland, men det at Rogaland er eit rikt jordbruksområde med ei stor busetjing i jernalder kan og vera ei årsak.

5.4 Fordeling i kontekst

Av dei 46 museumsnummera, var 31 funne i gravar, 14 i husstrukturar og eit var eit lausfunn av ei bergartøks med runer, der runene fungerer som ein jernalderkontekst (Tabell 4). Det at 67,4% altså over halvparten er funne i gravkontekst kann bety at deponering av *toresteinar* i gravar var meir vanleg enn deponering i hus, men vanskeleg å stadfeste.

Tabell 4 Kontekst

Type kontekst			
		Mengd	Prosent
	Grav	31	67,4
	Hus	14	30,4
	Rune	1	2,2
	Totalt	46	100,0

Gravar har gjennom den norske arkeologien si historie blitt gravd ut i større grad enn hustufte, både på 1800-talet og ved fyrste halvdel at 1900-talet. Ved moderne arkeologiske utgravingar av jernalderlokaliteter ved flateavdekking med gravemaskin vert husstrukturane dokumentert, medan det er mindre fokus på å finne arkeologiske gjenstander. I tillegg liggjer nokre husstrukturane gjøymd under pløya gjord slik at mange gjenstander kan ha blitt pløya vekk frå huskonteksten sin. Ved moderne utgravingar av jernaldergravar vert det mogleg å undersøkinga grundigare, og skjansjen for å finna ein potensiell *torestein* vert høgare enn ved utgraving av husstrukturar. Derfor er det likevel mogleg at deponering av *toresteinar* var i verklegheita like vanleg i jernalderhus som i jernaldergravar. Om det er ulike idear kopla til deponering i hus som deponering i gravar, er vanskelegå stadfeste.

Nedafor nemnar eg nokre av gjenstandane i hustrukturar og gravar for å syne gode dømer på dette gjenstandsmaterialet. Viss ein vil sjå gjennom alle gjenstandene må ein skikke gjennom funnkatalogen. Etter desse døma vert bergartsøksa med runer presentert.

5.4.1 Husstrukturer som kontekst

I bygningstrukturar vert *toresteinane* ofte funne i veggar, i nærleiken av eldstadar, i golvet, i stolpehol.

På Stend i Hordaland fylke, og der vart det funne ei vestlandsøks/maisel av grønsstein B12277 inne i ein eldstad i ei nausttuft frå folkevandringstida (Myhre, 1988: 320). I Rogaland er det to andre funn i eldstader i hustufter frå folkevandringstid. Den eine er flintdolken S9643 (Figur 1) funne i grop 39 på sida av eldstad 7a i rom III i hustuft 3 på gardsanlegget på Ullandhaug (Myhre, 1980: 251-257; Myhre, 1988: 316-319).



Figur 1 S9643 (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger)

På Vaula i Mosterøy i Rogaland vart det funne ei stjerneforma kølle S7961 f) (Figur 2) i eldstaden i ei hustuft frå folkevandringstid (Møllerop, 1990: 69). I same område vart også ein øks av diabas S7960 f) (Figur 3) funne i ei anna hustuft frå folkevandringstid, denne låg ikkje i ein eldstad og har fått lite merksemd.



Figur 2 S7961



Figur 3 S7960

På eit gardsanlegg frå jernalder på Birkeland i nærleiken av Egersund i Rogaland, gravd ut av Jan Petersen, så vart det funne nakkestykke av ei tjukkknakka øks S4900 q) (Figur 4) av bergart i hustuft 2 (Petersen, 1933: 7-9).



Figur 4 S4900 q)

I ei hustuft frå vikingtid i Ytre Moa, Årdal i Sogn og Fjordane Halv klubbe kvartsitt B11705 2x) (Figur 5) (Dommasnes, 1987: 38).



Figur 5 B11705

På Ullaland på Nærbø i Hå kommune i Rogaland er det funne ei hjerteforma pilspiss S4792 ø) (Figur 6) i grusbotn og ei hjerteforma spydspiss S4792 æ) (Figur 7) i grop 38 i same hustuft, som og inneholdt 19 stykkjer flint, 9 stykkjer bergkrystall, to fragment av rund stein og ein rund stein av kvartsitt (Petersen, 1933: 61-63).



Figur 6 S4792 ø)



Figur 7 S4792 æ)

I ei hustuft frå enten vikingtid eller mellomalder på Låkabø skal det ha blitt funne ei øks av bergart (Lillehammer, 1973-75: 282). Eg søkte om å få sjå denne, utan hell. Den var enten tapt eller kanskje ha vore ei feiltolka bryne.

5.4.2 Graver som kontekst

I gravkontekstar, er det ein større variasjon av kor gode kontekstane er. Nokre gongar ligg *toresteinane* inne i gravkammeret i god kontekst, medan andre gongar høgare oppe, slik at ein kan mistenkje dei har hamna der tilfeldig med jordmassar som er brukt til å lage gravhaugen.

Fyste døme ser me i ei jernaldergrav nemnt av Ringstad, Samdal og Hemdorff er dobbeltgrava på Kvåle i Sogn og Fjordane frå 400-talet. Her er det funne ei vestlandsøks av diabas B13954/59 (Figur 8) i ei dobbeltgrav med ei kvinne og ei jente om lag 7 år gamal. Øksa låg i eit hjørne av grava i lag med blant anna 7 små kvite runde steinar (Figur 10), eit stykkje lysegrå flint/kalcedon (Figur 11), 1 avslag bergkrystall (Figur 9), skår av romersk glass, glimmer, en grøn stein med små knoppar, to «knappar» av glass og tre små ansiktsmasker av sølv. Dei vert alle tolka som amulettar, og kvinna tilleggjast moglege kultiske funksjonar (Ringstad, 1988: 325-328; Samdal, 2000: 76-77; Thäte og Hemdorff, 2009: 46).



Figur 8 B13954 /59



Figur 10 B13954 /62



Figur 9 B13954 /61



Figur 11 B13954 /62

Ved ei utgraving i perioden 2005-2006 på Avaldsnes i Rogaland, var det i Kongshaugen funne ei øks av grønstein S12222 f) (Figur 12) i noko som sannsynlegvis var ei kvinnegrav frå folkevandringstid eller vikingtid. På grunn av plyndring er grava er vanskelig å datere. Øksa vart tolka som ein verneamulett med moglege førestelningar til torevêr i jernalderen knytta til seg. Thäte og Hemdorff gjer 3 moglege forklaringar på årsaka av deponeringa av denne øksa i denne grava. Den var bevist plassert i grava som ein del av gravgodset, var bevist lagt i grava som ein del av gravleggjingsritualet, eller at dei som hadde plyndra graven la den ned i grava for å forebyggje at den gravlagde «gjekk igjen». (Thäte og Hemdorff, 2009: 43-45, 49-51). Ut frå bilete har øksa ikkje slitespor som kan koplast til spesielle aktivitetar som avskrapning til folkemedisinsk bruk.



Figur 12 S12222 f) (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitet i Stavanger)

I ei grav frå yngre romersk jernalder eller folkevandringstida I Vindafjord i Hordaland er det funne ei lita flekke av flint B4284 d) i lag med seks bjørneklær. Flintflekka har lik form som bjørnekløra. Moglig kvinnegrav på grunn av spinnehjul (Samdal, 2000: 137). På bilete er flintflekka den som er nedst til venstre (Figur 13). Desse må ha hatt ei symbolsk tyding, når dei er funne saman og ikkje kan ha nokon praktisk funksjon.



Figur 13 B4284 d)

I ei gravhaug i eit gardannlegg på Birkeland vart eit stykke av vestlandsøks av grønstein S4788 e) (Figur 14) funne (Petersen, 1933: 14-15). I same gardanlegg vart ei anna bit av øks i bergart (Figur 4) funne i ei hustuft som tidligere er nemnt.



Figur 14 S4788 e)

I ei kvinnegrav frå vikingtid på Tero eller Terum i Aurland i Sogb og Fjordane vart ei vestlandsøks B8991 t) (Figur 15) og ei flekke B8991 u) (Figur 16) funne (Ringstad, 1988: 329; Løddøen, 1993: 32; Samdal, 2000: 52).



Figur 15 B8991 t)



Figur 16 B8991 u)

B11283 tverrøks (Figur 17) av grønstein funne innafor kantskjeda i ein gravhaug frå eldre jernalder på Bjellan, i Stord i Hordaland. Den låg i overgangen mellom haugbotnen og fyllmassane over, og ikkje i lag med det andre fyllmaterialet. Denne har blitt kopla opp mot toresteinstrua i ei populærvitenskapleg artikkel i *Stord Bygdebok* (Bakka, 1972: 113-114). Viss det stemmer at folk i jernalderen har sett på denne som ein amulett, har dei kanksje medviten deponert denne litt gjøymd i gravhaugen. I dokumentert folketru frå historisk tid, har toresteinar ofte blitt gjøymd slik at dei ikkje var synlige i husa.




Figur 17 B11283

Grav frå vikingtid i Strand vart ei øks av bergart S6185 qq) (Figur 18) funne i lagt med eit rikt gravmateriale. Ut i frå gravmateriale som våpen har den gravlagde vore mann (Samdal, 2000: 52). Ved observasjon av denne øksa i magasinet, så bar den preg av å ha loge i lag med gjenstander av jern, og var noko fragmentert. Den hadde også skinnande metallstriper på seg som kanskje kan tyde på at denne øksa av bergart kanskje kan ha blitt gjenbrukt som bryne (Figur 19).



Figur 18 S6185 qq)



Figur 19 S6185 qq)

5.4.3 Runeinnskrift

Den eine bergatsøksa med museumsnummeret S7352 (Figur 29) er egentleg eit lausfunn, men på grunn av runeinnskriften som med sikkerhet er frå jernalderen og sannsynligvis frå eldre jernalder. Denne runeinnskriften fungerer som ein sikker jernalderkontekst, og derfor er den tatt med i analysen. Altså her ser me klart og tydelig at nokon i jernalderen har forholdt seg aktivt til denne øksa av bergart. I den populærvitenskapleg artikkelen *En gave fra gudene* i magasinet *Frå haug ok heiðni* har Ingvild Aarstad Grønbeck (2016) sett nærare på runene på øksa frå Egra. Ho meiner runerekka er urnordisk og er dermed rissa i eldre jernalder ein gong mellom 100 e.Kr og 700 e.Kr. Når ho leste runerekka frå venstre til høgre så kunne ho tydelig sjå kva runer dei to fyrste runene var lette å sjå var ei g-rune og ei a-rune, medan den siste var noko usikker kunne kanskje vera ein w-rune eller ei þ-rune. Med desse tre runene fant ho ikkje noko forståelig ord. Men når ho tolka runene som forkortelsar for ord altså omgrepsruner, så kom ho fram til ein intressant mogleg tolkning.

G-runen kunne tyde gebu som igjen kan tyde gave. A-runen kunne tyde ansuR som tyder gud. Den siste runer kunne enten vera w-runen som tyder wunju altså «fryd, glede», elle þ-runen ha namnet þurisaR altså «tusse, troll». Grønbeck kom dermed fram til at runerekka på bergatsøksa frå Erga kunne kanskje bety «Gave [fra] gud/guder [som gir] glede» eller «Gave [fra] gud/guder [og/eller] tusser».



Figur 20 S7352 (Bilete tatt av Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger)

Det finnes døme på andre gjenstander opprinneleg laga i steinalderen, som har fått runeinskrift på seg. I ein artikkelen *Runfund 1987* av Thorgunn Snædal, Marie Stoklund og Marit Åhlén (1988: 243-249), vert runeinskriftar på fire toresteina omtalt. Desse er nemnt lengre nede der eg nemner funn frå Sverige.

I ei hustuft frå folkevandringstid vart ein økseforma figur av kleberstein B12828 (Figur 21) , som tvilsomt kan ha nokon praktisk funksjon. Når eg undersøkte denne i magasinet fant nokre furer på eine sida som liknar runer. Dei tydligste furene liknar i ein Z-rune, men kan ikkje stadfeste om den er ei rune, tilfeldig rabbling eller slitasje. Denne figuren har tidlegare berre blitt tolka som ein amulett i lag med ein bjørneforma amulett i kleberstein frå same hustufta, utan at det har blitt tatt stor stilling til førestellingane bar (Kristoffersen, 1993: 192-193).



Figur 21 B12828

5.5 Runde steinar

Kvite runde steinar har blitt dokumentert i fleire graver frå jernalderen (Samdal, 2000: 52-55, 98; Ringstad, 1988: 332-336) og i husstrukturar frå jernalder (Myhre, 1980: 256-257; Myhre, 1988: 318-319).

Tabell 5 Kvite runde steinar

Runde steinar			
		Mengd	Prosent
	Tilstades	10	21,7
	Ikkje tilstades	36	78,3
	Totalt	46	100,0

Når eg satte meg inn i litteraturen kopla til fenomenet med toresteinar, oppdaga eg i folkloriske kjeldar så hadde runde steinar som ofte var kvite liknande idear kopla til seg som steingjenstandane primært laga i steinalder og bronsealder. Eg la også merke til gode

funnkontekstar der det både var ein steingjenstand primært laga i steinalder eller bronsealder, og ein eller fleire kvite runde steinar i. Døme på dette ser me i den eine hustufta frå folkevandringstid på Ullandhaug i Rogaland (Myhre, 1988: 318-319), der det vart funne ein godt bevart flintdolk frå bronsealderen i ei grop på den eine sida av eldstaden og i ei grop på andre sida av eldstaden vart der funne ein kvit rund stein. Eit anna døme er kvinnegrava med to individer funne på Kvåle i Sogn og Fjordane (Ringstad, 1988: 332-335). I denne grava vart det funne i vestlandsøks av bergart, eit avslag av bergkrystall, eit avslag av kalsedon og så mange som sju små kvite runde steinar (Figur 10).

Kvite runder steinar kan ikkje vera lette å oppdage når dei finnes overalt naturleg langs kysten takka vere istida som har rulla dei runde og plassert dei rundom Noregs land. Når eg har fått påvist at 10 av 46 kontekstar med runde steinar i tillegg til ein torestein i følge funnlista i tilvekkstkatalogen, og med tanke på moglegheita for at nokre arkeologar har oversett nokre runde steinar, så vil eg sei at dette er intressant. Likevel kan nokon av desse steinane ha dukka tilfeldig opp i nokre av husa og gravane fordi dei finnes naturleg i området.

5.6 Fordeling i tid

I litteraturen som nemner torestein, kan ein sjå at dei er å finne i fleire periodar i jernalderen og i seinare tid. Derfor ynkja eg i problemstillinga å svare på utbreiinga i tid (Tabell 6). Det viste seg å vera vanskelig nøyte dateringar av kontekstane. Alle funna eg analyserer statistisk har kontekstar datert til jernalderen, men mange av desse kontekstane er ikkje datert til ei spesifikk periode i jernalderen. Så mange som 4 kontekstar var berre plassert til å høyre til jernalderen utan nokon indikasjon på om dei i det minste kunne høyre til eldre eller yngre jernalder. Fleire andre var datert enten til eldre jernalder, eller yngre jernalder utan nokon meir spesifisering. Fleire andre var meir spesifikt datert til meir spesifikke perioder. Som til dømes folkevandringstid og vikingtid.

Tabell 6 Fordeling i eldre og yngre jernalder

Fordeling mellom eldre og yngre jernalder			
		Mengd	Prosent
	Eldre jernalder	32	69,6
	Yngre jernalder	10	21,7
	Usikkere	4	8,7
	Totalt	46	100,0

Det gjekk opp for meg ved utallige gjennomganger av empirien at mange av kontekstane høyrte til folkevandringstida eller yngre romertid. Derfor undersøkte eg kor mang som kunne plasserast innanfor denne tidsperioden. Derfor har eg undersøkt kor mange av kontekstane som var plassert i yngre romertid eller folkevandringstida (Tabell 7).

Det viste seg at halvparten av kontekstane kunne daterast til yngre romersk jernalder eller folkevandringstid. 8 stykk eller 17,4 prosent kunne plasserast i vikingtida. Det vil sei at halvparten kan plasserast i yngre romersk jernalder og at nesten ein av fem kan plasserast i vikingtid. Dette kan tyde på at fenomenet var mest populært i yngre romersk jernalder og folkevandringstid, og at fenomenet var nokså populært i vikingtida. Likevel kan dette samsvare noko med den generelle funnmengda av gjenstander fordelt på desse tidsperiodane. På vestlandet er det kjent at utbreiinga av lokalitetar frå yngre romersk jernalder og folkevandringstid var stor viss ein samanliknar med andre tidsperiodar. I yngre jernalder er det også fleire lokalitetar frå vikingtid enn frå merovingertid. Dette kan forklare noko av denne fordelinga. Sidan me finn toresteinar i kontekstar frå eldre romersk jernalder og frå merovingertid, så er det sansynlig at fenomenet med toresteinar har vort til stades gjennom heile jernalderen etter år 0.

Tabell 7 Fordeling i yngre romersk jernalder, folkevandringstid og vikingtid

Oversikt over kontekstar frå yngre romersk jernalder, vikingtid og dei som er frå andre tider eller vanskelege å datere			
		Mengd	Prosent
	Yngre romersk jernalder og folkevandringstid	23	50,0
	Andre tider eller kontekstar vanskelege å datere	15	32,6
	Vikingtid	8	17,4
	Totalt	46	100,0

5.7 Kan ein kople konteksten til kjønn?

Eg ville også undersøke korleis om ein kunne knytte utbreiinga av toresteinar til kontekstar med kjønnsstereotypiske gjenstander, og ut frå dette finne ei peikepinn på om dette fenomenet kunne vera kople til kvinner eller menn. Viss konteksten inneholdt tekstilreiskap som til

dømes spinnehjul og/eller det var kvinnelige smykker eller perler til stade vart konteksten rekna som kvinnelig. Viss konteksten inneheld jordbruksreiskap av eller inneholdt våpen som skjoldbuler, sverd, pilspisser, spydspissar og liknande vart konteksten rekna som mannlig. Viss det både var kvinnelige og mannlige gjenstande tilstades, eller det ikkje vart påvist nokon gjenstander som kunne identifisera som kvinnelig eller mandig, så rekna eg konteksten som nøytral i den statistiske analysen.

Tabell 8 Kjønn

Kjønnsstereotypiske gjenstander tiltades			
		Mengd	Prosent
	Mannlige gjenstandar	6	13,0
	Kvinnelige gjenstandar	19	41,3
	Nøytralt	21	45,7
	Totalt	46	100,0

Resultatet (Tabell 8) var bere 6 (13%) museumsnummer med mannlige gjenstandar, 19 (41,3%) museumsnummer med kvinnelige gjenstander og til slutt 21 museumsnummer utan gjenstander ein kunne ha knytta til eit kjønn, eller som inneholdt både kvinnelige og mannlige gjenstander. Dette syner ei moglehet for at toresteinar til å høyre heime i kvinnelige kontekstar. Likevel kan me sjå at dei kan vera tilstades i mannlige kontekstar, som til dømes mannsgrava frå Strand i Rogaland frå vikingtida. Viss ein ser på gjenstander funne i hus frå jernalderen så er det ikkje noko serlig ein finn av gjenstader assosiert med menn. Kanskje dette tyder på det at bruken av toresteinar var kjønnsnøytral og berre kopla til vern for lyn og bruk i folkemedisin?

5.8 Fleire toresteinar til stade i same kontekst?

Noko som gjekk ofte igjen av at det ofte var fleire potensielle toresteinar i same kontekst (Tabell 9). Av dei 46 analyserte museumsnummera så inneholdt 17 de vil sei 37% fleire enn ein torestein i same kontekst. Det betyr at nesten så mange som 2 av 5 kontekstar med torestein hadde to stykk. Kan dette bety at nokre mennekjer i samfunnet hadde ei slik rolle at det var naturleg at dei var eigarar av ein torestein, og derfor kunne likegodt ha fleire? Nedafor tabellen syner eg nokre dømer.

Tabell 9 Fleire toresteinar tilstade

Andre potesielle toresteinar tilstades i same struktur			
		Mengd	Prosent
	Tilstades	17	37,0
	Fråverande	29	63,0
	Totalt	46	100,0

Både i gravfunn frå Kninnherad i Hordaland B4555 og i Aurland i Sogn og Fjordane B8991 øks av bergart har blitt funne i lag med ein skrapar av flint (Samdal, 2000: 51).

Eit døme på dette er gjenstandane funne i gravhaugen på Erga der gravfunna frå jernalder fekk museumsnummer S4446 a)-q). I følgje tilveksten er det underliggjande buplassfunn frå bronsealder. Det var funne også funne ei miniatyrøks av kleber S4447 og to trinnøkser av grønstein S4448 og S4553. Ingen av dei 3 sistnemte gjenstandene er funnet under gravhaugen men noko spreidd rundt. Her har kanskje funna av desse potensielle toresteinane påverka tolkninga av konteksten til å vera meir rota i enn den kanskje var i verklegheita. Dei to trinnøksene er i tillegg opprinneleg frå eldre steinalder og ikkje bronsealder. Det er mogleg at desse gjenstandene har hamna der med ei tilfeldigheit, men med tankane på storleiken til trinnøksene, kan eg ikkje skjønne korleis dei kan ha blitt spadd opp på gravhaugen utan å ha bli lagt merkje til. Kanskje har dei bevist blitt noko gjøymd i gravhaugen?

Eit anna dømer på sikre kontekster der det er funne fleire toresteinar i same kontekst, der dei ligg på ein slik måte at dei må ha blitt sekundært deponert det i jernalderen. Dette ser me med spydspissen og pilspissen av flint S4792 æ) ø) funne i same rom i ei tuft frå folkevandringstida. Spydspissen var funne over ei grop i midten av rommet, medan pilspissen var funne i nærleika av tverrmuren mot aust i same rom.

Eit anna døme på dette finn me i kvinnegrava frå Kvåle i Sogn og Fjordane der er funne ei vestlandsøks av bergart B13954 /59 og eit avslag av bergkrystall B13954 /62. Dei er funne inne i steinkista i gravhaugen, samla med eit rikt funnmateriale og to kvinnelige individer.

Andre gongar kan ein avskrive slike gjenstander som buplasspor frå steinalderen under jernalderstrukturen, eller blanda inn saman med jernalderstrukturen. Eit døme på dette finn me i ei tuft på Utsira frå jernalderen utgravd av Jan Petersen der det vart funne 556 små

stykker flint og 2 små stykk av bergkrystall. Gjenstandene funne i denne tufta har museumsnummer S5190 (Petersen, 1936: 22-23).

5.9 Teikn på medisinsk bruk?

Når eg gjekk gjennom empirien ville eg undersøkje moglegheita for potesiell praktisk sekundær bruk ved å sjå på slitasjeskader, som kunne ha kome av liknande folkemedisinsk bruk som avskrapning av pulver omtalt i kapitelet om folklorisk førestellingar.

Av dei ulike *toresteinane* i funnkatalogen hadde mange ulike typar av slitasje og nokon var godt bevarte. Nokre såg ut til å ha bli frostsprengt eller bevist delt i to. Kanskje nokon ville dele *toresteinen* sin med nokon andre? Andre hadde små furer som var 1-3 mm breie. Desse kunne ha kome av slitasje frå primær bruk, slitasje ved pløying, slitasje frå naturen eller merkjer etter at det kan ha blitt skrapa av pulver av dei til medisinbruk. Nokon hadde jernflekker på seg etter å ha loge i lag med gjenstander av jern. Det var så stor variasjon i dei ulike typane slitasje, at det var umogleg å oppdage spessiell slitasje for spesielle typar sekundær bruk.


Det var også umogleg å konstatere sekundær bruk som folkemedisin. Det er ennå ei lita moglegheit for denne praktiske bruken, men den er vanskeleg å identifisera i slitasjen av *toresteinane* kom av. Viss dei likevel har hatt ein praktisk funksjon, så trenger det ikkje å tyde at *toresteinane* ikkje har hatt ei symbolsk tyding i folketrua i jernalderen.

5.10 Korleis kan me vete at ein gjenstand i flint har blitt brukt som eldf Flint?


I samband med mi eiga erfaring med å slå eld med eit stykk replika av eldstål lik dei brukte i vikingtida, og eigen eksperimentelle testing på fleire ulike bitar flint i gjennom faget ARK327 Littiske studiar, så vil eg sei at eg kjenner igjen nokre attributter som går igjen på merkjene som er igjen på flintsteinen. Desse har eg fått tatt bilete av ved mikroskopet ved tørrlabben ved Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur- og Religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Desse kjenneteikna gjeld kunn for eldslaging typisk for yngre jernalder, og består av små konkylieforma avspaltingar med hengselstbrot. Desse små kokylieforma avspaltingane med

hengselsbrot låg tett i tett om kverandre, og det er dette som ofte blir omtalt som «knusespor» dei få gongane eldf Flint blir nemnt (Figur 22-25).




Figur 22 Merkjer på eldf Flint



Figur 24 Merkje på eldf Flint




Figur 23 Merkje på eldf Flint




Figur 25 Merkje på eldf Flint

Ved hjelp av kameraet i mikroskopet oppdaga eg og nokre små kuleforma flekker av jern som satt fast i nokon av flintbitane (Figur 26 og 27). Langs kanten var det eit smalt og tynt lag med jern som var igjen frå eldstålet.

Bilete av kuleforma jernflekke og jernbelegg:



Figur 26 Merkje på eldf Flint



Figur 27 Merkje på eldf Flint

Med kjenneteikna eg kunne sjå i mikroskopet vil eg påstå det i mange tilfelle går ann å sjå forskjell på knusespor etter eldslaging frå yngre jernalder, og knusespor som berre kjem av slitasje. Eg vil og leggje til at ved hjelp av eldstål av type som var vanleg i yngre jernalder, så er det like lett å slå gnistar frå ein stein av kvarts, som det er å slå gnistar av ein flintbit. Dette har eg testa ut sjølv.

Eg såg etter knusemerkjer som kunne likna eldslaging vanleg i yngre jernalder på gjenstandane av flint. Viss eg kunne finne tydelig bevis for at toresteinar hadde ei praktisk funksjon og ikkje ei symbolsk.

Ingen av dei klårast reiskapen av flint frå steinalder eller bronsealder som ikkje berre var flekker eller avslag, såg ut til å ha blitt sekundært gjenbrukt som eldf Flint verken i eldre eller yngre jernalder. Dei hadde ingen teikn på knusespor frå eldslag vanleg i yngre jernalder. I eldre jernalder var det meir vanleg å bruke ei jernsyl på ein stein av kvartsitt. Derfor kan me utelukke at dei klåre reiskapen av flint har blitt brukt som eldf Flint i perioden 0-1000 e.Kr. i jernalderen på vestlandet. Viss dei har blitt brukt eldslagning så har det blitt skjedd i ei anna tid enn jernalderen, på ei anna måte, som gjer andre typer spor. Til dømes når Bjørn Myhre skriv at han har funne teikn på eldslag på flintdolken, så må det vera handtakten brukt på pyritt i flintdolken sin primære samtid i bronsealderen. Slitasje etter slik eldslagning ser anleis ut.

5.11 Døme på funn i katalogen som ikkje er statistisk analysert

I funnkatalogen min er det nemnt fleire funn som eg ikkje har hatt med i statistisk analyse.

Her vil eg nemne eit par av dei for å vise kvifor dei er interessante.

Den flateretusjerte pilspissen B14990 /9 av kvartsitt/kalsedon var funne i ei gravrøys frå eldre jernalder i lag med keramikk og jernfragmenter. Uheldigvis har denne gravrøysa blitt forstyrra, og forsøkt fjerna av ein gravemaskin, noko som gjer konteksten dårlig. Det er også funne avslag av kvartsitt i gravrøysa. Dermed er det usikkert om pilspissen er tilfeldig buplassfunn eller med symbolsk hensikt deponert i gravrøysa.



Figur 28 B14990 /9

Eit anna døme er ei flintflekke B4977 e) som har tydelige merkjer etter eldslag. Derfor har denne ei praktisk funksjon som eldflint, men den er i funnkatalogen fordi ein kan likevel ikkje utelukke symbolsk førestellingar kopla til denne. Flintflekka er funne i eit gravkammer i ei gravrøys frå tidlig vikingtid. Ut frå dei andre gjenstandane var den gravlagde ei kvinne (Samdal, 2000: 140).



Figur 29 B4977 e)

I ein båtgrav frå yngre vikingtid Giske Møre og Romsdal var det funne to større flintbitar B138995 20) som i følge tilvekstkatalogen er to skiveskraparar. Når eg observerte desse i magasinet fant eg litt merkjer som liknar eldslagningsmerkjer, og derfor tolka eg desse som eldf Flint. På den eine biten B138995 124) fant eg kuleforma merkje som likna dei eg fekk på mine eldf Flintar ved eldf Flinteksperimentet mitt. Derfor vart flintbitane i dette funnet droppa i den statistiske analysen, sjølv om Samdal (2000: 163) har ført desse opp som moglege amulettar i si hovudfagsoppgåve.



Figur 30 B138995 124)

5.12 Nokre uvanlege gjenstander frå vestlandet

Ved gjennomgangen av empirien frå magasinet til Universitetsmuseet i Bergen, kom eg over nokre uvanlege gjenstandar av flint. Ut frå teksten i tilvekstkatalogen kunne dei ha vore underklassifiserte gjenstandar frå steinalderen. Når eg fekk sjå desse så var det umogleg å plassere dei som type gjenstandar, og det er ikkje umogleg at dei er tilverka i konteksten sin samtid.

Gjenstanden B7003 k) (Figur 31) er ein svær kloss flint som er 10,6 cm lang, 8,9 cm brei og 5,4 cm tjukk funne i ei grav frå vikingtid på Sykkylven i Møre og Romsdal. Flantene på klossen er nokså flate men framstår ikkje som slipt. På eine hjørnet seg ein ei tydeleg avspalting etter at nokon har slått av ei stor flekke. Avspaltinga er mindre patinert enn resten av klossen. Kantane har blitt knust litt, men denne slitasjen ser ikkje ut som knusemerkjer etter eldslaging vanleg i yngre jernalder. Klossen er også alt for stor og tung for å holde i eine hånda for å slå eld på. Denne klossen flint ser derfor ikkje ut som ein gjenstand frå steinalderen. Funksjonen og ein potensiell symbolikk er eit mysterium. Kan den har vore ei kjerne for eldflint? Har den blitt tilverka for å vera ein *torestein*? Den er uansett bevist tilverka for eit ukjent formål. Bilete nedafor er tatt av meg.



Figur 31 B7003 k)

Eit anna funn B10768 n) er ei 5,9 cm long fint tilverka firkanta flat bit flint. Biten er slipt på begge flatsidene og langs kanten har den blitt bevist retusjert (Figur 32 og 33). Der er funne i eii grav frå folkevandringstida ved Dale i Fjalar i Sogn og Fjordane. Denne flintbiten fekk eg observert i verklegheita og tatt bilete av. Den har nokre få knusespor som minner om eldslaging typisk for yngre jernalder. I same grav var det også funne ein uregelmessig rullestein av kvartsitt med rustflekkear, som er i tilvektskatalogen omtalt som ein eldstein som tidsrektig å slå eld på med eldre jernalders eldstål. Derfor er det vanskeleg å tolke flintbiten som ein eldf Flint, og det er vanskelig å tolke den som ein gjenstand tilverka i steinalder eller bronsealder. Kanskje er den bevist tilverka for å vera ein *torestein*? Det er vanskeleg å konkludere med noko anna enn at funksjonen og den eventuelle symbolikken til denne steinen er eit mysterium. Denne har Samdal (2000: 158) nemt i sin funnkatalogen over potensielle amulettar i jernaldergravar.



Figur 32 B10768 n)



Figur 33 B10768 n)

6. Andre funn av toresteinar

6.1 Andre funn i Noreg

Ved gjennomgangen av empirien på Universitetsmuseet i Bergen kom eg over nokre *toresteinar* frå Vestfold.

Den eine var ein godt bevart flateretusjert pilspiss B4288 (Figur 34) funne i ei grav. Ser ingen teikn til sekundær praktisk gjenbruk til eldslagning. Resten av funnet frå jernalder har museumnummeret B4287). Denne pilspissen er oppbevart i magasinet for steinalder.



Figur 34 B4288

I Lyngdal i Vest-Agder vart ei flintflekke B5060 l) er funne i ei flekke av flint (Figur 35) i ei mogleg grav frå eldre jernalder i lag med andre gjenstander frå jernalderen. Flekka har ei polert side, noko som tyder på at den kan ha blitt slått av ein polert flintøks eller anna polert flintgjenstand. Sett frå den dorsale sida med den proksimale enden øverst og diestale enden nedst, så har venstre kant knusespor (Figur 36). Kanten på høgre sida har knusespor/retusjering som går mot den dorsale sida på den proksimale enden, og knusespor/retusjering som går mot den venstrale sida på den diestale delen av kanten. Knusespora kan vera spor etter eldslagning av ein høgrehendt person. Den har noko retusjering/knusespor, men vanskelig å slå fast om det er bevist retusjering. Det er vanskeleg å avkrefte den som torestein, sidan slik type eldslagning var vanligst i yngre jernalder og det at flekka er så pent tilverka. Flekka er lagra i magasinet for eldre jernalder på Universitetsmuseet i Bergen.



Figur 35 B5060 I)



Figur 36 B5060 I

Oluf Rygh(1877: 80-81) nemnte kort i *Om Den Yngre Jernalder i Norge* nokre toresteinar funne i gravar frå jernalderen på to sider. Han meinte at deponeringa av desse gjentandane må skjedd på grunn av jernalderens folketru som var kopla til gjentander frå steinalderen, men nemnte ingenting om folketru kopla til førestelningar rundt torevêr. Fire av desse gjenstandane (C7224, C7287, C7298 og C4915) er nemnt nedafor.

Ved Hitra i Vestagder vart det på midten av 1800-talet funne eine halvdelen av ei skaftholøks C7224 som var kløyvd i i to. Den var funne i ei grav som i følgje tilvekstkatalogen var frå vikingtid. Dei andre gjenstandane var fragmentar av ein spydspiss av jern, «steikespade av jern», jernfragmentar frå saks, bor og sigd og 3 spinnehjul. Alle desse låg i ein gravhaug med god utsikt, under eit lag med stein (Rygh, 1877: 80).

C7287 som er ei halv skaftholøks av bergart vart funne i ein gravhaug frå yngre jernalder i lag med eit rikt funnmateriale på Framstad i Oppland fylke. Nokre av dei andre gjenstandane var sverd av jern, øks av jern, skjoldbule av jern, pilspisser av jern, spydspiss av jern, sigdblاد av jern og diverse andre gjenstander og fragmenter av jern. Funna skal ha loge samla.

C7298 er ei øks av flint funne i lag med eit sotete kleberkar i ein haug på garden Kjenne Østre i Fredrikstad kommune i Østfold. Denne blir kopla til yngre jernalder når Olaf Rygh (1877: 80) nemner den i *Om Den Yngre Jernalder i Norge*.

Endå eit funn nemnt av Rygh er C4915 som sannsynlegvis er ein skraper funne i ein gravkontekst frå eldre jernalder på Laland i Klepp i Rogaland. Andre gjenstander som vart funne i denne grava var 3 små skår av kjeramikk, nokre jernbitar og ei forvitra perle av kvit

stein. Sjølv om dette funnet er frå Rogaland, har eg ikkje tatt denne med i Funnkatalogen min eller i den statistiske analysen min, sidan den sannsynligvis liggjer i magasinet til Kulturhistorisk museum i Oslo. I følge Tilvekstkatalogen/unimus er den eg flintbit, men i følge Rygh er den sannsynligvis ein skrapar (Rygh, 1877: 80).

Så har med ei to øksane av bergark funne av Anders Hagen i jernaldergarden på Sostelid i Vest Agder. Den eine C28227 skal vera tjukknakka steinøks av type B, og vart funne i ei rektangulær steinpakning som har blitt vurdert som eit potensielt horg. Denne steinpakninga meiner Anders Hagen tvilsomt vera etter eit hus eller ein grav. Han meiner også det er tvilsomt at øksa har hamna i steinpakninga med tilfeldigheit sidan det ikkje fantes andre steinar der som hadde same storleik (1953: 82-86). Den andre C28228 skal vera eu tjukknakka steinøks av type A2. Den vart funne i ei kremasjonsgrav i ei steinrøys i lag med tri stykkjer flint, kjeramikk og ei bryne av kvartsitt. I følge Hagen bar øksa preg av å ha vore med på kremasjonsbålet. Desse to bergartøksene kopla Hagen (1953: 69-71, 94) til førestellingar kopla til torevêr lik den funne i folkloriske kjelder.

Spesielt desse to bergartøksene frå Sostelid har blitt referert til av mange av dei som har skriver om fenomenet med toresteinar (Myhre, 1988; Ringstad, 1988). Det er intressant å leggje merkje til at så like begartsøksar er funne i kvar sin kontekst i same gardskompleks. Det minnar om dei to bergartsøksene på jernaldergarden frå yngre romertid og folkevandringstid på Birkeland i Rogalande, der den ein S4788 e) er funne i grav og den andre S4900 g) i ei husstruktur. Desse var utgravd av Jan Petersen (1933: 7-9, 14-15) og som er tatt med i den statistiske analysen min. Også Samdal leggjer merkje til at fleire gjenstander av stein frå steinalder eller bronsealder er funne i same gardsanlegg eller gravar frå jernalderen (Samdal, 2000: 57).

Ved utgraving av eit gravfelt frå yngre jernalder på Gulli i Vestfold vart det funne fleire potensielle toresteinar. Desse vart nedtona og omtalt som buplassfunn frå steinalderen, utan at dei fekk så stor merkend. Den eine båtgrava C53655 377) var ei mesolittisk øks av grønstein. Denne har blitt tolka som tilfeldig buplassfunn frå steinalderen funne i gravfyllet (Gjerpe, 2005: 60). Ein anna potensiell torestein var ei mesolittiske nøstvetøksa C53658 428) funne i båtgrava VII. Den gravlagde skal ha vore ein mann (Gjerpe, 2005: 95-96). I rapporten fekk dette funnet ingen symbolsk tolking. I same gravfelt vart C53656 151) som var ei sigd av flint funne i ei grav og tolka som tilfeldig buplassfunn (Gjerpe, 2005: 80). Ei pilspiss av flint C53649 430) i ei anna grav (Gjerpe, 2005: 93). Hemdorff og Thäte opnar opp for at desse

funna mogleg har vert nytta som amulettar enten ved gravleggjing eller ved gravplyndring (Thäte og Hemdorff, 2009: 45).

Ved ei anna utgraving ved Lille Bjørke i Hedmark fylke, vart det funne den buttnakka trinnøksa C52874 funne Funnet i stolpehol S82a i lag med eit spinnehjul i raud bergart. Denne potensielle toresteinen låg i god kontekst dette stolpeholet i lag A i vestenden av hus II. Dette funnet vart merkverdig tolka som ein torestein utan at det vart referert til Blinkenberg, Hagen, Ringestad eller Myhre (Lislerud, 2007: 123-124).

Eit siste funn som er verdt å nemne av funn frå Noreg er den halve skafthulløksa C641 funne i det rike gravmaterialet i gravhaugen frå eldre jernalder på Sætrang i Buskerud. I studien sin om Sætrangfunnet formulerer Wencke dette gravmateriealet som «meget rigt» med både typiske «kvinnelige» gjenstandar som pærler av glass og rav, spinnehjul, bronsespenne med forgyldt sølvbeslag med meir. Det var og «mannlige» gjenstandar som praktbelte av lær, tveegga sverd på ca. 75 cm, 4 spydspisse, 2 skjoldbuler og meir (Slomann, 1959: 17-27).

Slomann skriv lite om denne halve skafthulløksa. Ho påpeikar at det må vera overnaturlige førestelingar kopla til denne, utan å nemne førestelningar kopla til torevêr. Ho koplar bruken av desse gjenstandane til folkemedisin og noko kvinnelig, med å foreslå at den kan ha blitt brukt ved fødsjar. Ho samanliknar med eit liknande funn i ei kvinnegrav frå jernalder frå Aurland i Sogn der det skal ha blitt funne ein øks av bergart B7731 (Slomann, 1959: 24, 50). Denne sistnemnte øksa av bergart B7731 har eg leita etter i tilvekstkatalogen og unimus, og har søkt som å få sjå denne i magasinet, utan at det går an å oppdrive øksa eller informasjon om denne øksa uheldigvis. Mogleg ho eigentleg meinte vestlandsøksa B8991 t) som er funne i Terum, Aurland i Sogn og Fjordane?

6.2 Funn frå Sverige

I artikkelen *Runfynd 1987* av Thorgunn Snædal, Marie Stoklund og Marit Åhlén (1988) vert fire toresteinar med runeinskriftar nemnt. Sidan desse er funne av vanlige folk og ikkje arkeologer, veit me ingenting om dei har loge i hustuft, grav eller liknande. Her fungerer runeinskriftane som kontekst, som syner at nokon i jernalderen eller tidlig mellomalder har forholdt seg aktivt til desse gjenstandane.

Den eine var ei skiftepil frå Jämtland i Sverige som hadde på den eine sida runeristningar og ei rissing av ein fisk. Artikkelens forfattere greide ikkje tyde runene, men daterer runerekka til starten av vikingtida rett etter overgangen frå eldre runerekke til den yngre runerekke. På

grunn av fiskeristinga og døme på runerissing for god fiskelykke, så undrar dei seg over om skiferpila har vert ei amulet for fiskelykke.

Den andre skiferspydspissen med runer er frå Älgsjö i Lappland i Sverige. Runerissingane var noko slitt som blir uttrykt i artikkelen som teiken på å ha vert i bruk ei stund errer rissinga var påført, før den hamna i jorda. Usikkert korleis den har blitt brukt. Kva runeinskriften tyder er usikkert, men runene skal vera av urnordisk type som betyr at dei kan ha vore rissa alt i frå rundtom kristi fødsel og fram til 600 e.Kr. Forfatterene av artikkelen meinte at runeinnskrifta sannsynligvis var frå ein gong i perioden frå om lag 400 e.Kr til 600 e.Kr. Forfattarane meiner det er mest sannsynlig at runene er rissa av norrøn person og ikkje ein samisk person. Det er også 2 økser av bergart med runeristingar i Sverige. Det er ingen informasjon om funnomstendingheitene til desse do øksene.

Den ein med det svenske museumsnummeret SHM 10683 er ei skaftholøks av mørk grønstein. Runene var vanskelige å datere, men høyrer sannsynlegvis til enten vikingtid eller mellomalder. Inskrifta var «torh» og kan kanskje vera ein skrivemåten for Þór Thor på 1300-talet i følge fortattarane. I ein artikkel skal ein som heitar Bror Schnittger(1921: 139) referert i Snædal (1988: 247), anta at denne runeinskriften kan vera starten på omgrepet torshammer. Om dette stemmer med verklegheita kjem me kanskje aldri veta.

Den andre øksa har museumsnummeret SHM 15944 og har heller ikkje noko informasjon om funnomstendingheita si. Inskrifta «kaus» er moglegens personsnamntet Gautr i genetiv og Snædal et al (Snædal et al., 1988: 247-248) undrar seg om dette kunne ha vore øksas eigar. Det får me sannsynlegvis aldri svar på, men ein kan undre seg.

6.3 Funn frå Danmark

Samdal nemner eit meget intressant gravfunn frå Bræde, Lydinge på Fyn i Danmark. Dette var ei kvinnegrav frå eldre romersk jernalder. Den gravlagde vart funne i ei trekiste 2,5 meter long med 0,5 meter brei steinpakkning rundt. Omrinsa denne trekista låg fleire små rullesteinar, nokre flate uregelmessige steinar, to fossiliserte sjøpiggsvin, nakkefragmedt av steinøkrs frå yngre steinalder og ei økseforma skiferstein. Inne i trekista vart det funne perler, spenner, eit treskrin som inneholdt eit til sjøpiggsvin, ein flintdolk i lag med andre gjenstander som er meir typiske for jernalderen som eit spinnehjul, beltespenner og ein kniv i bronse (Samdal, 2000: 76-77). I dette gravfunner finn me fleire gjenstander som tradisjonelt i folkloren, nytta som toresteinar.

Det finnes og døme på funn i huststrukturar i Danmark. I eit stolpehol i eit langhus frå rett før kr.f. på garden Torstrop Nørreby på Sjælland, er det funne ein flintøks, tolka som amulet som skulle verna mot lynnedslag (Rønne 1986:12 referert i ;Ågotnes, 1995: 5). Eit anna funni hustruktur er ei flinøks funne i grøfta ved eit langhus frå midten av 1000-talet i Roskilde. Den vart tolka som ein torestein som verneamulet (Andersen et.al. 1986: 40 referert iÅgotnes, 1995: 8)

6.4 Funn frå Estland

I Kristiina Johanson sin folkloriske artikkel *The changing meaning of «Thunderbolts»* nemner ho nokre øksar av bergart funne i Estland. To steinøkser er funne i ein bustadkontekst frå yngre jernalder i Pada nord i Estland. To andre steinøkser skal ha bli funne i kvar sin steinrøys i øya Saaremaa. Den eine grava er frå romersk jernalder og den andre frå vikingtid. I grav D i Saha og i grav B i Jäbara som begge var frå romersk jernalder vart det funne kvar si steinøks. Johanson opnar for at desse kanskje har vert nytta som *toresteinar* med kopling til forfedrekult, men kan ikkje stadfeste dette (2009: 150-153).

6.5 Funn frå Island

Island er i ei spesiell posisjon på grunn av ingen tidlegare steinalderbusetting. Derfor er det intressant er at det finns 9 kjente islandske førkristne gravar som inneholdt steinar av ein så spesiell utsjånad at dei har blitt tolka som amulettar, og vert presentert i den religionsvitskaplege masteroppgåva *Helse, sykdom og helbredelse i det norrøne førkristne samfunn i et religionsvitenskapelig perspektiv* av Hanne T. B. Lauvik. Ho nyttar omgrepet *livssteinar* om desse amulettane, fordi i frå norrøn litteratur er det døme på amulettar av stein kalla nettopp blir kalla *livssteinar*. Lauvik brukar som kjelde artikkelen *Aspects of life in Iceland in the heathen period* av Jón Steffensens (1966-69) som nemnar ni gravane med *livssteinar*. Tre av desse gravane var mannsgravar og seks kvinnegraver (Lauvik, 2011: 71-73).

- Ein mannsgravs ved Karlsnes innehold ein liten gjennomiktig kvadratisk stein, Ser ut til å ha loge oppi ein liten pung.
- Ved Austarihöll i ein mannsgrav ble det funnet ein rundet zeolitt med hol. Den skal ha loge i lag med seks eldslagingsteinar.

- Den siste mannsgraven er grav nr. 4 frå Sílastað som inneholdt ein halvtransparent stein som ser ut til å ha loge i ein pung lik som mannsgrava ved Karlsnes.
- Ei kvinnegrav nr 1. I ved Ketilsstaðir inneholdt en lys blå og halvt gjennomsiktig stalaktitt, som hadde form som menneskehånd. Den var plassert ved bekkenet til den gravlagde.
- I graven ved Hafurbjarnarstaðir var det to uvanlege steinar: Ein eggforma, mørk grå på farge, den andre hvit med mørke flekker, formet som en tresko. Steinene ble funnet sammen med en kam, også i denne graven på høyde med bekkenet.
- I Ytra-Garðshorn, grav nr 3, var en rund, liten stein plassert i fotenden av graven sammen med andre objekter
- En annen grav fra Ytra-Garðshorn, nr 9, inneholdt 58 kvartsstykker. De fleste bitene var små, men det var også noen større. Det var og funne, funnet en pinsett og fragment av bivoks. Bivoks har lenge vært en viktig og vanlig ingrediens i salver av ulike slag, herunder også medisinske salver. I de islandske sagaene omtales krukker med salver, brukt til helbredelse og leging.
- Det er enda en grav fra Ytra-Garðshorn, nr 10, som sannsynligvis også er en kvinnegrav. I denne er det funnet et enkelt stykke kvarts av den typen som ble funnet i grav nr ni fra samme sted.
- Grav nr 1 fra Selfoss viste seg også å være et svært interessant funn. Her ble det funnet en liten haug av blåaktig leirelignende masse, som inneholdt noen små mørke steiner. Dette ble funnet mellom det høyre hoftebeinet og den laveste delen av ryggsøylen til en kvinne. Høyere oppe, omtrent midt på ryggen, fantes det en annen haug som også inneholdt jernfragmenter, en liten semitransparent stein med hull i, og et lite sneglehus. I tillegg var det to underlige steiner der – en grå og ovalformet med hull i, en ”infilling” formet som en sylinder eller ring.

Lauvik (2011:71-73) koplear desse livssteinane til vikintida si medisin. Eit argument for dette er at grav nummer 9 ved Ytra-Garðshorn som inneholdt 58 kvartsstykker også inneholdt bivoks og pinsett som skal ha vert brukt i dåtidas medisin. Mogleg det var overnaturlige legande kreftar i desse steinane?

Uheldigvis er det sannsynleg at ein del av slike moglege steinamulettar i Islandske gravar også er underdokumentert(Lauvik, 2011: 73). Likevel er det intressant å sjå desse steinane med spesiell utsjånad av enten lyse, runde steinar, gjennomsiktige, krystall- forma steinar i det

Islandske førkristne gravmaterialet. Liknande steinar er tilstades i Noreg i liknande kontekstar (Gellein, 1998: 12-13; Samdal, 2000: 52-57, 81-84), og har ofte vore tolka på same måte som gjenstander av stein laga i steinalder og bronsealder funne i kontekstar frå jernalder. Kanskje er det like førestelningane i jernalderen knytta til slike spesielle steina og gjenstander av stein laga i steinalder eller bronsealderelder? Kan det at slike spesielle steinar er tilstades i desse norrøne gravane på Island som ikkje har hatt ein steinalder, syne kulturelle trekk frå den norrøne kulturen som vart tatt med frå Skandinavia?

6.6 Europeiske dømer

Me kan sjå deponering av toresteinar i Europeiske kontekstar samtidige med jernalderen i Noreg. Her er nokre dømer for å demonstrere dette.

I Storbritannia var det funne ein koneforma kjerne av flint i lag med ein kvit rullestein av kvarts i Angel-Saxisk grav i urne 26 i Sacton i Yorks. Den har blitt tolka som mogleg amulett i form av *torestein* (Meaney, 1981: 210).

Lezeville i Frankrike i grav 166 var der funne ein neolittisk pilspiss av flint funne i lag med blant anna eib gallisk mynt, og i grav 175 var eggen av ein neolittisk øks i lag med blant anna tre romerske og ein gallisk mynt (Meaney, 1981: 226, 228).

I Peter Carelli sin artikkel *Thunder and Lightning, Magical Miracles* kjem det fram at der er i England er det funne minst 40 neolittiske økser er funne i romerske kontekstar, og i Frankrike er det funne minst 24 steinøkser i romersk/keltiske templer (1997:398-399)

7. Diskusjon

Når me ser få døma av toresteina og potensielle toresteinar ovanfor i både forskingshistoria, folkloriske materiale og i den empiriske gjennomgange, ser me eit lang tidspen på om lag 1,5 tusen år av kontekstane dei er deponert i. Korleis denne sekundære bruken av gjenstander av stein frå steinalder og bronsealder starta, veit me ikkje. Kanskje årsaka til at både runde steinar og bergkrystallar i tillegg til eldre gjenstandar av stein frå steinalder og bronsealder blir rekna som *toresteinar* i folkloriske kjelder, er at alle desse typane gjenstandar er vanlege å finne ved buplassfunn frå steinalderen? I så fall kan dette ha ført til at dei same fekk dei same assosiasjonane kopla til seg, og at dette over tid har utvikla seg til folketru? Kan denne konfrontasjonen med fortida, vera ei type kollektiv hukommelse av fortida?

Fleire arkeologer har påpeika korleis den kollektive hukommelsen forandrer seg rundt gjenstander og monoment med eit long liv og kanskje eit etterliv. Toresteinar er eit godt dømes på noko menneskeskapt som har eksistert så lenge at den har mista primærfunksjonen sin, men eksisterer i eit etterliv med nye ulike forklaringar og assosiasjonar knyta til seg. Det er eit eige fenomen der gjenstander, monumentar og liknande som eksisterar i long tid, får endra oppfatningar knytta til seg etterkvar som tida går (Omland, 2010: 1-3).

Den britiske arkeologen Richard Bradley (2002) er ein av dei som har sett på etterlivet til ulike arkeologiske monument, strukturar og gjenstandar i boka «The past in prehistoric societies» der gjenbruk som kan vare i fleire hundre eller tusen år etter dei opprinneleg vart konstruert. Ved gjenbruken forholdt folk seg aktivt til fortida og dermed ver hukommelsen rundt det gjenbrukt ein del av kulturen. Hukommelsen vert opprettheldt gjennom bruk av rituale, materiell kultur og visse typar åtferd godtatt i samfunnet sine normar. Dette kallast kollektiv hukommelse, og er noko alle i ein kultur må forholde seg til. I våres moderne samfunnet tar me vare på den kollektive hukommelsen gjennom til dømes bøker og offentlege bygningar.

I forhistorisk tid var monumentar, strukturar og materiell kultur del av den kollektive hukommelsen. Noko av dette vart kanskje laga for at framtida skulle minnast fortida. Denne kollektive hukommelsen kan me sjå gjennom materiell kultur som gjenbrukt i lengre tid (Bradley, 2002: 5-16).

I eit døme frå Linerbåndkeramikk-kulturen som hadde ein fleire hundre år lang kontinuitet med bruken av langhusa sine, som vart nytta som historiske dokument som rituelt vart brent ned og satt opp igjen på same stad. Her vart det på ein måte ein slags kobling mellom levande og døde. Etter om lag 4000 f.Kr tok denne kontinuiteten med buaktivitet slutt, men etter kvart vart desse husa gjenbrukt som gravar altså hus for dei daude. Eit døme slik bruk finnes ved Balloy i NordFrankrike. Her som andre slike stader, gjekk det ikkje ann å finne teikn på overlapping mellom perioden med husbygging og perioden med gravleggjing i desse husa. Dei vart eit minne i landskapet (Bradley, 2002: 19-30).

Eit anna døme er menhirar inne i passasjegraver er eit anna døme på eit etterliv ved gjenbruk. Fleire av desse menhirane ber preg av medvitne påførte skadar. Bradley har kaldt dette for «Remembering by forgetting» (Bradley, 2002: 36-48). Kanskje nokre av *toresteinane* og har blitt bevist skada?

Når me ser tydelig i empirien at fleire menneskjer i jernalderen i Skandinavia har aktivt forholdt seg til *toresteinar*, må dette vera ei slags kollektiv hukommelse. Spesielt når me finn fenomenet med bevist deponerte *toresteinar* i eit så stort spenn av tid. Om menneskje i jernalderen var medvitne at *toresteinar* eigentleg var gamal reiskap brukt av forfedre, veit me ikkje. Likevel er desse eventuelle førestellingane kopla til *toresteinar*, ein del av ein kollektiv hukommelse sjølv om desse førestellingane ikkje «historisk korrekte». Det at folk i jernalderen «huska feil» med å sjå på eldre steingjenstander frå steinalder og bronsealder som amulettar er ikkje eit viktig tema. Det som er viktig er dei kulturelle trekka som denne kollektive hukommelsen syner, som kan fortelje oss noko om kulturen til menneskja i jernalderen.

Bradley nemner og eldre gjenstandar som er funne i mykje yngre kontekstar. Han foreslår at desse eldre gjenstandane har vort i sirkulasjon fram til dei vart deponert i den mykje yngre konteksten sin. To av dømene hans på gjenbruk av gjenstander er å finne i Sør-England. Ved den eine staden vart det funne to økser frå mesolittikum i jernalderkeramikk, og ved den andre staden hadde ein neolittisk øks blitt plassert i fundamentet i eit forsvarsanlegg frå bronsealderen (Bradley, 2002: 49-58). Desse har kanskje blitt nytta som *toresteinar*, eller som anna type amulett.

Bradley syner at menneskjer tek ofte omsyn til eldre monumentar, og i form av ein kollektiv hukommelse. Men denne kollektive hukommelsen forandrar seg gradvis over lengre tid, når nye generasjonar kjem til med nye gradvise forandringar i tolkingane (Bradley, 2002: 1-157).

Derfor må me vera skeptiske til at førestellingane koplå til toresteinar i jernalderen, kan vera heilt lik førestellingane på 16- 17- 18-hundretalet.

I følgje Bradley har årsakane til gjenbruk har med tolkinga, konfronteringa og legetimeringa av tidlege tidars materiell kultur. Dette skjer lettast når gjenbruken gagnar samfunnet, men kanskje mest dei som styrer samfunnet. Eit døme på dette er Tora på Irland som var i bruk frå neolitikum til mellomalder. Ut frå skriftlege kjelder frå mellomalderen kan me lesa at folk vart konfrontert med fornminnet som vart legitimert politisk gjennom passande fortellingar. Altså ei fornying av fortida (Bradley, 2002: 122, 124, 141-146, 152).

Det at gjenbruken skal gagnar menneskja på eit vis kan vera eit godt poeng. Det er tvilsomt at menneskja i jernalderen hadde brydd toresteinane, om dei ikkje hadde ei førestelling om at dei gav ei type nytte for seg på eit eller anna vis.

Døme på gjenbruk av monumentar etter eit long opphald i bruk syner Marianne Skandfer er å finne i Nord-Skandinavia. Det at det har vort eit longdt opphald av bruk, for så at ei sekundær bruk kjem i gang, meiner Skandfer kan syne at det har eksister eit sosial minne rundt strukturar som ikkje er i bruk. Husstrukturane som er døme på gjenbruk blir kalt «Gressbakken»-hus. Dei var ute av bruk i om lag 1500 til 2000 år. I denne opphaldstida meiner ho at samfunnet må ha bygd seg opp ei hukommelse rundt desse husstrukturane som etterlevingar av fortida. Monumenta etter dei eldre husa vart strategisk brukt til å produsera og verna om den kollektive hukommelsen rundt identitet, i samband med konkurrerande identitetar og kollektive hukommelsar som skjer rundt 300 f.Kr (Skandfer, 2012: 167).

I Skandinavia er det også dokumentert gjenbruk av arkeologiske monument som gravhauger. Med gjenbruk av desse gravhaugane vort menneskja konfrontert forfedrane eller forgjengarane på, og ved den sosiale hukommelsen koplå til denne gjenbruke får ein oppretthalde rettighetane til eigendomar (Thäte, 2007: 31-37, 186-188).

Gjenbruken av toresteinar må ha hatt høg symbolsk verdi, sidan den har blitt dokumentert frå bronsealder til jernalder. Men sjølv om denne gjenbruken er dokumentert i ei lang tidsperiode så kan den kollektive tydinga forandra seg gjennom tida (Thäte, 2007: 68-73, 78-86).

Her i oppgåva har me nytta folklorisk materiale som analogiar for å kunne sette oss inn i jernalderens gjenbruk av toresteinar. Ei anna som har nytta folklore for å setja seg inn i den kollektive hukommelsen knytta til gjenbruk av materiell er Hanne Louise Aannestad som ser på gruen av bygdeborger ved hjelp av segn og folketro knytta til dei. Desse segna og

folketrua er ein del av den kollektive hukommelsen som forandrar seg etter kvart som åra går. Denne hukommelsen kan vera viktig sjølv om den forandrar seg. «*Fornminnets betydning er dermed ikke begrenset til den tiden da de oppsto, men deres kulturverdi ligger i den betydning både vi og tidlegare generasjoner har tillagt dem.*»(Aannestad, 2003) .

Den tydinga som får ein sentral plassering i folks bevissthet og var meiningsbærande objekt i landskapet, er viktige sjølv om dei ikkje er historisk rektige. Denne tydinga metta behovet for forklaring når menneskja vart konfrontert med fornminnet meinar (Aannestad, 2003: 31, 41). Desse meiningane kan overførast på eldre gjenstander av stein primært laga i steinalder eller bronsealder, som har blitt nytta som torestein i jernalderen.

Ein trenger ikkje berre å sjå på gjenbrukte fornminner eller gjenstander for å sjå på kollektiv hukommelse i det arkeologiske materialet. Lotte Hedeager tar for seg blant anna ormeornamentikk i boka *Iron Age Myth and Materiality* som har vert i bruk overt eit stort tidspenn på nesten 1000 år i ulike stilartar. For å tolke denne ormeornamentikken brukar ho fleire skriftlege kjelder frå mellomalderen som er nedteikna såpass lenge etter hendingane dei omtalar skjedde, at dei ikkje vil fungere som historiske kjelder. Hedeager brukar dei heller som antropologiske kjelder og ser på kulturtrekk som handlingane i desse skriftane syner, framfor å bruke dei som truverdige historiske kjelde. Dette grunnjev ho med utgangspunkt i «Den franske historieskolen Annales», som omtalar tre ulike kollektive hukommelsar. Ei av desse er kortiktig historie som tar for seg enkelthendingar, enkeltpersonar og liknade. Det midterste nivået middelssiktig historie tar for seg konjunkturer av sosiale og økonomiske demografiske sykluser, verdssyn og ideologiar. Medan det 3. nivået som var aktuelt for Hedeager og sannsynlegvis for bruken av toresteinar, slutt langsiktig historie som er historie om sivilisasjonar, folk, teknologiar, og ikkje minst ideologiar. Sistnemnte er utslag av kulturelle trekk og ideologiar i samfunnet some er nokså stabile. Det franske omgrepet som vert nytta kvar gong ideologiar vert nemnt er «mentalités». Ved å bruke historiske kjelder som kjelde for «mentalité» som kunne hjelpe med å tyde ormeornamentikken (Hedeager, 2011: 1-2). Kanskje er det ei «ideologien» eller «mentalités» bak den sekundære deponeringa og bruken av *toresteinar*, og derfor kan me rettferdigjer at be bruker skriftlege kjeldar frå mellomalderen som omhandlar vikingtida og folkloriske kjelder til å oppdage og synnlegjere desse kulturelle kollektive hukommelsane rundt ulike kulturelle trekk. Derfor kan folketrua i historisk tid kopla til *toresteinar* vert relevant informasjon, som hjelpe oss i å tolka *toresteinar* i jernalderen.

Folketrua med magi i mellomalder kan ha opphav i førhistorisk og førkristen tid. Ved kristninga vart den offesielle heidenske religionen byttat ut mot kristendom. Folketrua derimed magien eksisterte mykje lengre i den private. Kyrkja var intolerant mot dei gamle heidenske gudane, medan folketru vart tolerert (Carelli, 1996:161). Om desse private kulturelle trekka brukte Carelli omgrepet mellomalderens mentalitet. Noko som kan vera ei passane omgrep på *toresteinar* etter kristninga?

Kristiina Johanson påpeiker den synkretiske naturen av *toresteinar*. Synkretisme er eit religionsvitskapleg omgrep som vert brukt om religiøse kulturelle trek som til dømes ritualer og folketru, som ved kulturelle forandringar eksisterer i ny “innpakning” som passer den nye kulturelle forandringa i samfunnet. Synkretisisk folketru kan til dømes vera religiøse riter frå førkristine religionar, som overlever kristninga i ei kristen innpakning av ritualaet. Johanson ser på bruken av *toresteinar* i kristen tid i mellomalderkontekstar og i folkloriske kjelder som ein rest av ein førkristen tradisjon som har blitt synkretisert til å passe med kristendommen etter kristninga (Johanson, 2009: 158-165). Gjennom synkretisering overlever kulturell trekka i den kollektive hukommelsen eller mentaliteten kan vare i fleire generasjonar. Altså *Mentaliteten* eller *ideologien* i kulturen er tilstade gjennom fleire generasjonar og tidsperiodar, sjølv om den gradvis forandrar seg. Derfor kan kunnskap om folketrua om *toresteinar* i historisk tid, vera nyttig når me ser på *toresteinar* i den forhistoriske jernalderen.

Både folkloren og i nokre av hustuftfunna finn meg bortgjøymde *toresteinar*. Kanskje det å deponere og gjøyme vekk var ei viktig del i bruken og deponeringa av desse gjenstandane. Det som er intressane er at folk i gjenalderen gjøymde vekk andre gjenstander og i hus og utmar. Lotte Hedeager snakkar i samband med dette om eit kognetivt landskap med depoter av gull, sølv og andre gjenstar og at dette var ei viktig del av landskapet (2011: 164-173). Kanskje *toresteinane* har våre viktig i den kogniske oppfatninga av bygningane? Sjølv om *toresteinane* var gjøymd vekk i eit jordgolv, eldstad eller vegg så betyr det ikkje at gjenstanden vart gløymt av.

Fleire har lagt merke til eit samband mellom menneskelaga *toresteinar* og dei naturlaga som kvite runde steinar. Magne Samdal skreiv om desse kvite runde steinane i si hovudfagsoppgåve dei same stadane eller i nærleiken av der han omtalar dei menneskeskapte *toresteinane*. Han antyder at desse kvite runde steinane har ei stabil utbreiing i både folkevandringstid og vikingtid (Samdal, 2000: 50-57).

I den religionsvitenskaplege masteroppgåva *Helse, sykdom og helbredelse i det norrøne førkristne samfunn i et religionsvitenskapelig perspektiv* skriv Hanne T. B. Lauvik om fleire kjelder knytta til folkemedisin i vikingtida. Ho skriv om fleire norrøne skriftlege kjelder nerskrevet under mellomalderen, som snakkar om amulettar kalla livsteinar, og nokre lovtekstar frå mellomalderen som fremjer forbod mot tru på seinar. I samband med desse skriftlege kjeldene som kunne peike på forhold i vikingtida nemnte ho islandske førkristne gravar som inneheld kvite runde steinar og nokre andre spesielle steinar. Desse kvite steinane tolkar ho som mogleire livsteinar brukt i folkemedisinen. Ho nemner like etterpå eit avisintervju av Olle Hemdorff som nemner fenomenet med eldre steingjenstander funne i jernaldergravar i Rogaland (Lauvik, 2011). I empirien finn me mange toresteinar som har selskap av andre toresteiar, og spesielle steinar som kvite runde steinar. Viss desse gjenstandane er kopla til folkemedisin, så kan kanskje det at fleire er samla på same stad, tyde på at eigaren av desse har hatt ei medisins rolle i samfunnet, og derfor eigt toresteinar.

Viss toresteinar har hatt ei rolle i folkemedisin så er det intressant at flint, kvarts og kvartsitt inneheld grunnstoffet silisium (og kalla kisel), som menneskroppen trenger små mengdrer for å ha sunt skjelettet og hud (Pedersen, 2017; Jørgensen, 2017). Mogleg pulveravskrapning til medisinsk bruk, det leggje flint og kvartsteiner i drikketrau til kyr og så vidare kan hatt ein ernæringsfysiologisk funksjon og ikkje berre kulturet betinga vernemagi? I så fall er dette ei problemstilling meir passande for naturvitskapen. I folkloriske kjelder ver det nemnt avskraning av pulver av toresteinane, som vart brukt i folkemedisin. Ved observasjon av gjenstandane i magasinane, hadde mange ulike type skadar og slitasjar. Det kan tyde på bruk i folkemedisin i jernalderen. Likevel så var det så mange forskjellige type skadar og slitasjar eg observerte, og med tanke på alle type ulike faktorar som gjer skadar og slitasjar, kan eg ikkje konkludere med at slitasjen på toresteinane frå jernalderen vart brukt i folkemedisin. Men på grunn av at slitasjen på i empirien hadde så varierende form, og det er uvist korleis slitasje etter medisinsk avskrapning ser ut, så kan eg ikkje stadfeste denne medisinske bruken i jernalderen.

Kanskje det at det finnes runeinskrifter på ulike steingjenstander frå steinalder og bronsealder kan også peike på bruk i folkemedisin. I Egilsaga ser me eit døme på at han gjer ei jente frisk med å rissa nokre runer (Heggstad og Heggstad, 2001: 168-170).

Ved gjennomgangen av empirien, så fekk eg observere fleire godt bevarte gjenstander med lite slitasje. Viss ein ser dette saman med førestellingar dokumentert om folketrua i historisk

tid, kan det tyde på ulike typar *toresteinar* i jernalderen kanskje har hatt ulike funksjonar og bruk. Blinkenberg(1909: 8-9) synta til dømes at forskjellige typar *toresteinar* i form av oldsaker av stein, forsteina kråkeboller, belemnitter og runde steinar, kunne ha forskjellige vernefunksjonar nokre stadar i Danmark. Kanskje nokre *toresteinar* faktisk har vert kopla opp mot førestellingar rundt torevêr og brukt som verneamulet mot lyn og brann, medan andre har vert *livsteinar* med ei medisinsk funksjon?

Det er umogleg å finne ut eksakt kva førestellingar som har vert knytta til *toresteinane* i jernalderen. Men når me har funne så mange som 93 potensielle og 46 av desse høgst sannsynlege, sett i saman med førestelingar frå folketrua dokumentert i historisk tid som potensiell synkretisk mentalitet i den kollektive hukommelsen både i Noreg og i Nord-Europa, så vil eg seg *toresteinar* i jernalderkontekstar er eit såpass utbreidd fenomen, at det fortener merksemd.

Me har funne at det er ei utbeining av *toresteina* både i tid og rom i jernalderen. Korleis denne utbreiinga fordelte seg var vanskelig å tolke. Ved undersøkinga av empirien, framstod det som eit møster av større utbeining i Rogaland i rom, i gravar som kontekst, oftast i samband med kvinnelige gjenstander og i yngre romersk jernalder og folkevandringstid i tid. Men det er vanskelig å stadfeste dette som eit mønster når Rogaland er det beste jordbruksfylke på vestlandet, gravar har blitt oftare arkeologisk utgravd med fokus på gjenstandsfunn medan husstrukturar ofte berre blir flateavdekka med mindre fokus på gjenstandsfunn. Viss ein ser på funn av kvinnelige gjenstande i kontekstane, så er det til dømes vanskelig å finne husstrukturar med mannlige gjenstander, og det finnes gravfunn med både *toresteinar* og mannlige funn som skjoldbuler og sverd. At det er ei stor utbreiinga i perioden yngre romersk jernalder og folkevandringstid, kan og forklarast med ei generelt stor dokumentert busetting på vestlandet i denne perioden samanlikna med andre periodar i jernalderen (Solberg, 2010: 147-154, 160). Dermed kan *toresteinane* likevel vera ein type amulett fordelt jevnt over i tid og rom i jernalderen, og har hatt fleire bruksområdet og ikkje reservert til nokre få.

8. Konklusjon

Menneskja i jernalderen har forholdt seg aktivt til *toresteinar* gjennom si folketru. Om denne folketrua var kopla til dei same førestellingane som me kan sjå i dei folkloriske kjeldene kopla til torevêr, kan me ikkje med sikkerhet stadfeste. Likevel kan me ikkje totalt avskrive moglegheita for at førestellingar kopla til toresteinar i jernalderen og folkloren i historisk tid hadde likskapar. Mange av tolkningane gjort ved retrogressiv metode har produsert auka kunnskap om jernalder ved hjelp av analogiar frå førindustriell jordbrukssamfunn. Det å dra analogiar frå kulturelle mentalitetar førestellinga som toresteinar i historiske førindustrielle jordbrukssamfunn, på tolkinga av bruken av toresteinar i jernalderen i Vest-Noreg kan vera nyttig, men kan aldri nyttast som sikker fakta om jernalderen.

Deponeringa av *toresteinar* i dei folkloristiske kjeldene, liknar deponeringa av eldre steingjenstandar i jernalderkontekstar. Det er derfor freistane å konkludere at fenomenet med toresteinar i form av eldre steingjenstander i yngre jernalderkontekstar må ha vert kopla til religiøse førestellingar kopla til torevêr. Me kan slå fast at fleire mennekje i eit stort tidsspenn forholdt seg aktivt til desse toresteinane, men det er ingen klåre teikn frå kjeldene me har frå jernalderen at toresteinar var kopla til førestellingar rundt torevêr. Men me kan heller ikkje utelukke at desse førestellingane har eksistert i jernalderen.

Toresteinane i empirien har vist seg å ha ei nokså gjevn utbreiing i tid og rom i jernalderen, og hatt stor variasjon i type gjenstander nytta som *toresteinar*. Dette tyder på at dei har ein synkretisk kulturel natur. Det at me ser ei så stor utbreiing av i tid og rom, syner kor viktig det er at eldre gjenstander av stein frå jernalder og bronsealder, bergkrystall og kvite runde steinar vert lagt merkje til og dokumenter ved arkeologiske utgravningar. Nokre gongar kan ein avskrive desse gjenstandane som tilfeldige buplassfunn frå tidlegare tider, men viss dei liggjer i gode kontekstar frå jernalder eller mellomalder må dette dokumenterast slik at me kan oppnå meir kunnskap rundt fenomenet med *toresteinar*.

Det er variasjonen i bruken av og i førestellingane om *toresteinar* i folkloren som kan koplast til kollektiv hukommelse eller mentaliteten i kulturen, som kan nyttast når ein drar analogiar for å tolke *toresteinar* i jernaldenen som har likskap med dei yngre kontekstane frå historisk tid. Me ser gjennom empirien og skriftlege kjelder liknande variasjonar på type gjenstander nytta som *toresteinar* og kontekstar både i jernalderen og i yngre kontekstar frå historisk førindustriell tid. Dermed er det sannsynlig at førestellingane i jernalderen, har likna

førestellingane dokumenter i folketrua frå historisk tid. Kanskje det var fleire typar nytt av *toresteinar* nytta til ulike oppgåvar som brannførebygging, bevaring av mat og i folkemedisin for folk og fe, lik det dokumentert i historisk tid?

Det er moglegheit for at omgrepet *livstein* om desse eldre gjenstandane av stein laga i steinalder eller bronsealder vil vise seg å vera like passande for denne gjenstandsgruppa eller delar av gjenstandsgruppa? Med tanke på dei store variasjonane i dette materialet i form, kontekst og den store utbreiinga i tid og rom, så vil uansett framtidige diskusjonar vera mest fruktbart med tverrfagleg med innspel frå fagretningar som norrøne filologi, religionsvitenskap og liknande. Det er behov for meir utforskning av blant anna etymologien rundt omgrepa brukt om *toresteinar*, bruken av steinpilar og steinamulettar i norrøn litteratur og dei religiøse trekka ved bruken av *toresteinane*.

Til slutt håpar eg at resultatet av denne studien har auka kunnskapen og interassa for dette fenomenet, og aukar skjanssen for at *toresteinar* vert oppdaga og tilfredsstellande dokumentert ved framtidige arkeologiske utgravingar.

9. Litteraturliste

- Aannestad, Hanne Lovise (2003) "Her haver det i Fortiden været et mærkelig Sted"- om bygdeborger og folketro. *Primitive tider*, 6. årgang, s. 16.
- Almqvist, Bo (1974) Torvigg. I Granlund, John (red.) *Kulturhistoriskt lexikon för nordisk medeltid : från vikingatid till reformationstid : Vol. 18 : Sätesgårdsnamn-Trygor*. Malmö, Allhem.
- Bakka, Egil (1972) Forntida i Stord. I Høyland, Ola (red.) *Stord Bygdebok*. Bergen.
- Blinkenberg, Chr (1909) Tordenvåbenet i kultus og folketro: en komparativ-archæologisk undersøgelse. I Samfund, Filologisk Historiske (red.) *Studier fra Sprog- og Oldtidsforskning*. København, Museum Tusulanums Forlag.
- Blinkenberg, Christopher (1911) *The Thunderweapon in Religion and Folklore: A Study in Comparative Archaeology*.
- Bradley, Richard (2002) *The past in prehistoric societies*, London, Routledge.
- Bø, Olav (2009) bustein Tilgjengelig frå: *STORE NORSKE LEKSIKON* <https://snl.no/bustein>. henta 30/11-2017.
- Carelli, Peter (1996) Blixtar och dunder, magiska under: om åskstenstraditionen och förekomsten av steinalderfynd i medeltida kulturlager. *Fornvännen : tidskrift för svensk antikvarisk forskning*, 91:3.
- Carelli, Peter (1997) Thunder an Lightning, Magical Miracles. I Andersson, Hans, Carelli, Peter og Ersgård, Lars (red.) *Visions of the past: trends and traditions in Swedish medieval archaeology*. Lund, [Institute of Archaeology, University of Lund]. s. 808 s. : ill.
- Daniel, Glyn (1981) *A short history of archaeology*, London, Thames and Hudson.
- Dommasnes, Liv Helga (1987) *Sognefjord vikingsenter: formidling om forhistorie*, Bergen, Universitetet i Bergen, Historisk museum.
- Eggen, Erik (1962) *Soga om Orvar-Odd*, Oslo, Samlaget.
- Eliade, Mircea (1958) *Patterns in comparative religion*, Lincoln, University of Nebraska Press.
- Engelhardt, Conrad (1875) *Klassisk Industri og Kulturs Betydning for Norden i Oldtiden*, København, Den Gyldendalske boghandel.
- Gellein, Kristin (1998) Kristningsprosessen - belyst gjennom den hedenske gravskikken i Hordaland. *Onsdagskvelder i Bryggen museum*, XIII (Samfunn i endring

Fra vikingtid til reformasjon).

Gjerpe, Lars Erik (2005) *Gravfeltet på Gulli: E-18 prosjektet Vestfold : bind 1*, Oslo, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen.

Gjerpe, Lars Erik (2014) Kontinuitet i jernalderens bosetning ; et utdatert postulat arvet fra 1814-generasjonen? *Viking*, 77, s. 55-78.

Goodrum, Matthew (2008) Questioning Thunderstones and Arrowheads: The Problem of Recognizing and Interpreting Stone Artifacts in the Seventeenth Century. *Early Science and Medicine*, 13 (5), s. 482-508.

Grønbeck, Ingvild Aarstad (2016) En gave fra gudene? *Frå haug ok heiðni* 4.

Grønmo, Sigmund (2004) *Samfunnsvitenskapelige metoder*, Bergen, Fagbokforl.

Hagen, Anders (1953) *Studier i jernalderens gårdssamfunn*, Oslo, Oldsaksamlingen.

Hedeager, Lotte (2011) *Iron age myth and materiality : an archaeology of Scandinavia AD 400-1000*, London, Routledge.

Heggstad, Leiv og Heggstad, Magne (2001) *Egilsoga*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Heggstad, Leiv, et al. (2012) *Norrøn ordbok*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Holberg, Ludvig og Boye, A. E. (1852) *Den danske Skueplads, eller Ludvig Holbergs samtlige Comoedier : i eet Bind*, Kiøbenhavn, Forlagt af Forlags-Foreningen.

Hovdenak, Marit, et al. (2006) *Nynorskordboka : definisjons- og rettskrivingsordbok*, Universitetet i Oslo Institutt for lingvistiske og nordiske, studier, Samlaget.

Johanson, Kristiina (2009) The Changing Meaning of 'Thunderbolts'. *Folklore: Electronic Journal of Folklore*, (42), s. 129-174.

Jørgensen, Sissel 2017. *Si Silisium, I kroppen*,

<https://www.mn.uio.no/kjemi/tjenester/kunnskap/periodesystemet/vis.php?e=Si&id=809> [Online]. UiO Kjemisk institutt

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet. [Hentet].

Kalseth, Jenny (2010) Steinøks eller torndenkile. *Spor*. Trondheim, NTNU.

Kristoffersen, Siv (1993) Gård og gjenstandsmateriale - sosial sammenheng og økonomisk struktur. I Bakka, Egil og Solberg, Bergljot (red.) *Minneskrift Egil Bakka*. Bergen, Historisk museum, Universitetet i Bergen, s. 304 s. : ill.

Lauvik, Hanne T. B. 2011. *Helse, sykdom og helbredelse i det norrøne førkristne samfunn i et religionsvitenskapelig perspektiv*. Universitetet i Bergen.

Lillehammer, Arvid (1973-75) *Låkabø. Frå haug ok heidni*.

Lilleås, Vegard og Stensholt, Anette Dotseth. 2017. *La denne i huset for å unngå lynnedslag*, <https://www.nrk.no/vestfold/steinalderfunn-i-tonsborg-1.13732219> [Online]. nrk.no. [Hentet 18/11-2017].

Lislerud, Anette

Stene, Kathrine (2007) Lille Bjørke - boplass fra eldre jernalder med spor etter rituelle praksiser. I Ystgaard, Ingrid og Heibreen, Tom (red.) *Arkeologiske undersøkelser 2001-2002: katalog og artikler*. Oslo, Fornminneseksjonen, s. 220 s. : ill. ; 30 cm.

Løddøen, Trond Klungseth (1993) Tor-steinen. *Arkeo*. Bergen, Universitetsmuseet i Bergen.

Meaney, Audrey L. (1981) *Anglo-Saxon amulets and curing stones*, Oxford, B.A.R.

Montelius, Oscar (1900) Solgudens yxa och Tors hammare. *SVENSKA FORNMINNESFÖRENINGENS TIDSKRIFT, TIONDE BANDET*. (4:e häftet).

Myhre, Bjørn (1980) *Gårdsanlegget på Ullandhaug. 1 : Gårdshus i jernalder og tidlig middelalder i Sørvest-Norge = Die eisenzeitliche Siedlung auf dem Ullandhaug. 1 : Die Häuser der eisenzeitlichen und frühmittelalterlichen Höfe in Südwestnorwegen*, Stavanger, Arkeologisk museum i Stavanger.

Myhre, Bjørn (1988) Materielt som åndelig i pakt med tida. *Arkeologiske skrifter, Historisk Museum*, Festskrift til Andres Hagen (No. 4).

Møllerop, Odmund (1990) Gårdsanleggene på Vaule, Mosterøy. *Frå haug ok heiðni* 1990 nr 2, s. S. 67-70.

Omland, Atle (2010) *Stewards and stakeholders of the archaeological record: archaeologists, folklore and burial mounds in Agder, Southern Norway*, Oxford, Archaeopress.

Pedersen, Bjørn

Kofstad, Per K. . 2017. *silisium* [Online]. [Hentet].

Petersen, Jan (1933) *Gamle gårdsanlegg i Rogaland: Fra Forhistorisk Tid og Middelalder*, Oslo, Aschehoug.

Petersen, Jan (1936) *Gamle Gårdsanlegg i Rogaland: Fortsettelse: Utsira, Lyngaland, Håvødl, Birkelandstølen, Hanaland*, Oslo, Aschehoug.

Petersen, Jan (1954) Bosetningen i Rogaland i folkevandringstiden. *Viking (Oslo : 1937- . . : trykt utg.)*. 18(1954), s. 1-28.

Plinius Secundus, Gaius, et al. (1962) *Natural history : in ten volumes : 10 : Libri XXXVI-XXXVII. The Loeb classical library*. Cambridge, Mass, Harvard University Press.

- Pontoppidan, Erik (1752) *Det første Forsøg paa Norges naturlige Historie: forestillende dette Kongeriges Luft, Grund, Fielde*, København, Trykt i de Berlingske Arvingers Bogtrykkerie, ved Ludolph Henrich Lillie.
- Ringstad, Bjørn (1988) Steiner brukt som amulettter i forhistorisk tid -et eksempel frå Kvåle i Sogndal. I Hagen, Anders, et al. (red.) *Festskrift til Anders Hagen*. Bergen, Historisk museum, Universitetet i Bergen, s. 468 s. : ill. ; 24 cm.
- Ross, Hans og Aasen, Ivar (1971) Norsk ordbog: tillæg til "Norsk ordbog" af Ivar Aasen. Oslo, Universitetsforlaget.
- Rygh, O. (1877) *Om den yngre Jernalder i Norge: 1. Afdeling*, Kjøbenhavn.
- Salo, Unto (1990) Agricola's Ukko in the light of archaeology: a chronological and interpretative study of ancient Finnish religion. *Scripta Instituti Donneriani Aboensis*, 13, s. 92-190.
- Samdal, Magne (2000) *Amuletter: gjenstander med amulettkarakter i vestnorske graver i tidsrommet 350-1000 e.Kr*, Universitetet i Bergen, Unpublished.
- Skandfer, Marianne (2012) House Structures and Social Identification in Finnmark: Artic Norway 2400 BC - AD 300. I Damm, C. og Saarikivi, J (red.) *Networks, Interaction and Emerging Identities in Fennoscandia and Beyond. Papers from the Conference held in Tromsø, Norway, October 13-16 2009. _Suomalais-Ugrilainen Seura _I _Finno-Ugrian Society 2012*. Tromsø.
- Slomann, Wencke (1959) *Sætrangfunnet: hjemlig tradisjon og fremmede innslag*, Oslo, Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo.
- Snorri, Sturluson (2002) Den yngre Edda. *Edda*. 2. utgåve utg. Oslo, Samlaget.
- Snædal, Thorgunn , Stoklund, Marie og Ählén, Marit (1988) Runfynd 1987. *Fornvännen: journal of Swedish antiquarian research*, 83, s. 234-250.
- Solberg, Bergljot (2010) *Jernalderen i Norge : ca. 500 f.Kr.-1030 e.Kr*, Oslo, Cappelen akademisk forl.
- Steinsland, Gro (2005) *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*, Oslo, Pax.
- Storaker, Joh Th og Lid, Nils (1923) *Rummet i den norske Folketro*, Oslo, Norsk folkeminnelag.
- Storesund, Eirik H. (2012) *Prunginn Móði: studier i den norrøne tordengudens*, Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier.

- Svestad, Asgeir (1995) *Oldsakenes orden: om tilkomsten av arkeologi*, Oslo, Universitetsforlaget.
- Søvsø, Morten, Søvsø, Mette Højmark og Siggaard, Anna Louise (2016) Om hugorme, dyrekranier og tordensten – bygningsofre og andre skikke med rødder i folketroen. *By, marsk og geest*, 28, s. 57-89.
- Thäte, Eva S. (2007) *Monuments and minds: monument re-use in Scandinavia in the second half of the first millennium AD*, Bonn, Rudolf Habelt.
- Thäte, Eva S. og Hemdorff, Olle H. (2009) Økser, amuletter og overtro: en steinalderøks i jernaldergrav på Avaldsnes, Karmøy. *AmS-varia*, 49 (Tverrfaglige perspektiver), s. S. 43-52.
- Visted, Kristofer og Stigum, Hilmar (1971) *Vår gamle bondekultur*, Oslo, Cappelen.
- Whittaker, John C. (2012) *Flintknapping: Making % Understanding Stone Tools*, Austin, University of Texas Press.
- Ågotnes, Anne (1995) Som truffet av lynet: Tordenstein som vern mot branner og ulykker. Upublisert.

Oversikt over analyserte variablar

Museumnummer	Fylke	Kontekst	Rundesteinar	Datering av kontekst	Kjønn	Andre potensialeforesteinar til stade
B332	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Mannlige gjenstandar	Ingen
B3097	Rogaland	Grav	Til stade	Usikkert	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
B3152b	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Usikkert	Mannlige gjenstandar	Til stade
B4284d	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
B4555de	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Til stade
B4889g	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
B8272g	Sogn og Fjordane	Grav	Til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Til stade
B8991tu	Sogn og Fjordane	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
B9468c	Møre og Romsdal	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Til stade
B10129	Møre og Romsdal	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
B10131	Møre og Romsdal	Hus	Til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen

B1128 3	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1170 5_2x	Sogn og Fjordane	Hus	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1205 1e	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1227 7	Hordaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Mannlige gjenstandar	Ingen
B1239 7	Møre og Romsdal	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1282 8	Møre og Romsdal	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1395 4_59	Sogn og Fjordane	Grav	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
B1423 8_9	Hordaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
B1533 7_1	Sogn og Fjordane	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
B1545 1_2	Rogaland	Grav	Ikkje til lstades	Usikkert	Nøytralt	Ingen
S4132	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
S4447	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
S4448	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
S4553	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade

S4570	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Mannlige gjenstandar	Ingen
S4788e	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Til stade
S4792æø	Rogaland	Hus	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
S4900q	Rogaland	Hus	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
S4918h	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Ingen
S4946f	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
S5187n	Rogaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Til stade
S5940l	Rogaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Til stade
S6185qq	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Mannlige gjenstandar	Ingen
S6698e	Rogaland	Hus	Til stade	Yngre jernalder	Nøytralt	Ingen
S6782ddee	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Yngre jernalder	Mannlige gjenstandar	Andre_eldre_steingjenstander
S6940cdmn	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Andre_eldre_steingjenstander
S7117i	Rogaland	Grav	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen

S7352	Rogaland	Rune	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
S7402d	Rogaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
S7698o	Rogaland	Hus	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
S7960f	Rogaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
S7961f	Rogaland	Hus	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
S8876	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Eldre jernalder	Nøytralt	Ingen
S9643	Rogaland	Hus	Til stade	Eldre jernalder	Kvinnelige gjenstandar	Ingen
S12222f	Rogaland	Grav	Ikkje til stade	Usikkert	Kvinnelige gjenstandar	Ingen

Funnkatalog

Forklaring til skjema

Hovudkjelda mi for funnkatalogen er tilvektskatalogane for Universitetsmuseet i Bergen og Arkeologisk Museum, Universitetet i Stavanger. Mesteparten av funna i tilvektskatalogane ligger ute på unimus.no/arkeologisok, som eg har brukt.

Eg har brukt tilvektskatalogane for å velje ut gjenstandar eg ynskjer å undersøkje og som informasjonkjelde om gjenstandane. Informasjonskvaliteten frå tilvektskatalogane var varierende i tillegg til toresteinar og funnkontekstar varierte.

Ikkje alle 93 museumsummer i Funnkatalogen her hadde god nok kontekst for å vera verdig ei statistisk analyse. Likvel syntes eg det var viktig å syne utfordringane med å studere funngruppar med potensielle toresteinar, og syne det store mengda med funnnummer med dårlig informasjon eller kontekst som kunne potensielt vera toresteinar.

Denne Funnkatalogen fungerer både som registreringskjema for den kvantitative statistiske analysa mi, men forhåpentlig også som ein katalog som ein kan sjå i får å finne strukturert informasjon om toresteinar og potensielle toresteinar.

Skjemaene er strukturert slik at den har to delar for dei ulike museumsnummera. Dein fyrste delen er skriftleg informasjon i tabell, medan den andre delen inneheld bileter av gjenstanden. I ruta oppe til venstre er det informasjon om geografisk plassering og om funnet er gjort av arkeolog eller provatperson, viss dette er mogleg å oppdrive i tilveksten. I midten til venstre inneheld sitat av teksten i tilvektskatalogen som er mest interessant for gjenstanden. I ruta oppe til høgre står det noko forenkla og sjølvformulert kva slags type gjenstand som blir observert, kva kontekst den er funne i, datering av denne konteksten ut i frå det som tilvektskatalogen gjer informasjon om, og om museumsnummeret var prioritert ved søknad til magasinerna ved Universitetsmuseet i Bergen og Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. Den viktiske informasjonen i denne ruta er den siste som svarer ja eller nei om museumsnummeret er statistisk analysert. Vurderinga om kva gjenstandar som var verdt å analysere statistisk er basert på informasjonen i tilvektskatalogane og undersøkinga av dei i magasinet. Det er ikkje vits å statistisk analysere usikre gjenstandar. I midten til høgre står mine egne observasjonar av gjenstandane, og informasjon om eventuelt andre funn frå same kontekst. Den nederste ruta inneheld andre kjelder enn tilvektskatalogen som omtalar funnet i skjemaet.

Ved eit par tilfeller er ikkje museumsnummeret å finne i verken tilvektskatalogen eller på unimus.no. Desse er restansar . Ved restansar vert dette tydeliggjort i ruta som egentlig skulle inneholde sitat frå tilvektskatalogen.

Når to aktuelle funn frå same struktur kjem under same museumsnummer, vert desse presentert saman i funnkatalogen. Viss dei er funne i same område eller gardskompleks med kvart sitt museumsnummer, så vert dei presentert kvar for seg i funnkatalogen.

Målet med skjemaet er ikkje at alle punktene skal vera utfylt, men at dei punktene det er mogleg å finne informasjon om vert utfylt. Målet med skjemaene og funnkatalogen er at den skal kunne nyttast som eit slags oppslagsverk for meg sjølv og eventuelle lesesarar av masteroppgåva som vert nyskjerrige på empirien som er nemnt i oppgåva.

Fyrst vert funna med museumsnummer frå Universitetsmuseet i Bergen presentert, deretter er vert funna frå tilvekstkatalogen til Arkeologisk Museum, Universitetet i Stavanger presentert frå side 213.

Funn frå Universitetet i Bergen

Museumsnummer: B332 (tapt)	
Fylke: Hordaland Kommune: Lindås Gards og bruksnummer: - Askeland ID: - Funnet/innlevert til museet i år: - Funnet i faglig utgravning av: - Funne av privatperson: -	Gjenstand: Flintpil (i følge Samdal) Kontekst: grav Datering av kontekst: Usikkert. Sannsynligvis eldre jernalder ut frå den spanforma keramikken. Prioritet ved søknad til musea: 1 Analysert statistisk: ja
Tekst frå tilvekstkatalog/unimus: «332-333. Urtepotteformet Lerurne, 5 Tom. høi med forsirede Sider og Brudstykker af to Lerurner af samme Form samt smaa Rester af en Skjoldbule; f. 1839 i en Gravhaug paa Bruntland i Lindaas Pgd. 1839 og 1846.»	Eigne beskrivningar: Den er tappt Den går ikkje ann å finne på unimus.no. Andre funn frå same kontekst: 2 stykk spannformet keramik.
Litteratur: «Tilv.nr: B 332 Funnomst: Bruntland Komm/pgd: Lindås Fylke: Hordaland Indremark: steinkiste Ytremark: haug B/U: u Kjønn: m Kjelde: Fett 1965b Lindås: 12 Funnomst: uproff. Datering: 500-tall (Hovland 1996: 132) Funn: flintpil (tapt) Andre: sverd, leirkar, kranium, to spannformet leirkar (lik Bøe, fig. 301, form C), skjoldbule (tapt) Litteratur: Fett 1965 Lindås: 12, Hovland 1996: 123, A. Lorange 1875:85» - Samdal, Magne (2000) Amuletter: gjenstander med amulettkarakter i vestnorske graver i tidsrommet 350-1000 e.Kr, Universitetet i Bergen, s 129	
Bilde: B332 Ingen bilder	

Museumsnummer: B2971 (tapt)	
Fylke: Sogn og Fjordane Kommune: bremanger kommune Gards og bruksnummer: g.nr. 12 Askeland ID: - Funnet/innlevert til museet i år: - Funnet i faglig utgravning av: - Funne av privatperson: Funne ved utjevning av liten gravhaug.	Gjenstand: øks av bergart Kontekst: gravhaug Datering av kontekst: Usikkert Prioritet ved søknad til musea: 1 Analysert statistisk: nei
Tekst frå tilvekstkatalog/unimus: «2971. Sandstenskile, 6 Tom. lang, firesidet med flad Bane og beskadiget Eg; f. 1873 i en Gravhaug paa Opheim paa Voss. "Haugen var rund, bygget af Kampesten og uden Gravkammer, men midt i Haugen fandtes Kul og Aske tilligemed Kilen." (Fotnote: Cfr. Student Undsets Fundberetning i Aarsb. 1872 om tre Stenøxer i en Haug paa Valseidet i Bjugns Pgd., S. Thr. Amt - samt de foran nævnte to Slibestene fra en Haug ved Sandeids Kirke og Spydspidsen fra Mosterøen.)»	Eigne beskrivningar: - Andre funn frå same kontekst: Kol og oske.
